Meeting Book: Seljord kontrollutval (29.05.2019)

Seljord kontrollutval

Date: 2019-05-29T09:00:00

Location: Kommunehuset, møterom 1. høgda

Note:

Meld fråfall til utvalssekretær Ingebjørg Liland på e-post: ingebjorg.liland@temark.no, eller tlf.: 47034560, snarast mogeleg.

Innkallast:
Sak 9-10/19 Rådmann Finn-Arild Bystrøm kl. 09:00
Sak 10/19 Økonomisjef Halgeir Brekke kl. 09:00
Sak 11/19 Kommunalsjef Frid Berge ca. kl. 10:00
Sak 12/19 Kommunalsjef Even Fossum Svendsen ca. kl. 10:15

Saksliste

Møteinnkalling

3/19 Godkjenning av innkalling 29.5.19 3

Møteprotokoll

3/19 Godkjenning av protokoll frå møte 2.4.19 4

Saker til behandling

9/19 Oppfølging av politiske vedtak i Seljord kommune 11

10/19 Årsrekneskap og årleg rapport 2018 for Seljord kommune – kontrollutvalet si uttale 20

11/19 Byggesakshandsaming i Seljord kommune 121

12/19 Ressursar og kvalitet i skulen - Seljord kommune 122

13/19 Melding om endring i revisjonsteamet i Seljord kommune 2019 123

14/19 Orientering om etablering av Vestfold og Telemark revisjon IKS - Seljord kommune 125

15/19 Referatsaker 29.5.19 127

16/19 Eventuelt i møte 29.5.19 128

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/00066-18
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang
Seljord kontrollutval

Møtedato
29.05.2019

Godkjenning av innkalling 29.5.19

Forslag frå sekretariatet:
Møteinnkalling 29.5.19 vert godkjend.

Saksopplysningar:
Møteinnkalling 29.5.19 leggast fram for godkjenning.

Vedlegg:
Møteinnkalling 29.5.19

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/00066-19
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Seljord kontrollutval	29.05.2019

Godkjenning av protokoll frå møte 2.4.19

Forslag frå sekretariatet:
Protokoll frå møtet 2.4.19 vert godkjend.

Saksopplysningar:
Protokoll frå møtet 2.4.19 leggast fram for godkjenning.

Vedlegg:
- Protokoll frå møtet 2.4.19

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Møteprotokoll

Seljord kontrollutval

Dato:	02.04.2019 kl. 17:00 – 19:00
Sted:	Vrådal hotell
Arkivsak:	19/00066
Til stede:	Sigrun Dyrland Eidal Mette Aanderaa Arve Lia John Olav Haugetuft Gunleif Oland
Møtende varamedlemmer:	
Forfall:	
Andre:	Kontrollutvala i Fyresdal, Vinje, Tokke og Kviteseid kommunar Ordfører Halfdan Haugan Styreleiar i Vest-Telemark Brannvernssamarbeid IKS, Gunnar Eilefstjønn Dagleg leiar i Vest-Telemark Brannvernssamarbeid IKS, Tore Metveit. Telemark kommunerevisjon IKS V/Dag Oftung og oppdragsrevisor Hilde Vatnar Temark IKSv/Ingebjørg Liland og Marianne Lundeberg
Protokollfører:	Ingebjørg Liland

Sakskart			Side
		Møteinnkalling	
2/19	19/00066-9	Godkjenning av innkalling 2.4.19	3

Møteprotokoll

2/19	19/00066-10	Godkjenning av protokoll frå møte 6.3.19	4

Saker til behandling

8/19	18/06297-7	Forvaltningsrevisjonsrapport – Renovasjon og feiing – Seljord kommune.	5

Vrådal, 02.04.2019

Sigrun Dyrland Eidal
Kontrollutvalsleiar

Ingebjørg Liland
Utvalssekretær

Møteinnkalling

2/19 Godkjenning av innkalling 2.4.19

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	02.04.2019	2/19

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 2.4.19 vert godkjend.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Møteinnkalling 2.4.19 vert godkjend.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Møteprotokoll

2/19 Godkjenning av protokoll frå møte 6.3.19

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	02.04.2019	2/19

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll frå møtet 6.3.19 vert godkjend.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Protokoll frå møtet 6.3.19 vert godkjend.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saker til handsaming

8/19 Forvaltningsrevisjonsrapport – Renovasjon og feiing – Seljord kommune.

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	02.04.2019	8/19

Forslag frå sekretariatet:

Seljord kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Renovasjon og feiing» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:
Kommunestyret tek selskapskontrollrapporten «Renovasjon og feiing» til vitande og ber rådmannen sørge for at:

- *at forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.*
- *at sjølvkostfond i Renovest IKS så langt det er praktisk mogleg blir handsama i samsvar med reglane om sjølvkost.*
- *at Renovest IKS gjer eit tydeleg rekneskapsmessig skilje mellom handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.*
- *at lokale forskrifter om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.*

Møtehandsaming
Telemark kommunerevisjon v/Dag Oftung la fram rapporten for kontrollutvala i Seljord, Fyresdal, Tokke, Vinje og Kviteseid i fellesskap.

Utvalsmedlemmene fekk svar på spørsmål om rapporten.

Kontrollutvalet satt fram følgande forslag om tillegg til vedtak:

- at vedtak fatta i kommunestyret som omhandlar kommunalt eigde selskap formidlast direkte til styreleiar i selskapa, og at vedtak gjort i kommunalt eigde selskap formidlast til kommunestyret.

Kommunestyret ber om at rådmannen og styreleiar i Renovest IKS og Vest-Telemark Brannvernssamarbeid IKS gir kontrollutvalet ei skriftleg attendemelding om korleis vedtaket er følgt opp innan august 2019

Votering
Samrøystes for forslag til vedtak med tillegg.

Vedtak
Seljord kontrollutval tek Selskapskontrollrapporten «Renovasjon og feiing» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:
Kommunestyret tek selskapskontrollrapporten «Renovasjon og feiing» til vitande og ber rådmannen sørge for at:

- at forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at sjølvkostfond i Renovest IKS så langt det er praktisk mogleg blir handsama i samsvar med reglane om sjølvkost.
- at Renovest IKS gjer eit tydeleg rekneskapsmessig skilje mellom handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.
- at lokale forskrifter om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at vedtak fatta i kommunestyret som omhandlar kommunalt eigde selskap formidlast direkte til styreleiar i selskapa, og at vedtak gjort i kommunalt eigde selskap formidlast til kommunestyret.

Kommunestyret ber om at rådmannen og styreleiar i Renovest IKS og Vest-Telemark Brannvernssamarbeid IKS gir kontrollutvalet ei skriftleg attendemelding om korleis vedtaket er følgt opp innan august 2019

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/09572-1
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Seljord kontrollutval	29.05.2019

Oppfølging av politiske vedtak i Seljord kommune

Forslag frå sekretariatet:
Saken takast til vitande.

Bakgrunn for saka:
Kommunelovas § 23 nr. 2 pålegg administrasjonssjefen å sjå til at dei saker som leggjast fram for folkevalte organ er forsvarlig utreda, og at vedtak blir set i verk. Politiske føringar gjevast i hovudsak gjennom vedtak i faste politiske utval med vedtaksmynde. At vedtaka følgjast opp av administrasjonen er ein føresetnad for politisk styring av kommunen.

Kommunestyret har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å forvalte det laupande tilsyn med den kommunale forvaltning på sine vegne jfr. kommunelovas §77 nr. 1) og det er difor viktig at kontrollutvalet har oversikt over politiske vedtak og om desse blir følgt opp.

Saksopplysningar:
Kontrollutvalet har bedt rådmannen om ei orientering i møtet om korleis administrasjonen sikrar at politiske vedtak blir følgt opp.

Kontrollutvalet har og bedt om ei liste over dei politiske vedtaka som enda ikkje er følgd opp av administrasjonen.

Rådmann vil gje ei orientering i møtet.

Vedlegg:
- Oppfølging av politiske vedtak
- Bridge Politiske Vedtak

SELJORD KOMMUNE
Rådmann

Seljord kontrollutval

Deres ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
		Finn-Arild Bystrøm		08.05.2019

Oppfølging av politiske vedtak

Innleiing:
Kontrollutvalet ber i sak 7/19 den 6.mars 2019 rådmannen om ein restanseliste for politiske vedtak.

Bakgrunnen er ein tilbakemelding frå ordførar i det same møte: «*Ordfører gav kontrollutvalet eit eksempel på et kommunestyrevedtak som ikkje har blitt følgt opp. Han bad kontrollutvalet vurdere å setja opp ei sak om oppfølging av vedtak fatta i kommunestyret. Kontrollutvalet ynskjer at det settast opp ei sak i neste møte om kva system administrasjonen har for å følgje opp politiske vedtak. Kontrollutvalet vil også be om å få ei liste over dei vedtaka som ikkje er følgt opp.»*

Protokollen frå kontrollutvalsmøtet ble sendt til rådmann 18.mars 2019 og diskutera i rådmannsteamet måndag 25.mars og 8.april 2019. Den 8 april ble det også sendt ut ein mail til rådmannsteamet kor eg ber om tilbakemelding på om programområda har nokre restansar på politiske vedtak.

8.april 2019 kl 10:50 spurte rådmann ordførar i mail om følgande:
«*Hei, eg skal rapportere på politiske vedtak til kontrollutvalet. I vedlagt referat stend det at du har gjeve kontrollutvalet eksempel på vedtak som ikkje er fylgt opp. Kan du opplyse om kva for sak/sakar du referer til?»*

Same dag kl 12:41 svarar ordførar:
«Hei, eg har sagt at kontrollutvalet bør sjå på status av vedtak som kommunestyret har gjort. Kor langt har vi kome, er det effektuert osv. Visst dei tenker eksempel må det vera styrking av sjukeheimsplassar på kort og på lang sikt.»

Definisjon:
Rådmannens tolking og definisjon på restansar i denne samanheng er:

"Politiske vedtak som ikkje er utført og ikkje rapportert på tilbake til folkevelte organ."

Det finns til ein kvar tid sakar som ligg på vent og som i eit planprogram er planlagt starta opp framover, men desse har eg ikkje definert inn som restansar i denne samanheng.

SELJORD KOMMUNE
Rådmann

Tilbakemelding frå programområda:

Programområde 1 - Sentraladministrasjon		
Sakar	**Årsak**	**Tiltak**
Ingen kjente politiske restansar		
Det er to sakar kor rådmann kunne ha handsama saker raskare		
Sak PS 80/18 – Renovest IKS	Saka ble handsama i kommunestyre 13.12.18. Vedtak ble etter purring frå dagleg leiar sendt til Renovest IKS 08.03.19 Rådmann trodde at vedtak var sendt til Renovest etter at protokoll var godkjent i desember. Vedtak ble sendt over same dag som purring kom inn 08.03.19.	Var i god tro om at vedtaket var sendt ut.
Sak PS 16/19 – Kommunesamarbeid om kraftsaker	Felles saksframlegg for alle Vest-Telemarkkommunane om eit intensjonsarbeid for samarbeid i kraftsaker. Seljord var sist ute med å handsame saka og den kunne ha blitt handsama i eit tidlegare kommunestyre i 2019. Ingen skade eller påverknad for samarbeid. Hovudsak om kraftsamarbeid er planlagt fremma for kommunestyre 20. juni 2019.	

Programområde 2 – Skule og oppvekst

Sakar	Årsak	Tiltak
Ingen kjente politiske restansar		
Kommunedelplan skule og oppvekst	Planprogrammet for Seljord 2017-2027 legg opptil at ein skal utgreie ein ny kommunedelplan for skule og oppvekst. På grunn av endringsprosess i 2018/2019 og skifte i kommunalsjef hausten 2018, har det ikkje våre realistisk å starte med denne kommunedelplanen fram til nå. Det er heller ikkje resursar og kapasitet i programområdet for å starte på dette arbeidet i 2019.	Rådmann stør at arbeidet med ny kommunedelplan må vente til programområdet er tilbake i normaldrift etter omorganisering. For P2 skal omorganiseringa vera gjennomført innan 1.oktober 2019. Programområdet er under sterkt arbeidspress, og det er tidvis vanskeleg å skile på kva for sakar med høgste prioritert ein skal ta fyrst.

Programområde 3 – Helse og omsorg

Sakar	Årsak	Tiltak
Ingen kjente politiske restansar		
Angåande sjukeheimsplassar	Planprogrammet for Seljord 2017-2027 legg opptil at ein skal utgreie ein ny kommunedelplan for helse og omsorg. På grunn av endringsprosess i 2018/2019 og skifte i kommunalsjef hausten 2018, har det ikkje våre realistisk å starte med denne kommunedelplanen fram til nå. Det er heller ikkje resursar og kapasitet i programområdet for å starte på dette arbeidet i 2019	Sjukeheimplassar er ein av mange moment som skal bli omhandla i kommunedelplanen. Dette punktet er blitt tatt ut, og vil bli prioritert i eige sak som er varsla fremma for politisk handsaming i kommunestyre i september 2019. Programområdet er under sterkt arbeidspress, og det er tidvis vanskeleg å skile på kva for sakar med høgste prioritert ein skal ta fyrst.

SELJORD KOMMUNE
Rådmann

Programområde 4 – Samfunnsutvikling og drift		
Sakar	**Årsak**	**Tiltak**
Ingen kjente politiske restansar		

Politiske vedtak blir følgt opp av kvar kommunalsjef og rådmann som har den aktuelle saka. Vårt saks- og arkivsystem ePhorte gjev rutinar for utsending av vedtak etter at protokollar er godkjente, men det er inga automatisk rapportering tilbake til folkevalte på at vedtak er sendt ut.
Seljord tek i bruk Compilo som er eit kvalitets og internkontrollsystem. I dette programmet finns det ein tilleggsmodul som heiter «Oppfylging av politiske vedtak». Ein kan vurdere om dette er ein riktig modul å kjøpe inn.

Oppsummering:
Rådmannens kjenner ikkje til nokon politiske vedtak som ikkje er utført og ikkje rapportert på tilbake til folkevelte organ, jf. definisjon på restansar.
Administrasjonen rapportera tilbake til kommunestyre på:

- Handlingsdel til samfunnsdel to gonger i året gjennom arbeidsprogrammet.
- Tertialrapportering på økonomi
- Årsmelding som beskriv hovudtrekk i kvart programområde siste år

Vh

Finn-Arild Bystrøm
Rådmann Seljord kommune

Vedlegg:

- Produktblad frå Compilo – Bridge, system og metode for oppfølging og rapportering av politiske vedtak

Bridge

Politiske vedtak

System og metode for oppfølging og rapportering
av politiske vedtak.

Bridge by compilo

Oppfølging og rapportering av politiske vedtak
- En tidkrevende oppgave

Bridge *Politiske vedtak* forenkler hverdagen din.

Med bruk av Bridge, får du kontroll og løpende informasjon om organisasjonens arbeid med oppfølging av politiske vedtak.

Metode:
1. Politisk sekretær legger inn sakene
2. Sakene fordeles til saksbehandlere, med frister
3. Saksbehandlere svarer via systemet eller via mail
4. Systemet oppdateres
5. Rådmann og politisk sekretær informeres
6. Enkel rapportering til politisk miljø.

Bridge *Politiske vedtak* holder deg oppdatert .

Bridge by compilo



Legg enkelt til alle vedtak og deleger ansvaret til saksbehandler.



Enkeltsaker blir sendt til saksbehandler som en oppgave.



Med Bridge *politiske vedtak* har du til enhver tid kontroll med oppfølging av politiske vedtak, informasjon er kun et par tasteklikk unna. Etter hvert som vedtakene legges til, kan du enkelt delegere oppgaver til saksbehandlere og følge opp individuelt – alt i samme system.

Vi viser deg hvordan.

Compilo AS
John Tonheim

Telefon 92800060
john@compilo.no

Bridge by compilo

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/09556-1
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang
Seljord kontrollutval

Møtedato
29.05.2019

Årsrekneskap og årleg rapport 2018 for Seljord kommune – kontrollutvalet si uttale

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet si uttale til Seljord kommune sitt årsrekneskap for 2018:

Kontrollutvalet har handsama Seljord kommune sitt årsrekneskap for 2018. Saman med årsrekneskapet følgde rådmannen sin årsrapport. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding og rapport til kontrollutvalet om årsrekneskapet.

Årsrekneskapet viser kr 206 032 518 til fordeling drift. Netto driftsresultat er på – kr 463 674 og eit rekneskapmessig mindreforbruk på kr 2 123 635. Investeringsrekneskapen viser eit resultat i balanse.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredstill brukaranes informasjonsbehov og gjev eit riktig bilete av dei forhold som årsmeldinga til rådmannen omhandlar.

Kontrollutvalet har ingen merknader til årsrekneskapen for Seljord kommune for 2018 og sluttar seg til revisors melding av 7.5.2019. Kontrollutvalet anbefaler at Seljord kommunes årsrekneskap for 2018 vert godkjend.

Kontrollutvalet si uttale sendast kommunestyret med kopi til formannskapet.

Bakgrunn for saka:

Tidligare Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) fastsette 15.06.04 forskrift for kontrollutval og revisjon. Desse forskriftene blei gjort gjeldande frå 01.07.04. I høve til § 5 i forskrift for revisjon skal revisor gje revisjonsmelding til kommunestyret. Vidare skal kontrollutvalet i høve til § 7 i forskrift for kontrollutval gje ei uttale om årsrekneskapet til kommunestyret før årsrekneskapet vedtakas. Kopi av denne uttala skal være formannskapet i hende før formannskapet gir sin innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Seljord kommune har avlagt årsrekneskap og sendt si samla årsmelding til revisor og kontrollutvalet. Årsrekneskapet og årsmeldinga er levert etter gjeldande frist. Frist for levering av årsrekneskap er 15. februar og frist for levering av årsrapport er 31. mars. Seljord kommune avla årsrekneskap 1.4.2019 og

årsrapport 29.4.2019. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisors melding 7.5.2019 og den er ei revisjonsmelding med omtale av «andre forhold». Andre forhold skuldast at årsrekneskapen blei avlagt etter den forskriftsmessige fristen for levering til revisjon. I tillegg har kontrollutvalet motteke rapport om revisjon av årsrekneskapet. Denne rapporten er utarbeida for å forklare revisor sin revisjon av årsrekneskapet betre enn det som kjem fram av revisjonsmeldinga. Desse dokumenta dannar grunnlaget for kontrollutvalet si uttale.

I korte trekk kan følgande seiast om den økonomiske situasjonen i Seljord kommune:

- Netto resultatgrad (tilhøvet mellom netto driftsresultat og driftsinntekter) som staten v/Teknisk berekningsutval har sett for ein sunn kommuneøkonomi er 1,75%. I Seljord kommune er netto resultatgrad for 2018 negativ med 0,15%. Kommunen er blant dei få i Telemark som har negativ netto resultatgrad i 2018. Budsjettet for 2018 viser ein netto resultatgrad som er om lag 0% og kommunen er i ein utfordrande økonomisk situasjon.
- Seljord kommune har valt å nytte seg av reknearkmodellen ved berekninga av minste tillate låneavdrag. Dette gjev eit låneavdrag som er 72% av berekninga av minste tillate låneavdrag etter forenkla modell. Differansen mellom modellane er om lag kr 3,3 millionar. Forenkla metoden er foreslått som den einaste metoden for berekning av minste låneavdrag i ny kommunelov som er venta vedtatt gjeldande frå 1.1.2020.
- Langsiktig gjeld er på kr 282 mill., og dette re ei auke på 16 mill. Lånegjelda pr innbyggar har auka frå kr 90 139 i 2017 til kr 96 208 i 2018. I dette talet er ikkje pensjonsforpliktingar tatt med. Lånegjelda er høg.
- Likviditeten er stram visse delar av året. Kommunen har ikkje kassekreditt og har lite på unytta lånemidlar. Likviditetsgraden for 2018 er på 1,6. Likviditeten bør være høgare enn 2.
- Kommunens samla disposisjonsfond er ved årsavslutninga på om lag kr 10,3 millionar.

Elles visast det til rådmannen og økonomisjefens sine eigne analyser av den økonomiske situasjonen i årsmeldingar og årsrekneskapet.

Rådmann Finn-Arild Bystrøm og økonomisjef Halgeir Brekke kjem til møtet for å presentere årsrekneskap og årsmelding 2018 for Seljord kommune. Telemark kommunerevisjon IKS v/Hilde Vatnar legg fram revisjonens rapport til kontrollutvalet.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet meiner det framlagte rekneskapet og årsmeldinga gjev eit tilfredsstillande bilete av den økonomiske situasjonen og anbefaler å gi ei uttale slik det kjem fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:

- Rapport om revisjon av regnskapet til Seljord kommune 2018
- Negativ revisjonsberetning
- Årsrekneskap 2018, med revisjonsmelding
- Årsmelding 2018

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Fylkeshuset, 3706 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
Fax: 35 91 70 59
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00
Fax: 35 95 02 15

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Kontrollutvalet i Seljord kommune
v/Agder og Telemark kontrollutvalgssektretriat IKS
Postboks 4
3833 Bø

Vår ref.:19/891/hva
Deres ref.:
Arkivkode: 828100

Rapport om revisjon av rekneskapen til Seljord kommune for 2018

Kommuneloven § 78 nr. 5 seier at revisor skal rapportere resultata av sin revisjon og kontroll til kontrollutvalet. Denne rapporten er utarbeidd for å forklare vår revisjon av årsrekneskapen betre enn det som kjem fram av revisjonsmeldinga. Rapporteringa tek og utgangspunkt i dokumentet «Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon», som tidlegare er lagt fram for kontrollutvalet og som visar fokusområde for rekneskapsåret 2018.

Revisjonsmeldinga

Revisjonsmeldinga er datert 7. mai 2019 og er ei revisjonsmelding med omtale av «andre forhold». Andre forhold skuldast at årsrekneskapen blei avlagt etter den forskriftsmessige fristen for levering til revisjonen, som er 15. februar.

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjevne revisjonsmelding, datert 12. april 2019. Den fyrste meldinga blei gjeven då kommunen i år leverte rekneskapen så seint av vi ikkje hadde moglegheit til å uttale oss om rekneskapen 15. april, som er vår frist for å skrive revisjonsmelding.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen vart lagt fram av rådmannen 01.04.2019, og inneheldt alle pliktige oversiktar iht. forskrift om årsregnskap og årsberetning og kommunal regnskapsstandard (KRS) nr. 6. Notane fekk me 05.04.2019 og økonomisjefens årsrapport fekk me 29.04.19. Årsrekneskapet er såleis lagt fram etter fristen som var 15.02.19.
Vi har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 2 og lov om bokføring.

- Driftsrekneskapen
  Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på - kr 463 674 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 123 635. Både driftsinntekter og driftsutgifter er høgare enn budsjettert. Den største utgiftsposten i rekneskapen er løn med sosiale utgifter og pensjonspremie og desse kostnadene utgjer 65 % av driftsutgiftene.
  I regulert budsjett var netto driftsresultat berekna til - kr 3,9 mill. og faktisk resultat blei mindre dårleg med kr 2,5 mill. I budsjettet som blei vedtatt i kommunestyret i desember 2018 var det planlagt med eit negativt netto driftsresultat på kr 230 000. Vi viser til årsmeldinga der administrasjonen har forklara avvik i høve til budsjett.

- Investeringsrekneskapen
  Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse. Det er investert kr 43,4 mill i varige driftsmidlar i 2018 og det er motteke kr 19,2 mill i tilskot. Investeringane er forøvrig finanisert hovudsakleg med lån og kompensasjon for meirverdiavgift.
  Lånefinaniseringsgraden er 36 % i 2018 og det låge talet skuldas tilskot til Nestunet bukollektiv/dagaktivitetssenter.

- Balanserekneskapen
  Balansen gjev informasjon om kommunens eigedelar, gjeld og eigenkapital. Det er difor viktig at denne til ei kvar tid viser mest mogleg korrekte verdiar. Vi har kontrollert at administrasjonen har hatt ein gjennomgang av balansepostane iht. bokføringslovas krav til dokumentasjon. I samband med utarbeiding av årsregnskapet 2017 kommentera vi at dei må gå gjennom bokførte verdiar på alle driftsmiddel for å sjå om alle driftsmidla er i bruk og at verdiane ikkje er høgare enn antatt salsverdi. Denne gjennomgangen er gjort i 2018 og nedskrivingar er gjort med kr 5,1 mill på tomteområder. Slike nedskrivingar påverkar ikkje drift eller investeringsrekneskapet. Etter vår meining har kommunen elles god dokumentasjon av balansepostane.

- Noter
  Kommunen har utarbeida noter til årsregnskapet som oppfyller krava til minimumsopplysningar. Det er i 2018 også utarbeida ei innleiande note om rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar samt note om lønn til leiande personar og honorar til revisjon.

Økonomisk situasjon

- Netto resultatgrad (tilhøvet mellom netto driftsresultat og driftsinntekter) som staten v/Teknisk berekningsutval har sett for ein sunn kommuneøkonomi er 1,75 %. I Seljord kommune er netto resultatgrad for 2018 negativ med 0,15 % og dette er ei betring frå 2017 som hadde negativt tal med 1,74 %. Kommunen er blant dei få i Telemark som har negativ netto resultatgrad i 2018. Budsjettet for 2019 viser ein netto resultatgrad som er om lag 0 % og kommunen er i ein utfordrande økonomisk situasjon. I budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 er det vedteke ein reduksjon med 15 årsverk.

- Kommunane kan sjølv velje om dei vil nytte seg av reknearkmodellen eller forenkla modell ved berekning av minste tillate låneavdrag. Seljord kommune har valt å nytte seg av reknearkmodellen ved berekning av minste tillate låneavdrag. Dette gjev eit låneavdrag som er 72 % av berekninga av minste tillate låneavdrag etter forenkla modell. Differansen mellom modellane er omlag kr 3,3 millionar. Seljord kommune har utgiftsført om lag kr 8,4 millionar i avdrag i driftsrekneskapen for 2018, medan avskrivingane er utgiftsført med om lag kr 13 millionar. Anleggsmidla avskrivast med like store årlege beløp som anleggsmidlas levetid.
  Forenkla metoden er foreslått som den einaste metoden for berekning av minste låneavdrag i ny kommunelov som er venta vedtatt gjeldande frå 1.1.2020.

- Langsiktig gjeld til finansiering av investeringar og utlån er på kr 282 mill, og dette er ei auke på kr 16 mill. Lånegjelda pr. innbyggar har auka frå kr 90 139 i 2017 til kr 96 208 i 2018. I dette talet er ikkje pensjonsforpliktingar tatt med. Lånegjelda er høg.

- Likviditeten er stram visse delar av året. Kommunen har ikkje kassekreditt og har lite på unytta lånemidlar. Likviditetsgraden for 2018 (forholdstalet mellom omløpsmidler og kortsiktig gjeld) er på 1,6. Denne måler kommunens evne til å dekkje sine betalingsforpliktingar etter kvart som dei forfall og bør være høgare enn 2.

- Kommunens samla disposisjonsfond er ved årsavslutninga om lag kr 10,3 millionar. Disposisjonsfondet er redusert med om lag 4,7 mill i 2018 før mindreforbruket i 2018 på kr 2,1 mill blir disponert i rekneskapssaken i juni 2019.

Vi viser elles til rådmannen og økonomisjefen sine eigne analyser av den økonomiske situasjonen i årsmeldinga og årsrekneskapet.

Budsjettkontroll
Revisor skal i fylgje forskrift om revisjon § 3 sjå etter at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett, og at det ligg føre gyldige løyvingar for den bruk av midlar som rekneskapen viser. Vi har kontrollert at opphavleg budsjett og budsjettreguleringar i rekneskapen er i samsvar med dei vedtaka som er fatta i kommunestyret og at årsrekneskapen er i samsvar med dette. Vi har ikkje funnet vesentlege avvik.

Finansforvaltning
Vi har kontrollert at kommunens finansrapportering er i samsvar med vedteke finansreglement, jf. forskrift om finansforvaltning. Vi har og kontrollert at finansplasseringane er i samsvar med strategien i finansreglementet. Kommunen har bare bankinnskot. Vi har ikkje funne vesentlege avvik.

Årsmeldinga
Vi fekk framlagt årsmeldinga 01.04.2019 og dette var innanfor fristen. Vi har kontrollert at rekneskapstala er konsistente med årsrekneskapen og at den inneheld pliktige opplysningar i samsvar med kommunelovens § 48 nr. 5, forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10 og

KRS nr. 6. Årsmeldinga gir etter vår meining ei god skildring av den økonomiske situasjonen i Seljord kommune og inneheld elles alle pliktige opplysningar.

Rådmannen sin økonomiske internkontroll
Rådmannens internkontroll er ein viktig del av eigenkontrollen og er med på å sikre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, at lovar og reglar etterlevast og at det ikkje skjer uønskte hendingar i kommunen. Den økonomiske internkontrollen vil og ha betyding for kommunens økonomistyring. Manglar ved internkontrollen vil kunne føre til risiko for feil i årsrekneskapen og kunne føre til auka risiko for økonomiske misligheitar.

Revisor skal i samsvar med forskrift om revisjon § 3 sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein betryggande måte og med forsvarleg kontroll. Dersom det vert avdekt feil og manglar i dei interne rutinane, skal revisor rapportere dette til kontrollutvalet.

Vårt inntrykk er at det er mange gode rutinar rundt om i kommunen.
Det er i 2018 etablert ei rutine der kvar budsjettansvarlig skal kontrollere utbetalt lønn på sitt ansvarsområdet kvar månad, men denne rutina har i varierande grad blitt fylgt i 2018. Lønningsavdelinga har sendt ut påminning om rutina og vi vil følgje opp i 2019.
Omlegginga til elektronisk fakturahandsaming har fungert tilfredstillande. Vi ser at det blir gjort ein del rettingar av rekneskapsavdelinga før krav om momskompensasjon vert sendt. Dette kan tyde på at det er manglande kunnskap om rett momskoding hos enkelte som attesterar og tilviser. Kommunen har vore gjennom ei omorganisering i 2018 og det er nye tilsette i ulike sentrale roller. Det er viktig at kommunen har skriftelige beskriving av ulike rutinar slik at ny tilsette og evt. vikarar har noko å støtte seg til i sitt arbeid.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
Det er utført forvaltningsrevisjon i 2017-2018 av offentleg anskaffingar. Rapporten er lagt fram for kontrollutvalet i mars 2018, og blei handsama i kommunestyret i april 2018.
Det er i desember 2018 bestilt eit prosjekt om arkiv og dokumenthantering. Rapport vil bli lagt fram i løp av høsten 2019.

Det vart bestilt ein felles selskapskontroll av renovasjonstenester og feiing i Vest-Telemark. Dette var eit fellesprosjekt for fem deltakarkommunane og rapporten blei presentert for kontrollutvala i april 2019.

Misligheitar
Det er viktig at kommunen har rutinar for å førebyggje og avdekke misligheitar. Vi har årleg møte med leiinga i kommunen, med fokus på etiske retningsliner, sakshandsamingsreglar, antikorrupsjon mv. Vi har og kontinuerleg fokus på dette i vår revisjon av rekneskapen. Vi er ikkje kjent med at det har vore misligheitar.

Særattestasjonar og rådgiving
Vi utfører årleg ein del attestasjonsoppgåver for kommunen. Nokre attestasjonar blir utført i samsvar med lov og forskrift og andre i samsvar med krav stilt av eksterne tilskotsgjeverar. Felles for dei alle er at vi fylgjer internasjonale standardar for attestasjonsoppdrag.

Fylgjande særattestasjonar er gjennomført det siste året:

- Mva. kompensasjon 6 terminar i året
- Rapportering av tall på personar med psykisk utviklingshemming
- Tilskotsordning for særleg ressurskrevjande helse- og sosialtenester
- Tilskot til prosjektet Opplevingsvegen Hjartdal-Seljord
- Tilskot til "Pilotkommune for primærhelseteam» og "Bakvaktsordning for legar uten vaktkompetanse"
- Kompetanse- og innovasjonstilskot
- Spelemiddelrekneskap for Raukleiv vinteranlegg

Vi yter også rådgivingstenester til administrasjonen, både i form av større utredningar og løpande enkeltspørsmål.

Oppsummering

Vi meiner framstillinga ovanfor kan vere eit godt grunnlag for kontrollutvalets oppfølging av rekneskapsrevisjonen for 2018. Viktige tilhøve som ikkje er endeleg avklara ved avslutning av revisjonen for 2018, vil bli fylgt opp i samband med revisjonen for 2019.

Vi meiner at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og tilrår at den fastsettast som Seljord kommunes årsrekneskap for 2018.

Bø, 7. mai 2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Ottar Kleppe
Oppdragsansvarleg revisor/
registrert revisor

Hilde Vatnar
oppdragsrevisor/
statsautorisert revisor

vedlegg: Melding frå revisor for 2018

kopi til: rådmannen
økonomisjef

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Til
Kommunestyret i Seljord

Vår ref.: 19/718/hva
Deres ref.:
Arkivkode: 828 200

Melding frå revisor

I forskrift om revisjon av 15. juni 2004 § 5 Revisjonsberetningen, står det at revisor skal avlegge revisjonsmelding utan unødvendig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15.april. Revisjonsmelding skal avleggast sjølv om årsrekneskapen ikkje er ferdig eller er ufullstendig.

I forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3 Årsregnskapet, står det at årsrekneskapen skal bestå av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og note-opplysningar. Årsrekneskapen og årsmeldinga skal vedtas av kommunestyret seinast 6 månadar etter rekneskapsårets slutt. Dette fylgjer av same forskrifts § 10 Regnskapsfristar og handsaming av årsregnskap og årsmelding.

Seljord kommunes årsrekneskap blei framlagd den 1. april. Av den grunn har vi ikkje hatt tilstrekkeleg tid til å utføre vår revisjon og vi kan på bakgrunn av dette per i dag ikkje stadfeste at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt tilbake når årsrekneskapen og årsmeldinga for 2018 er avlagt, og vi har fått gjennomført dei revisjonshandlingane som vi finn nødvendig for å stadfeste årsrekneskapen for 2018.

Bø, 12. april 2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Ottar Kleppe
oppdragsansvarlig revisor/
registrert revisor

Hilde Vatnar
oppdragsrevisor/
statsautorisert revisor

Kopi: *Kontrollutval*
Rådmann
Økonomisjef

Seljord kommune

Årsmelding 2018

Innhald

Innleiing ... 3
1. Ordføraren har ordet ... 3
2. Medlemer i politiske organ i 2018 ... 5
3. Statistikk over politiske vedtak og saker ... 5
4. Rådmannen har ordet ... 6
Administrativ organisasjon og leiing ... 8
5. Medarbeidarar og personalpolitikk ... 8
6. Rekruttering og kompetanse ... 8
7. Heiltidskultur ... 10
8. Bedriftshelseteneste ... 10
9. HMS – helsefremjande arbeid ... 10
10. Nærværsarbeid ... 10
11. Livsfase ... 11
12. Likestillings- og diskrimineringsarbeid ... 12
13. Revidering av retningsliner og etablering av rutinar ... 12
14. Etikk ... 12
15. NAV-Seljord ... 13
16. Kontroll og tilsyn - Internkontroll ... 13
Mål og resultat for Seljord kommune ... 14
17. Hovudmål 1 ... 14
18. Hovudmål 2 ... 17
19. Hovudmål 3 ... 20
20. Måloppnåing og utvikling i 2018 ... 23
21. Samfunnstryggleik og beredskap ... 28
22. Ytre påverknad av miljø ... 28
Kommunen si økonomiske stilling ... 29
23. Situasjon ... 29
24. Oppdrag ... 30
25. Investeringar ... 31
Økonomi og resultat for programområda ... 32
26. Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter ... 32
27. Programområde 2 Skule og oppvekst ... 33
28. Programområde 3 Helse og omsorg ... 35

29. Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift 38
Saker til handsaming i kommunestyret i 2018..... 47

Innleiing

Denne årsmeldinga skildrar tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat som ikkje går fram av årsrekneskapen, og andre tilhøve som er viktige for kommunen.

Ordføraren har ordet

I 2018 har omstillingsarbeidet i Seljord kommune vore jobba godt med og eg vil berømme rådmann, administrasjon og dei tillitsvalde for denne jobben, det er eit krevjande arbeid. Vi har hatt ein stram økonomi igjennom året, men resultatet for 2018 viser eit betre resultat enn vi la opp til i budsjettet og det er bra, samtidig som vi har fått til mykje bra i kommunen vår.

Det å levere kommunale tenester med god kvalitet og forutsigbarhet er viktig for eit kvart lokalsamfunn, også for Seljord kommune. Alt frå barnehage, SFO, grunnskule, helse, omsorg, tekniske tenester, beredskap, NAV, kultur, vatn, avløp og renovasjon er tenester kommunen skal levere på og det har vi også levert i 2018. Ein skal sjølvsagt sjå på forbetringar, det må me også gjera i Seljord kommune, samtidig med at det kjem endringar i samfunnet vårt som påverkar dette.

Seljord kommune har i 2018 hatt for liten kapasitet på sjukeheimsplassar i forhold til behovet, og vi har derfor leigd ein del døgnplassar av våre gode nabokommunar. Dette er ikkje noko optimal løysing og derfor har kommunestyret bedt administrasjon om å koma fram med eit framlegg om kapasitetsauke både på kort og på lang sikt. Dette arbeidet blir viktig i 2019. Det som er gledeleg å registrere er at folk har fått den hjelpa dei har behov for når dei treng ho, og tilsette innan pleie og omsorg har strekt seg langt for å få til dette.

I 2018 har vi styrka grunnskulen med nye elektroniske verktøy, det vil seie at alle elevane har fått nettbrett og mykje av undervisninga blir lagt opp på denne plattforma. Denne satsinga har fått gode tilbakemeldingar og det er litt moro at Seljord er ein av dei fyrste kommunane som har nettbrett til alle elvevane, og tek i bruk denne teknologien for grunnskulen.

Digitalisering er ein del av kvardagen vår innom mange område, også innanfor kommunal sektor. Arbeidet med å få ei god og funksjonell digital plattform for Seljord kommune starta i 2018 og vil bli jobba med vidare i 2019. Digitale løysingar som gjev våre innbyggjarar, næringsliv og andre betre tilgang til våre tenester er viktig, samtidig som våre tilsette får ein enklare kvardag når dette er på plass.

2018 har også vore eit år der vi politisk har jobba aktivt for å behalde og styrke statlege arbeidsplassar, og det var med stor glede me fekk beskjed om at Mattilsynet landa på Seljord som lokaliseringsstad for sin virksomhet i øvre Telemark. Det å vera ein aktiv næringskommune både for privat og offentleg næringsliv er ei klar målsetjing og det er moro å sjå at blant anna den satsinga

Seljord kommune var med på i Seljord Næringshage lukkast og at eit påbygg til næringshagen er under arbeid.

Det er ei spennande og triveleg oppgåve å vera ordførar i Seljord kommune. Det skjer mykje. Vi har eit aktivt og framgangsrikt næringsliv, eit høgt og aktivt nivå på det frivillige arbeidet, og me har dyktige tilsette. Dagens kommunestyre er inne i sitt siste år og det er kommuneval til hausten, og eg vil takke kommunestyret for eit godt samarbeid, for eit godt politisk klima og for gode og konstruktive debattar.

Ein stor takk også til administrasjonen, alle tilsette og tillitsvalde i Seljord kommune for eit svært godt arbeid i 2018.

Halfdan Haugan
Ordførar i Seljord kommune

Medlemer i politiske organ i 2018

Kommunestyret
Ordførar Halfdan Haugan (A)
Varaordførar Jon Svartdal (H)
Trond Johnsen (A)
Eivind Skogheim (A)
Hallgeir Ofte (A)
Hanne Norgaard (A)
Mona Helen Haugan (A)
Solveig Sundbø Abrahamsen (H)
Edvard Mæland (H)
Gunnar Eilefstjønn (H)
Pia Groven-Robertsen (H)
Kristian Espeland (KrF)
John Olav Haugetuft (Sp)
Marianne Vadder (Sp)
Henry Mæland (Sp)
Beate Marie Dahl Eide (Sp)
Lars Bjaadal (Sp)
Liv Grethe Ekre (Sp)
Peter Fjågesund (MDG)
Svein Forberg Liane (V)
Mogens Hougaard Iversen (FrP)

Formannskap/økonomiutval
Ordførar Halfdan Haugan (A)
Varaordførar Jon Svartdal (H)
Hanne Norgaard (A)
Gunnar Eilefstjønn (H)
Henry Mæland (Sp)
Beate Marie Dahl Eide (Sp)
Svein Forberg Liane (V)

Plan, miljø og teknisk utval
Edvard Mæland (H) - Leiar
Trond Johnsen (A)
Marianne Vadder (Sp)
Lars Bjaadal (Sp)
Peter Fjågesund (MDG)
Pia Groven-Robertsen (H)
Mona Helen Haugan (A)

Ungdomsråd
Malin Tengren Person
Marie Bjålid
John Haugen Kultan
Karsten Nieuwenhuize
Ingeborg Garvik
Øyvind Høgetveit
Pia Groven-Robertsen (politisk valt)

Kontrollutval
Sigrun Dyrland Eidal (Sp)
Metta Aanderaa (Sp)
John Olav Haugetuft (Sp)
Arve Lia (A)
Gunleif Oland (H)

Eldreråd
Borgny Slettemoen Tøfte
Anne Våle Barstad
Margit Gudveig Gravir

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Gunvor Susanne Hegni
Rita Andersen
Åge Ingar Moen
Elisabeth Haugen
Ole Petter Østevik

Statistikk over politiske vedtak og saker

Utval	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kommunestyret	70	73	69	110	110	111	84
Formannskap/økonomiutval	116	75	91	98	113	109	86
Plan, miljø og teknisk utval	64	49	62	53	71	48	53
Administrasjonsutval	6	2	14	6	7	21	32
Eldrerådet	10	8	13	9	9	9	7
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	11	8	14	11	8	10	6
Kontrollutvalet					30	27	26

Tal på politiske møte i 2018	
Kommunestyre	8
Formannskap	11
Plan, miljø og teknisk utval	9
Administrasjonsutval	7
Elderåd	6
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	6
Kontrollutvalet	4
Ungdomsråd	5

Rådmannen har ordet

Årsmeldinga tek utgangspunkt i kommunen sine overordna målsetjingar og vedteke arbeidsprogram for 2018. Saman med rekneskapstal, omtale av kommunen si økonomiske stilling og anna relevant informasjon, gjev årsmeldinga eit utfyllande bilde av aktiviteten i Seljord kommune i 2018.

I 2018 ble det planlagt og gjennomført ein større organisatorisk endring. I hovudtrekk gjekk vi frå ein avdelingsmodell til ein einingsleiarmodell, kor 25 avdelingar ble til 7 einingar. Programområde 2, skule og oppvekst fekk utsetting til august 2019 på sin omorganisering, slik at endringane betre passa gangen i skuleåret. Dei nye einingane vil få eit større ansvar for å halde seg til rammar ved å starte innføringa med økonomi-, personal- og resultatansvar for kvar eining. Det meste av 2018 og 2019 vil gå med til å lære opp nye einingsleiarar og sette organisasjonen for desse endringane. Endringane ble gjennomført etter eit godt forankra politisk vedtak og i eit tett samarbeid med tillitsvalte, verneteneste og dei tilsette. Forslaget til endring ble fremma som eit omforent forslag frå arbeidsgivar og arbeidstakarorganisasjonane til politisk handsaming. Kommunestyret vedtok forslag til endring samrøystes i juni 2018.

2018, som tidligare år, var prega av ein anstrengt økonomi og med ein bekymringsfull høg lånegjeld. Seljord har minkande inntekter frå staten, blant anna fordi ein har valt å stå aleine og ikkje slå seg saman med andre kommunar. Ein trend i synkande innbyggjartal vil ytterligare redusera kommunens inntekter frå staten. Seljord har behov for meir kapital både for investeringar og drift. Blant anna for å møte eit aukande behov innan eldreomsorg, barnevern og ein drift kor framleis har nokre år med rekordhøge kull innan barne- og ungdomsskule.

Det har ikkje vore eit politisk fleirtall for innføring av eigedomskatt i Seljord. Dette er den einaste ubrukte inntektskjelde for Seljord kommune som rådmann kjenner til, og som vil monne for dei behov vi har i framtida. På utgiftsida vart det i kommunestyremøtet i desember 2018, vedteke å redusere drifta med 15 årsverk i økonomiplanperioden 2019-2022. Resultatet blir reduserte kommunale tenester og ein fortsatt stram økonomisk situasjon. Reduksjonen vil måtte gå utover dei gruppene som har auka behov, da det er der dei store budsjettpostane fins.

Det vart starta ein prosess på same måte som for endringsprosessen med dei tillitsvalte, verneteneste og tilsette for å finne omforente prinsipp for nedbemanning. Sjølv med ein reduksjon i drifta ser rådmannen at det vil vera vanskeleg å oppnå anbefalte økonomiske måltal for ein kommune, kombinert med politiske visjonar for framtida og relle behov innafor investeringar og drift i kommunen.

Engasjementet i å utvikle kommunen er stort, både blant private næringsutviklere og hos dei folkevalte. Fleirtalet av dei spørsmål og innspel rådmannen får er knytt til forhold rundt drift av kommunen, steds- og næringsutvikling i Seljord.

Det er naudsynt å gjere nokre prinsipielle val for korleis vi skal førebu oss på endringane når barne-, og ungdomskulla gjeng ned, og behova i eldreomsorgen fortsett å vekse dei neste 20-25 åra. I dette biletet skal ein heller ikkje gløyme at vi innanfor teknisk drift har eit klart behov for betre vedlikehald av kommunens eigedom og må førebu oss på ytterligare millioninvesteringar innan vatn og avløp. Ein skal heller ikkje gløyme at vi har ein hovudbrannbil som nærmar seg status som veteranbil og dermed er klar for utskifting.

Finn-Arild Bystrøm
Rådmann

Administrativ organisasjon og leiing

På øvste administrative nivå i Seljord kommunen ser organiseringa slik:



Medarbeidarar og personalpolitikk

Seljord kommune hadde i 2018 om lag 280 heile årsverk fordelt på omkring 445 tilsette. I tillegg kjem vikarar og andre timeløna. Kvar månad står rundt 480 personar på lønningslista, inkludert introduksjonsstønad og godtgjering til politikarar. I 2018 vart det levert 730 løns- og trekkoppgåver.

Rekruttering og kompetanse

Kommunen har i det store fått kvalifiserte folk til nye stillingar og vikariat dette året. Det er ikkje alltid ein sjølvfylgje, men vi har klart å nå ut til kompetente og motiverte søkarar som har vorte våre nye medarbeidarar.

I 2018 har Seljord kommune rekruttert ny kommunalsjef for helse og omsorg, etter at Kari Gro Espeland sa opp si stilling og gjekk over i jobb som samhandlingskoordinator for Vest Telemark. Lillian Olsen Opedal kom frå stilling som rådgjevar hos Fylkesmannen i Telemark og starta opp i Seljord kommune den 31.07.2018.

Ved Nesbukti pleie- og omsorgssenter har vi tilsett ny einingsleiar. Ho heiter Beate Våge Lia, og kjem frå seksjonsleiarstilling ved sjukehuset på Notodden.

Innan programområde 2, skule og oppvekst, har vi rekruttert Even Fossum Svendsen i ei mellombels tilsetting som kommunalsjef for perioden 01.10.2018 - 30.09.2020, på bakgrunn av at Ronde Schade har bede om permisjon for same periode. Schade har i denne toårsperioden ansvar for integrering- og flyktningavdelinga i kommunen. I tillegg er han engasjert 20 % i prosjekt finansiert av LOS-middel frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), knytt til oppfylging av ungdom som står i fare for å falle ut av vidaregåande skule.

Vidare har Seljord kommune rekruttert mellom anna sjukepleiarar, kommunelegar, helsefagarbeidarar, lærarar, barnehagelærarar, assistentar til barnehage, miljøterapeutar, reinhaldar,

personalkonsulent. Internt har vi rekruttert kommuneoverlege, samt rektor ved både Flatdal skule og Seljord ungdomsskule.

Seljord kommune er oppteken av at dei tilsette skal få auke kompetansen sin, ved til dømes at dei studerer fag ved universitet og høgskular, eller tek fagutdanning. I 2018 fekk Seljord kommune med tre lærarar på den statlege ordninga med vidareutdanning for lærarar. Dei finansierast gjennom ein vikarordning, og skal etter planen avslutte studia våren 2019. I 2010 vart det vedteke satsar for lønsmessig kompensasjon for auka kompetanse, og ein del av dei tilsette i kommunen har nytt godt av dette etter endt studium også i 2018.

Sektor	Yrke	Studiepoeng/Grad	Periode	Studie
Personal og merkantil	Arkivleiar	30 studiepoeng	2018	Arkivfag
Skule og oppvekst	2 reinhaldarar	Fagbrev	2018	Reinhaldsfag
Skule og oppvekst	1 Assistent	Fagbrev	2018	Barne- og ungdomsarbeidar
Skule og oppvekst	2 lærarar	Vidareutdanning på høgskule	2018/2019	Engelsk 1. til 7. klasse, 30 stp.
Skule og oppvekst	1 lærar	Vidareutdanning på høgskule	2018/2019	Norsk teiknspråk, 30 stp.
Helse og omsorg	1 fagarbeidar	60 fagskulepoeng	2018/2019	Vidareutdanning innan psykiatri/rus
Helse og omsorg	Fagarbeidarar	Kurs	2018	Mitt livs ABC, perm 1
Helse og omsorg	Alle legar og sjukepleiarar ved legevakt	Kurs	2018	Akuttkurs for legevakt
Helse og omsorg	Tilsette ved helsesenteret	Nettkurs	2018	Vald- og overgrepshandtering
Helse og omsorg	Sjukepleiar	Vidareutdanning på høgskulenivå	2018/2020	Psykososialt arbeid barn/unge, 60 stp.

Legekontoret fekk tilført 100 % fastlegeheimel i 2018, etter sak i administrasjonsutvalet. Det har det siste året vore jobba aktivt med å styrke kompetansen innan akuttmedisin. Ein lege er i gang med eit spesialiseringsløp innan allmennmedisin. To andre legar er allereide spesialistar i allmenmedisin.

Seljord kommune har tre lærlingplassar fordelt på helsefag og barne –og ungdomsarbeidarfag. Kvar lærling går to år i lære før fagprøva:

Sektor	Fag	Årstal fyrste lærlingår
Helse og omsorg	Helsefagarbeidar	2017
Helse og omsorg	Helsefagarbeidar	2018
Skule og oppvekst	Barne- og ungdomsarbeidarfaget	2018

Heiltidskultur

Seljord kommune jobbar for at så mange tilsette som råd skal ha høve til å jobbe fulle stillingar. I 2018 starta vi opp i eit prosjekt om heiltidskultur i regi av KS sitt regionssamarbeid for Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV), kalla *Nytt blikk*. Gjennom året deltok vi på ei rekkje samlingar, der både administrativt tilsette, tillitsvalde og politikarar var representerte. Prosjektet var meint å vare i to år, men ved årsskiftet 2018/19 innsåg administrasjonen at det ikkje var gjennomførbart å halde fokus på eit slikt prosjekt samtidig som vi jobbar med store endringar i organiseringa av verksemdene.

Det er eit kontinuerleg fokus på å tilby så store stillingar som mogeleg. Kommunen har framleis mange som arbeider deltid – både etter eige val, men vi har også tilsette som ynskjer seg større stilling. Særleg utfordrande er det innanfor helse- og omsorgssektoren der ein er avhengig av turnus- og helgearbeid. Tilsette som arbeider som vikarar får faste stillingar når dei etter lovverket har rett på det.

Bedriftshelseteneste

Seljord kommune er ein av fleire kommunar i Telemark som er tilknytt *Bedriftshelsen AS*. Dei hjelper til med helsesamtalar og målretta helsekontroll, gjennomfører ergonomisk kartlegging av arbeidsplassar, tek målingar på til dømes inneklima, støy og ljos, vaksinerer tilsette i utsett arbeid, deltek på møte i Arbeidsmiljøutvalet og dialogmøte i samband med sjukemelde arbeidstakarar når kompetansen deira er naudsynt.

Bedriftshelsen har vorte bruka som rådgjevarar i einskilde problemstillingar vi jobbar med. *Bedriftshelsen* sine breitt kompetente medarbeidarar har også blitt bruka til opplæring av leiarane innan AKAN-arbeid, samt avvik og avvikshandtering.

Mot slutten av året vart det jobba med å få til ein ny avtale for bedriftshelseteneste for det komande året.

HMS – helsefremjande arbeid

Bedriftshelsetenesta tilbyr lovpålagt HMS-kurs for leiarar, verneombod og tillitsvalde, kurset gjev opplæring i HMS-arbeid og regelverk knytt til dette. I 2018 var det eit verneombod som gjennomførte 40-timars HMS-kurs. I tillegg gjennomførte ein leiar HMS-kurs i deira regi. *Bedriftshelsen* held fram med kartlegging av arbeidsmiljø og systematisk helsekontroll på dei ulike arbeidsplassane, etter planen for arbeidet i Seljord kommune. I 2018 har bedriftshelsetenesta gjennomført helse- og arbeidsmiljøundersøking av brannmannskap, inneklimamåling ved avdeling for psykisk helse og rus, måling av etterklangstid i Flatdal barnehage, hørselskontroll av tilsette ved Heddeli og Flatdal barnehage, fysiske testar av brannmannskap. Dei har også bistått kommunen i konflikthandtering.

I tilfelle der tilrettelegging på arbeidsplassen kan gjere at tilsette får ein betre arbeidskvardag, og som fylgje av dette unngår sjukemelding, har bedriftshelsetenesta kartlagt arbeidsplassen til tilsette og kome med forslag til tiltak for å betre arbeidssituasjonen. Ein tilsette har på denne måten fått tilpassa kontorpultar, stolar, ljos og fått andre ergonomiske hjelpemiddel det siste året. Andre har i periodar fått råd til anna type tilrettelegging.

Nærværsarbeid

Det er eit stadig jamt fokus på å jobbe med nærværet på jobb. Vårt mål er å ha tilfredse medarbeidarar og gode, trygge arbeidsmiljø.

Sjukdom og fråvær er ikkje til å unngå i ein stor bedrift. Vi presenterer statistikk over legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær for arbeidsmiljøutvalet (AMU) og administrasjonsutvalet (ADMU) i kvart møte. Det nasjonale måltalet for legemeldt sjukefråvær er 5,6 %. Vi kan sjå ei positiv utvikling i det legemelde sjukefråværet igjennom året. Kommunen jobbar kontinuerleg med å auke bruken av eigenmeldingar og graderte sjukemeldingar, og ynskjer å kome i dialog med den tilsette og legen for å leggje til rette for at den tilsette kanskje kan jobbe noko.



Avdelingsleiarar og medarbeidarar gjer ein god jobb saman for å skape trivsel på arbeidsplassen, og leiarane fylgjer opp dei sjukemelde på ein god måte. Arbeidsgjevar forsøker å førebygge for sjukemeldingar, og å tilrettelegge så godt som råd for at den tilsette skal kome tilbake i arbeid. I dei tilfella det er aktuelt søker vi på tilskott og andre ordningar som NAV tilbyr til dette arbeidet.

I 2018 arrangerte administrasjonen, hovudverneombod og tillitsvalde to halve arbeidsmiljødagar for alle leiarar, plasstillitsvalde og verneombod frå alle kommunens arbeidsplassar. IA-rådgjevar og bedriftshelsetenesta vart inviterte for å snakke om IA-avtala og kva ein kan gjere for å førebyggje og tilrettelegge for sjukemelde arbeidstakarar. Det er viktig at dei ulike rollane kan sitte saman og høyre den same informasjonen om slike tema som vedkjem dei på ulikt vis i kraft av rollene dei har. Tanken er at ein i slike settingar får høve til å jobbe saman med å planlegge IA-arbeid ved kvar einskild avdeling.

Seljord kommune held fram med å sponse årskort til Sterke-Nilssenteret for alle kommunalt tilsette i større enn 25 % stilling. Vi registrerer ein liten nedgang i talet på tilsette som er medlem. Ved utgangen av 2018 var det registert 60 kommunalt tilsette som nyttar denne ordninga i større eller mindre grad.

Livsfase

Seljord kommune har gjennom framforhandla avtaler og lovverk gode ordningar for seniorar og tilsette i alle livsfasar. Kommunen inviterer tenestepensjonsleverandøren KLP (Kommunal Landspensjonskasse) annakvart år til informasjonsmøte og rettleiingssamtalar med alle tilsette frå 55 år og oppover. I februar 2018 vart det gjennomført ei slik samling, der 30 tilsette fekk individuell rettleiing og om lag 50 tilsette deltok på felles informasjonsmøte.

Tilsette som har fylt 60 år får framleis eit lønstillegg på kr. 5000, sjølv om tillegget er omdiskutert og står i fare for å bli oppheva. Kommunen forsøker å tilrettelegge for den einskilde i ulike livsfasar, så

langt det er mogeleg av omsyn til den daglege drifta av avdelingane. Vi har tilsette som søker om gradert AFP og jobbar redusert i ein periode før dei går heilt av med pensjon. Dette må skje i samråd med næraste leiar og ta omsyn til drifta. Arbeidstakarar med små barn kan søke utvida omsorgspermisjon, dvs. permisjon i delar av stillinga grunna omsorg for barn under 12 år, dette er nokså mykje bruka. Slike permisjonar kan ei søke på for eitt år av gongen, slik at arbeidsgjevar får høve til å planlegge og sikrar god oversikt.

Likestillings- og diskrimineringsarbeid

Som mange andre kommunar i landet er også Seljord kommune prega av eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Kommunen følgjer gjeldande lover, føresegner og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna, og ynskjer å stimulere til ei god kjønnsfordeling mellom dei tilsette. I tilfella der vi ser at eitt kjønn er sterkt underrepresentert, og at det vil vere hensiktsmessig å ha inn fleire av det andre kjønnet, oppmodar vi spesielt til at desse skal søke når stillingar vert utlyst.

Det kommunale lønssystemet er basera på kompetanse, og dermed lik løn for likt arbeid. Likevel ser vi nokon ulikheiter mellom arbeidsgrupper med likt utdannings- og ansvarsnivå, og har bruka dei siste lokale oppgjera til å jamne ut desse noko. Kvinner utgjorde i 2018 omlag 85 % av kommunen sine tilsette. Seljord kommune har ein stor del kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå, i rådmannsteamet, er fordelinga mellom kjønna 50/50; tre kvinner og tre menn. På mellomleiarnivå er det 22 % menn.

I Seljord kommune jobbar det ei rekkje personar som ikkje har etnisk norsk bakgrunn. Desse er tilsett innanfor ulike einingar og med forskjellige arbeidsoppgåver, mellom anna reinhald, helsefag, miljøarbeidar, vernepleiar, badevakt, assistentar i helse, barnehage og skule, sosionom, vedlikehald og distribusjon av hjelpemiddel. Dei siste åra har Seljord kommune fått fleire nye flyktningfamiliar, og ein ser at det er svært nyttig å spele på innbyggarar som har liknande erfaringar, kjenner til dei nye innbyggaranes kultur, språk og religion. Det er meiningsfylt å kunne nytte slike ressurspersonar i arbeidet med integrering, og ein ser at mangfaldet har ein stor verdi i seg sjølv. I dette mangfaldet ligg potensialet for at nye verdiar kan bli skapt.

Revidering av retningsliner og etablering av rutinar

I 2018 sluttførte personalavdelinga arbeidet med *Kompetanseplan for Seljord kommune*. Det har vore gjennomført kartlegging av status for kompetanse og framtidige behov, ut frå naturleg avgang og demografisk utvikling. Arbeidet vart sendt på høyring og sluttført i løpet av året.

Etikk

I Seljord kommune er vi opptekne av at dei tilsette skal oppleve å bli møtt med respekt og toleranse i alle samanhengar. Vi har etiske retningsliner som forpliktar kvar einskild tilsett å vere medviten om at dei i arbeidet sitt er representantar for kommunen, og at ein er lojal mot dei lover, føresegner, reglement og vedtak som gjeld til ei kvar tid. Samstundes har den einskilde arbeidstakaren plikt til å gjere sitt til å skape eit godt psykososialt og fysisk arbeidsmiljø på arbeidsplassen.

I kjølvatnet av den globale #metoo-kampanje har Seljord kommune også vorte minna på at det er viktig å konkretisere dei etiske retningslinene også innanfor området seksuell trakassering på arbeidsplassen.

Seljord kommune har etiske retningsliner som er detaljerte og konkrete på kva for åtferd som er aksepert og ikkje. Desse er ein del av kommunen sine *Personalpolitiske retningsliner*. Desse har eit

eige kapittel som omhandlar reglar mot sosial dumping, som særleg er relevant i samband med innhenting av anbod i mellom anna byggesaker.

I læringsplattformen, *KSlæring*, har kommunen laga eit opplegg med introduksjon for nytilsette. Her går den tilsette igjennom ei rekkje informasjonsider om Seljord kommune og blir bevisstgjort sentrale og lokale lover og retningsliner. Her er også etikk og lojalitet sentrale tema. Modulen blir avslutta med ein test, som sikrar at den tilsette har gjennomgått og forstått innhaldet.

NAV-Seljord

For 2018 har prosessen med oppretting av NAV Vest-Telemark stått i fokus. Fem av dei seks kommunane i Vest-Telemark gjekk saman om å opprette eit felles NAV-kontor på Dalen i Tokke. Det skal framleis tilbys NAV-tenester i kvar einskilt kommune, men hovudaktiviteten skal skje frå Dalen.

Kontroll og tilsyn - Internkontroll

Kommunen er underlagt fleire statlege tilsyn og har i 2018 hatt tilsyn av Fylkesmannen og Arbeidstilsynet. Her nemnast blant anna tilsyn innanfor brann- og redningstenesta.

Kontrollutvalet er valt av kommunestyret og førar tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet skriv eigen årsmelding.

Kommunen har også rutinar for intern varsling. Ein endring frå 2017 til 2018 var at kontaktpunktet for varslingsakar i Seljord kommune ble flytta frå kommunalsjef skule og oppvekst til hovudverneombod. Det var ingen varslingssaker i 2018.

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at verksemda planlegg, organiserer, utfører og vedlikeheld aktiviteten sin i samsvar med gjeldande krav i regelverk. Krav om internkontroll finst på ei rekkje område, til dømes etter HMS-lovgivinga, helselovgivinga, barnevernlova, matlova, sosialtenestelova og etter lovgiving om personvern og informasjonstryggleik.

På eit overordna nivå synes internkontrollen å være god. Det finst forbetringsområdar innan avtalehandtering (rammeavtalar, forsikringar, leasingar, kontraktar med økonomisk konsekvens), systematisk oppfylging av innmeldte avvik, oppfylging av endringar i rutinar som sikrar at endringane er forstått og implementera ute i kvart ledd i organisasjonen. I 2017 ble det forsøkt innført eit digitalt avviksystem frå Kommuneforlaget. Dette systemet fikk ein ikkje til å fungere tilfredstillande. I staden ser vi på Compilo (tidigare Kvalitetslosen) som eit betre system for oppfylging av avvik, interne rutinar, avtalehandsaming og prosedyrar.

Avvik som er relatert til HMS (helse, miljø og sikkerhet) vert handsama av kommunen sitt arbeidsmiljøutval. Avvik som fylgje av brot på særlover vert handsama innan kvart programområde, til dømes i kvalitetsutvalet for pleie og omsorg.

Seljord kommune har fleire system for internkontroll i dei einskilde einingane. Desse systema er etablera for å tilfredstille særlovgiving som gjeld for tenesteproduksjon på desse områda. I tillegg er det etablera system for internkontroll i høve til HMS. Det øvste nivå for internkontroll er årsmelding og rekneskap som skal sikre rapportering på resultat i høve til kommuneplan og Gul bok.

Internkontrollsystem på kommunenivå er organisera som vist i figuren under med ein kommuneplan på strategisk nivå som ligg fast over lang tid. På det operasjonelle nivå er det fire hovudelement som skal rullerast kvart år.

Mål og resultat for Seljord kommune

Ein trygg og effektiv kommune utviklar tenester i takt og i tråd med dei utviklingstrekk som finst i kommunen og samfunnet forøvrig. Å være ein attraktiv kommune som folk vil bu og etablere næring i, er ein bærebjelke for eit kvart lokalsamfunn. Gjennom dei planar og hovudmål som til ei kvar tid blir vedteke politisk, vert retninga sett for kor ein vil og kva som skal prioriterast. Det må vere samsvar mellom handlingsplanar og økonomiske løyvingar for at ein skal oppnå god effekt mellom ynskjer og realitet. Like viktig som løyvingar er klare prioriteringar.

Seljord kommune har som overordna visjon "Det gode vertskap". I det ligg det at vi ynskjer å vere ein viktig, serviceorientera og kvalitativt god leverandør av kommunale tenester. Seljord kommune deltek som ein av 12 kommunar i eit nettverk starta av Telemarksforsking, der fokus er å sjå på korleis påverke, styre og stimulere samfunnsutviklinga dit ein ynskjer. Kommunen får gjennom nettverket eit analyseverkty som gir status på busetting, arbeidsplassar m.m. , og som kan gje retning for måloppnåing. Det å ha ei god verktykasse, og sjølvsagt kunne nytte dei riktige verktya, er eit anna viktig element.

Tiltak for å nå ynskja samfunnsutvikling finn ein i vedteken handlingsdel, som blir konkretisert gjennom arbeidsprogrammet. Status på dette kjem fram av tabellar i årsmeldinga.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som fortel korleis planen skal fylgjast opp i dei neste fire åra. I Seljord vert kravet ivareteke ved å utarbeide Gul bok; ein handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan som skal rullerast årleg. Handlingsprogram har ein horisont på fire år som legg føringar for økonomiplan og budsjett, som igjen legg føringar for utvikling og arbeidsprogram. Årsmeldinga og rapportering frå arbeidsprogram legg føringar for neste revisjon av handlingsprogrammet. Statsbudsjettet kjem utanfrå og legg sterke føringar i overgangen mellom handlingsprogram og økonomiplan/budsjett.



Samfunnsdelen av kommuneplan er delt opp i tre hovudtema med klare mål for utviklinga.

Hovudmål 1

Seljord i vekst

1.1 Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år

1.2 Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030

1.3 Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid

Frå handlings-program	Politisk føring	Rapportering årsmelding
Tema 1		
1.1.1.1	Samarbeide tett med Seljord næringslag i utvikling av ulike sentrumssatsingar	Samtaler med styret i Næringslaget om skilting i Seljord
1.1.2.4	Kommunen skal spisse sin innsats når det gjeld utvikling av basisnæringar, dette for å få best mogeleg kraft i sin innsats i bruk av næringsfond og anna stønad til næringsdrivande	Kommunen prioriterer tilskot til landbruk i bruk av næringsfond. Kommunen bruker mykje ressursar overfor reiseliv og turisme.
1.2.1.1	Stimulere til god framdrift av private reguleringsplanar for nye tomter og leilegheiter	Pr okt. er det fem kjente boligprosjekt kor omfanget er fire eller fleir leilegheiter eller hus.
1.2.1.4	Gjennom kommunens arealplanlegging, syte for at det er tilstrekkeleg med attraktive næringsareal i kommunen	Rullering av kommuneplanens arealdel ble starta opp i okt. Planen vil, når den er vedteke i 2020, vera førande for korleis vi skal prioritere areal og innhald dei neste 10-12 år.
1.2.1.5	I samarbeid med private, syte for at det til ein kvar tid er attraktive næringslokale i kommunen	Arbeidet her er pr dd unntatt off jmf off.lova § 23, "Det off si forhandlingspossisjon"
1.2.2.1	Vurdere meir utøving av mynde frå kommunen i reguleringsplanarbeid, for å få sanert falleferdige hus.	
1.2.2.2	Bruke utbyggingsavtaler som verktøy for å sikre bygging av mindre leilegheiter i sentrum	Sjå punkt 1.2.1.4
1.3.1.1	Delta i interkommunale prosjekt og anna samarbeid, som er relevante i høve til målsetjinga	I arbeidet med næringsutvikling samarbeidas det godt i V-T. Kommunen deltek aktivt i samarbeidsprosjekt . Næringssjefen deltek i samarbeid for næringsjefar og rådmann deltek i rådmannsamarbeid i Vest-Telemark.
1.3.1.8	Bidra til god organisering, samarbeid og nettverk for regional vekst i saman med næringssjefskollegiet i Vest Telemark der fokus er å skape samarbeidskultur og optimisme	Næringssjefen arbeidar aktivt ifor regional vekst i samarbeidsorgan som VTR
1.3.2.1	Vere aktiv part i å følgje opp tiltak og sikre samhandling mellom aktørane i Møtestad Seljord	Næringssjefen samarbeider arbeider tett med aktørane i MSAS om å utvikle reiselivet i Seljord og gjøre Seljord enda meir synleg nasjonalt og internasjonalt.
1.3.2.2	Vidare satsing på vertskapskurs for dei som driv i besøksnæringar	Det har ikkje vore arrangert vertskapskurs i 2018
1.3.4.2	Syte for at det er gode rutinar for rettleiing og rådgjeving mellom verkemiddelapparatet hjå kommune og næringshagemiljøet	Næringssjefen er godt oppdatert på verkemiddelapparatet og samarbeider godt med Telemark Næringshagen og etablerarkontoret
1.3.4.4	Sikre at næringshagane yter bistand for å sikre meir innovasjon og kompetanseutvikling innafor eksisterande bedrifter	Kommunen har avtale med Seljord næringshage om å yte utviklingsbistand til små verksemder som enten er etablert eller ynskjer å etablere seg i kommunen. Kommunen er aktiv pådriver for at verksemder skal nytte seg av det gode tilbodet som målbedrifter i Telemark næringshage.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Rapportering årsmelding
1.1	**Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år.**	Program område/fag -ansvarleg		
1.1.1	Fylgje opp satsing på samarbeidet/ pilot om utvikling av betre miljøteknisk vatn og avløpshandtering på Århusmoen i samarbeid med Telemark Technologies.	K- sjef PO4/5	Kontinuerleg	Telemark Technologies har som føresetnad at dette skal stå ferdig i løpet av somaren 2019.
1.1.2	Fylgje opp næringsetableringar på Århusmoen og i Nordbygdi	K- sjef PO4/5	Kontinuerleg	Århus Næringspark As er selt. Interessentar som kontakar kommunen blir følgt opp av næringsapparatet
1.1.3	Samarbeide/tilretteleggje for pilotprosjekt for utvikling av nye metodar for produksjon av massivtre	K- sjef PO4/5	01.02.2018	Prosjektet med massivtre er avslutta
1.2	**Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030.**			
1.2.1	Vurdere konsekvensar for sentrumsbilete ved eventuelle nye lokaliteter for kommunehus	K- sjef PO4/5	31.12.2018	Har ikkje vore vurdert eller prioritert frå kommunalsjefen grunna få ressursar og høg aktivitet
1.2.2	Deltaking i program for fortetting med kvalitet i Telemark 20I7- I8	K- sjef PO4/5	31.12.2018	Det har vore deltaking på to møter om tema i regi av fylkeskommunen.
1.3	**Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid.**			
1.3.1	Få på plass ein overordna strategi for digitallisering.	Rådmann	31.12.2018	Sak om digitalisering i VT ble vedteke i K-styre 14.06.18 – sak 46/18
1.3.2	Delta i felles digitaliseringsstyre	Rådmann		Sak om digitalisering i VT ble vedteke i K-styre 14.06.18 – sak 46/18
1.3.3	Delta i interkommunalt samarbeid innan skatt og innkrevjing	Økonomisjef		Ikkje starta opp
1.3.4	Utgreie interkommunalt samarbeid innan innkjøp	Rådmann	31.12.2018	Seljord kommune knytt seg til Innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark jmf sak i k-styre 45/18
1.3.5	Ferdigstille kompetanseplan for Seljord kommune	Org. og P-sjef	01.01.2018	Er fullført
1.3.6	Delta i KS-BTV-prosjektet "Nytt blikk" mot ein heiltidskultur i Seljord kommune	Org. og P-sjef	31.12.2019	Avslutta
1.3.7	Revidere kommuneavtala med Telemark fylkeskommune	Rådmann	31.12.2018	Ikkje starta opp
1.3.8	Vurdere meir bruk av forpliktande partnarskapsavtalar for å få styrka samarbeid i regionen	Rådmann	31.12.2018	Innspel til revitalisering av Vest-Telemarkrådet frå F-skap sak 55/18, opnar for at rådmannen på nytt søkar samarbeid på kommunale tenster med andre kommunar i VT. Oppstart dialog i rådmannsutvalet 16.10.18
1.3.9	Vurdere etablering av eit servicetorg ved merkantil avdeling på kommunehuset	Org. og P-sj.	31.12.2018	Under utreiing, antas å kunne ha ein avklåring innan våren -19
1.3.10	Fylgje opp tidlegare kommunale vedtak gjennom regelmessige møte med Seljord næringshage. Sjå på rapportering, samarbeide om konkrete prosjekt	K-sjef PO4/5	31.12.2018	Kommunen er i god dialog med næringslaget, p.t. om eit skiltprosjekt.
1.3.11	Auke administrasjonsressursen ved alle skulane og halde fram med gjeldande leiarstruktur i skule og bhg	K-sjef PO2	31.12.2018	Det er auka administrasjonsressurs frå hausten 2018. Endring av leiarstruktur i 2019 grunna omorganiseringsprosess.
1.3.12	Utarbeide gode rutinar for publikumsmottak med fokus på rask og effektiv behandling av spørsmål	Org. og P-sj.	31.12.2018	Pågåande prosess

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Rapportering årsmelding
1.3.13	Auka bruk av digitale verktøy – dømer videokonferanse	Rådmann	Nov -18/ feb-19	Rådmannsteamet testar ut Skype for buiness frå okt 18 I dialog med Atea for oppgradering av AV utsyr i kommnestyresal/møterom. Oppgradering av AV-utstyr i møterom vil kreve ein invisteringsgodkjenning og vil bli vurdert inn i budsjett 2019. Eit Cisco videokonferansesystem er kjøpt inn på Helsesenteret
1.3.14	Utarbeide plan for utvide delegasjon/ kompetanseheving frå kommunalsjef til avdelingsleiarnivå	Rådmann	01.10.2018	Starta opp ifm endringsprosessen 2018 i Seljord kommune. Antatt å kunne ferdigstillas tidleg 2019
1.3.15	Vurdere å leige nye lokalar for kommuneadministrasjonen. Sjå på arealformål jamfør vedteken KDP for Seljord sentrum	Rådmann	31.12.2018	Sondert med ein aktør i sept -18, men pga kapasitetsutfordringar blir arbeidet frå kommunen sin del utsatt til våren 2019.
1.3.16	Vurdere bruk av heimesida til kommunen utifrå ein overordna digital strategi	Rådmann	01.10.2018	Ny heimesida er under utyvikling
1.3.17	Aktivt arbeid for utvikling av breiband og mobilnett for heile kommunen. Langlim og Mandal er satsingsområde i første del av perioden	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Utbygging Mandal – Langlim er i avsluttning. Mindre utbygging i Åmotsdal – Øvrebø er finansiert. Vidare arbeid om utbyggingsstøtte i kommunal/offentleg regi blir vurdert fortløpande.
1.3.18	Utarbeide kommunikasjons- og mediestrategi som byggjer opp under visjonen Seljord –det gode vertskap	Rådmann	31.12.2018	Ferdiggstillast i 2019
1.3.19	Arbeide aktivt for å økonomisk realisere fullføring av "bygdetråkk" (turvegen med tilhøyrande aktivitetsområde)	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Prosjektet er avslutta grunna manglande bevilgningar til prosjektet.
1.3.20	Deltaking i nettverk/prosjekt "kunnskapsbasert strategisk planlegging" i regi av Telemarkforsking	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Deltatt i nettverk og fått utarbeida fleire rapportar. Tillitsmåling og status for Seljord som vart presentert for kommunestyret av Knut Vareide. Neste møte er i Seljord der tema er kvalitet i planlegging
1.3.21	Få på plass KDP for skule og oppvekst og for helse –og omsorg	K-sjef PO2 & 3	31.12.2018.	Arbeidet er iverksett. Satt på vent for PO2.
1.3.22	Fullføre endringsprosessen som skal gjennomførast i Seljord kommune	Rådmann	01.10.2018	Einstemmig vedteke i k-styre 14.06.18. Nye einingsleiarar er tilsett (utanom PO 2) og ny organisering er i drift frå 01.1018.

Hovudmål 2

Det gode livsløp i Seljord

2.1 Seljord skal tilby gode barnehagar og skular
2.2 Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester
2.3 Seljord skal leggje til rette for meiningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle
2.4 Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen

Frå handlings-program	Politisk føring	Rapportering årsmelding
Tema 2		
2.1.1.1.	Tilsette i grunnskulen skal få tilbod om deltaking i den statlege vidareutdanningsstrategien	Vi har 3 daltagarar frå hausten 2018.
2.1.1.2	Leiarar i barnehage og skule skal få tilbod om deltaking i relevant leiarutdanning	Alle fått tilbod om statleg vidareutdanning, også innan leiing

2.1.1.3	Tilsette i barnehage og skule skal få tilbod om relevant vidareutdanning og etterutdanning, jf. lokal kompetanseplan	OK. Kartlegging av kompetanse er gjort, kompetanseplan under iverksetting, tilbod er gitt.
2.1.2.8	Tilpassa opplæring skal vere eit grunnleggande prinsipp for heile opplæringa. Spesialundervisning skal i størst mogeleg grad leggjast opp slik at elevane får ta del i fellesskapet	OK. Det er fokus på tilpassa opplæring, mens spesialundervisning søkast gitt i tråd med sakkunnig vurdering. .
2.1.2.9	Elevane skal gjennom arbeid med entreprenørskap utvikle metodekompetanse for å få til nytenking, setje eigne idear om til røynsle, utnytte lokale ressursar og sjølv bli ein ressurs i samfunn-, kultur og arbeidsliv i lokalmiljøet sitt.	Kommuneavtale med Ungt Entreprenørskap. Iverksetjing under planlegging i samråd med UE.
2.1.2.10	Det skal vere eit særskilt fokus på samarbeid mellom SFO ved Flatdal skule og Seljord barneskule	Ok. Felles årsplan. Samarbeid, felles løysningar og drøftingar.
2.1.3.1	Sikre at lokal bemanningsnorm for barnehagane gjeld heile barnehagedagen.	Ikkje gjennomført grunna manglande ressursar.
2.1.3.3	Vidareføre rettleiing av tilsette i barnehagane i Seljord og delta i fagleg samarbeid om rettleiing i region VT.	Gjennomført. Alle barnehagane har hatt ein lengre samanhengande periode med rettleiing.
2.1.4.2	Barneskulane skal ha særskilt fokus på metodikk, organisering og ressursinnsats på 1. til 4. trinn	OK
2.2.2.1	Vidareføre den interkommunale organiseringa i VT kring samhandlingsreforma	Viderført i 2018 og fortsett i 2019.
2.3.2.4	I tillegg til kommunesenteret, skal det fokuserast på gode trivselstilbod i alle grender	
2.3.3.3	Kulturskulen skal arbeide for at barn og ungdom i Seljord får møte fleire ulike kulturuttrykk/tilbod enn i dag slik at dei kan utvikle skapande evner og anlegg	Tilbodet blir ikkje utvida grunna manglande ressursar Det er gjort forsøk med forming. Dans er også tilbudt.
2.3.3.4	Kulturskulen skal samarbeide med lokale musikarar, lag og korps til beste for kulturlivet i Seljord.	OK. Kontinuerleg
2.3.4.1	Tett samarbeid med Seljord Frivilligsentral	
2.4.2.1	Stimulere til frivillig arbeid i kommunen gjennom aktivt bruk av kommunes økonomiske verkemiddel	

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Rapportering årsmelding
2.1	**Seljord skal tilby gode barnehagar og skular**			
2.1.1	Vidareutvikle skulemattilbodet med omsyn til kvalitet og lokalitet. Vurdere skulematordning ved alle skulane frå og med hausten 2018.	K-sjef PO2	31.12.2018	Ikkje grunnlag økonomisk for å utvide matordning ved skulane. Fokus på mat og kosthold i SFO.
2.1.2	Gjennomføre naudsynte tiltak og godkjenne skulane etter forskrift om miljøretta helsevern i skule og bhg	K-sjef PO2	31.12.2018	Bevilga midlar til strakstiltak for Flatdal skule, gjennomførast i 2019. Flatdal skule ikkje godkjent, men disp. til 2020.
2.1.3	Sikre elevar og tilsette ved Flatdal skule eit arbeidsmiljø i samsvar med lov og forskrift.	K-sjef PO2	31.12.2018	Investering ikkje prioritert pga manglande økonomi. Bevilga midlar til strakstiltak for Flatdal skule i 2019.
2.1.4	Arbeide for meir fysisk aktivitet og kosthald i skulekvardagen, m.a. ved deltaking i "Liv og røre" (TFK satsing på fysisk aktivitet/kosthald) og samarbeid med "den økologiske hagen" i sentrum.	K-sjef PO2	31.12.2018	Etablert samarbeid med Den økologiske hagen. Signert, avtale med Telemark fylkeskommune om oppstart av Liv og Røre , Kick-off gjennomført. SFO samarbeider med Seljord vgs og TFK om kosthald.
2.1.5	Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018, samt vurdere innhald og organisering av skuledagen til beste for elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte.	K-sjef PO2	01.08.2018	Planlegging I gang. Iverksetting frå skulestart 2019.
2.1.6	Utarbeide digital strategiplan for sektoren og ta i bruk nye digitale verktøy i skule og bhg.	K-sjef PO2	31.12.2018	Fullført. Alle elever har fått digitale læremidlar og IPad. Lærer og ped.leiarane i barnehagen har fått kvar sin Ipad. I tillegg har kvar barnegruppe fått ein ipad kvar.
2.1.7	Utvide samarbeidet med skulehelsetenesta slik at tenesta får ein sterkare førebyggande funksjon.	K-sjef PO2	31.12.2018	Godt etablert samarbeid skule-skulehelsetenesta med faste møtetider ved alle skulane.
2.1.8	Vurdere ekstra ressursar til matservering i barnehagane	K-sjef PO2	31.12.2018	Ikkje budsjettdekning. Punktet/målsettinga bør utgå.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Rapportering årsmelding
2.1.9	Lokal Rammeplan skal reviderast i tråd med ny nasjonal Rammeplan og endringar i lokalsamfunnet	K-sjef PO2	31.12.2018	Ventar med ferdigstilling til omorganisering er gjennomført.
2.1.10	Alle skulane skal vere dysleksivennlege skular frå hausten 2018	K-sjef PO2	Hausten 2018	Arbeidet er stansa opp pga manglande kapasitet/mange andre store satsingsområder ved skulane.
2.1.11	Kommunen skal ta i bruk lesesenteret sin nasjonale satsing "Språkløyper" i barnehage og skulen.	K-sjef PO2	31.12.2018	Fulllført i skule
2.1.12	Fullføre forprosjekt Skulepakka	K-sjef PO4/5	31.12.2018	Skulepakka er utsatt til neste økonomiplanperiode grunna kommunens økonomiske stode.
2.2	**Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester**			
2.2.1	Vurdere å etablere brukarråd ved alle tenesteområde innan helse og omsorg	K-sjef PO3	31.12.2018.	Tenestene i PO3 vil sjå på korleis brukarinvolvering skal sikrast i tenestene. Brukarråd har vore prøvd ut i ei av tenestene i 2018, og det må gjerast ein evaluering av tiltaket.
2.2.2	Vurdere nærare moglegheiter for interkommunalt samarbeid i VT om heildøgns bustadløysingar kring brukarar/pasientar med psykiske lidingar/ rusproblem	K-sjef PO3	31.12.2018.	Det vart gjort vurderingar om det ville vere mogleg å samarbeide kring brukarar/pasienter med psykiske lidingar/rusproblem i 2018. Dette arbeidet er ikkje vidareført, men vil bli tatt opp igjen ved behov.
2.2.3	Etablere rutiner for å kartlegge ernæringsstatus for brukarane av omsorgstenesta.	K-sjef PO3	01.10.2018	Det er etablert eit ernæringsnettverk/team i kommunen med tilsette frå Open omsorg, Institusjon, Produksjonskjøkken og mottakskjøkken. Teamet samarbeider om brukarar/pasiantar som har saærskilte utfordringar knytt til ernæring.
2.2.4	Etablere inntil 4 nye plassar for heildøgns omsorg /rehabilitering i omsorgsbustad ved Nesbukti	K-sjef PO3	31.12.2018.	Arbeidet er starta opp og vil bli ferdigstilt i løpet av 2019.
2.2.5	Førebu innføring av beredskaps-/heimevaktordning for sjukepleiar på natt ved legevakta	K-sjef PO3	30.06.2018.	Tiltaket har vore utreda i 2018. Konklusjonen er at tiltaket vil vere for kostbart for Seljord og Kviteseid kommune aleine. Om tiltaket nokon gong skal kunne gjennomførast, må det vere fleire kommunar som gjeng saman om drift av legevakt. To kommunar er for lite. Det er difor ikkje gjort tiltak for å innføre denne ordninga i 2018. Kommunen må fortsette avtala om telefonteneste med Legevakt på Notodden. Avtale skal reforhandlast i 2019.
2.2.6	Fortsette arbeidet med å bygge opp kommunens demensteam med 20 % stillingsressurs	K-sjef PO3	Kontinuerleg	Kommunen har tilsette som er dedikert til arbeidet med demesteam, men det er ikkje rom for å sette av 20 % stillingsressurs.
2.2.7	Delta i samarbeid i VT og i fylket/regionen om kompetansebygging og val av/ innkjøp av teknologi/utstyr	K-sjef PO3	Kontinuerleg	I 2018 vart det gjennomført eit forprosjekt om velferdsteknologi, og dette vert vidareført i hovudprosjekt i 2019. Seljord er med i felles innkjøpsavtale i Telemark og Vestfold. Det er snart klart for kommunen å ta i bruk avtala som er inngått med Doro Care.
2.3	**Seljord skal leggje til rette for meiningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle**			
2.3.1	Vurdere ulike tiltak for auka sosial aktivitet og kontakt for dei som bur på institusjon/omsorgsbustad i kommunen m.a. i samarbeid med frivillige organisasjonar.	K-sjef PO3	Kontinuerleg	Både institusjonen, bukollektivet, bu- og servicesenteret samarbeidar med frivillige organisasjonar om ein meiningsfult kvardag for bebuarane, men det er eit ønske om flere tiltak og meir involvering av frivillige. Arbeidet vidareførast i 2019.
2.3.2	Sikre at aktuelle lag og foreiningar er kjent med kommunale søknadsprosessar	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Kommunen lyser ut sine aktuelle støtteordningar.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Rapportering årsmelding
2.3.3	Aktivt informere frivillige om tilskottsordningar-gåvestiftingar, legat og aktuelle fond	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Kultursjefen søker å opplyse aktuelle frivillige lag og organisasjonar om moglege tilskottordningar.
2.3.4	Frå hausten 2018 får elevar/barn eit redusert kulturtilbod frå Rikskonsertane/Kulturtanken. Kulturskulen skal vurdere utvida samarbeid med avdelingane for å kompensere for det reduserte tilbodet.	K-sjef PO2	31.12.2018	Grunnpakke med tilbod er gitt via DKS.
2.3.5	Søkje å etablere transport- og ledsagerordningar til/frå kulturaktivitetar i samarbeid med frivillige organisasjonar for dei som treng det	K-sjef PO3	31.12.2018.	Dette er ikkje gjennomført i 2018, men må vidareførast i 2019.
2.3.6	Etablere konkrete opplegg for å syte for at nye innvandrarar vert inkluderte og integrerte i Seljord-samfunnet	K-sjef PO2	-	Ikkje kapasitet i tenesta til å etablere nye opplegg.
2.4	**Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen**			
2.4.1	Inngå samarbeid mellom lokale idrettslag/Kulturskulen og Seljord idrettslag og SFO for å utvikle aktivitetstilbodet på dagtid for barn på SFO	K-sjef PO2	1.8.2018	Samarbeid om meir fysisk aktivitet i SFO er starta opp som prøveprosjekt hausten 18. Kulturskolen har noe aktivitet lagt til SFO.
2.4.2	Vurdere eigne føresegn i kommuneplanens arealdel som sett ein standard for fysiske uterom og estetikk	K-sjef PO4/5	31.12.18	Planarbeidet er starta opp, forventa avslutta innan 1.8.2020

Hovudmål 3

Berekraftige Seljord

3.1 Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innafor tettstadsgrensa.
3.2 Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysningar.
3.3 Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.
3.4 Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder.
3.5 Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd

Frå handlings-program	Politisk føring	Rapportering årsmelding
Tema 3		
3.1.5.2	Deltaking og aktiv medlemskap i E 134 Haukelivegen AS, Lyntogforum og Telemarksvegen AS	Har blitt fulgt opp av ordførar via styret i E-134 Haukelivegen
3.1.9.1	Syte for gode rutinar internt i kommunen med omsyn til universell utforming	
3.2.1.3	Arbeide aktivt for redusert bruk av plast ved kjøp av alle varer og tenester	
3.2.2.1	Ved nybygg i kommunalt regi skal solenergi/ alternative energiløysingar vurderast	
3.2.2.3	Prioritere vannboren varme i alle nye bygg der jordvarme eller biobrensel er nytta	
3.2.3.1	Ha god kontakt med og søkje om råd og rettleiing hjå statlege instansar når det gjeld utforming av og tiltak på flaum - og skredsikring i kommunen	Avslag frå NVE på søknad om flaumsikring i Grunnåi/Vallaråi. Søkjer råd hjå NVE om aktuelle saker.
3.2.4.2	Styrke samarbeidet med statlege etatar om finansiering og tiltak	

3.3.2.1	Gjennomføre øving kvart 2 år med varierande tema/hendingar	Nye beredskapsplanar er utarbeida 8.mars og 10.mai. Berdskapsleiinga har fått opplæring i t i ny metodikk 28.mai og øvd 1.juni. Fylkesmannen har evaluert oss
3.3.2.2	Arbeide for einsarta forståing og gode arbeidsmetodar med andre offentlege og private aktørar om beredskapsarbeidet	Det er lagt opp til ein tverrfagleg øving 25.september mellom Seljord kommune, politi, ambulanse, Røde kors. Koordinert planlegging 19.mars, 18.juni.
3.3.2.3	Tilby tilsette god opplæring og riktig utstyr	
3.3.2.4	Dersom det kjem for leige ledige lokalitetar som kan egne seg for samlokalisering av tenestene teknisk, brann og sivilforsvar, så skal ein vurdere konsekvensar for ei slik etablering	Eige vedtak om å sjå etter nye lokaliteter til brannstasjon fatta i mai.
3.3.3.1	Auka rammer og ressursar for beredskap i kommunen	Må sjåast på i budsjett 2019. Ingen ledige midlar til dette i budsjett 2018
3.4.1.1	Fylgje opp kommunens ansvar med kontroll og oppfylging av brot på bu – og driveplikta	Næringskontoret kan dokumentere at kommunens lovpålagte ansvar for at bu – og driveplikta blir følgt opp. Det kan spesielt nemnast at næringskontoret har gjort ei analyse av jordarealet det ikkje vert søkt produksjonstilskot på for å få avdekka kva årsakssamanhengar som ligg bak dette. Dette er eit arbeid som vil bli følgt opp fortløpande og landbruksnæringa i kommunen vil bli informert for å få mest mogleg av tilgjengeleg jordbruksareal i drift for matproduksjon.

3.1	**Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innafor tettstadsgrensa.**			**Rapportering årsmelding**
3.1.1	Sikre sårbare naturressursar og vassdrag ved å fylgje opp revisjon av konsesjonsvilkår for Sundsbarm og Seljordsvatnet	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Ikkje noko nytt frå NVE om tidspunkt for synfaring. Truleg synfaring ila 2019. Leiinga i Seljord kommune har hatt møte med Skagerak energi.
3.1.2	Deltaking i kompetanse hevande samarbeid om kraftsaker i Øvre Telemark	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Rådmannen har delteke på siste møtet.
3.1.3	Deltaking i program for fortetting med kvalitet i Telemark 20I7- I8	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	
3.1.4	Fylgje opp vedtekne reguleringsplanar for Vekan og Lomodden	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	
3.1.5	Bistå grunneigarar til å ta vare på kulturminne og kulturlandskap.	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Vi gjev råd til grunneigarar om Norsk kulturminnefond (NKF), SMIL og andre tilskotsordningar.
3.1.6	Samarbeide med nettverket for bygningsvern	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	
3.1.7	Fylgje opp planane på Eventyrøy med Nyskapande aktivitetsarenaer	K-sjef PO4/5	31.12.2018	Avslutta
3.1.8	Aktiv bidra til at kommunes strategiar/arealpolitikk i overordna KDP/KP blir fylgt opp ved private reguleringsplanar	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Oppstart av fleire private planar hausten 2018, høg aktivitet
3.1.9	Bruke utbyggingsavtaler som verktøy for å sikre at rekkjefylgjekrav blir fylgt	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Ikkje vore aktuelt til no. Tek kontakt ved behov.
3.1.10	Utvikle møteplassane ved skulane for å leggje til rette for fysisk aktivitet, leik og samhandling	K-sjef PO2	Kontinuerleg	Opprusting av utemiljøet ved Seljord bsk og Flatdal skule.

3.1.11	Vidareutvikle, i samarbeid med Telemark fylkeskommune, busstilbodet lokalt og regionalt.	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	
3.1.12	Deltaking og aktiv medlemskap i E 134 Haukelivegen AS, Lyntogforum og Telemarksvegen AS	Rådmann	Kontinuerlig	Har i hovudsak blitt fylgt opp via ordførar
3.1.13	Få på plass plan for vedlikehald, drift og standard av kommunale vegar og bruer	K-sjef PO4/5	31.12 2018	Arbeidet er planlagt starta opp hausten/vinteren 18 -19, noko utsatt grunna omorganiseringsprosess. Er under utarbeiding.
3.1.14	Sjå til at utvikling av nytt kollektivknutepunkt på Vekan i tråd med ATP – Telemark blir iverksatt	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	TFK ser på ekstra løyver til tiltaket
3.1.15	Jobbe for ferdigstilling av turveg "bygdetråkk" mellom Sjøormtårnet og Dyrskuplassen	K-sjef PO4/5	Planperiode	Ingen endring
3.1.16	Prosjektere/ finne finansiering for turvegbru over Vallaråi frå Eventyrøy til Bjørgeøyan	K-sjef PO4/5	2019	Ingen endring
3.1.17	Betre G/s vegnettet frå Flatdal til Seljord sentrum, sjåast saman med Opplevingsvegprosjektet	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Det arbeidas aktivt for å finne løysingar for tilfredstillande gå og sykkelveg frå Flatdal til Seljord utanom E134.
3.1.18	Ny g/s veg til nytt bustadområde på Sinnesodden skal ha høg prioritet	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Ny g/s veg er med i plan for Sinnesodden som er varsla oppstart av hausten 2018.
3.1.19	Prosjektere infrastruktur på Vekan i tråd med utbyggingsavtala	K-sjef PO4/5	01.06.2018	Mindre oppussing og litt asfaltering gjennstår. Vert heilt ferdigstilt våren 2019.
3.1.20	Auke kunnskap hjå administrasjonen om universell utforming. Syte for gode rutinar intern i kommunen	K-sjef PO4/5	31.12.2018	
3.2	**Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysningar.**			
3.2.1	I samband med vurdering av nytt interkommunalt innkjøpssamarbeid, vektlegge miljø og meir lokale løysingar innanfor dei lovpålagte rammene	Rådmann	Juni 2018	Seljord kommune knytt seg til Innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark jmf sak i k-styre 45/18
3.2.2	Vurdere El- eller hybridbil i staden for diesel/bensinbil ved inngåing av nye Leasingavtalar	Rådmann	Kontinuerleg	Ikkje vere aktuelt så langt i 2018
3.2.3	Oppstart rullering Klima og energiplan	K-sjef PO4/5	01.06.2018	Ingen endring, jf tidlegare rapportering.
3.2.4	Ha god kontakt med og søkje om råd og rettleiing hjå statlege instansar når det gjeld utforming av og tiltak på flaum - og skredsikring i kommunen	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Kontinuerleg.
3.2.5	Fylgje opp revisjon av konsesjonsvilkår for Sundsbarm og Seljordsvatnet	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Ikkje noko nytt om tidspunkt for synfaring. Har hatt møte med Skagerak energi som også ynskjer snarleg synfaring.
3.2.6	Ha ein tett dialog med Midtre Telemark vassområde om tiltak i regional plan for vassforvaltning.	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Kontinuerleg.
3.2.7	Styrke kapasitet (auka ressursar) og kompetanse i eigen organisasjon slik at kommunen kan sikre at arbeidet startar opp raskare	K-sjef PO4/5	2019	
3.2.8	Ferdigstille overordna vatn og avløpsplan. Planlegge for utviding/ vedlikehald av v/a-nettet gjennom ny hovudplan for v/a	K-sjef PO4/5	01.11.2018	Blir ferdigstilt våren 2019
3.2.9	Vurdere innføring av tvungen påkopling for alle eigedomar i Seljord sentrum til kommunalt nett. Skal gjelde der nettet alt er ført fram/går over eigedomen, og dersom kostnadane ikkje er uforholdmessig store	K-sjef PO4/5	31.12.2018	Sjåast i samanheng med pkt. over.
3.3	**Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska**			

	hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.			
3.3.1	Oppdatere ROS og beredskapsplanar på virksomhetsnivå/avdelingsvis som tar utgangspunkt i overordna ROS og beredskapsplan	Rådmann	01.05.2018	
3.3.2	Gjennomføre øving kvart 2 år med varierande tema/hendingar	Rådmann	01.05.2018	Øvinga 25. sept 2018 ble utsatt pga kapasitetsutfordringar. Ny øving blir planlagt til våren 2019.
3.3.3	Tilby tilsette god opplæring og riktig utstyr	Rådmann	Kontinuerlig	
3.3.4	Auka rammer og ressursar for beredskap i kommunen	Rådmann	01.07.2018	Det må jobbast inn i budsjett 2019. Det er ikkje beudsjettmessig dekning for dette i 2018
3.3.5	Få på plass beredskapsvaktordning for teknisk/vatn/avløp	K-sjef PO4/5	15.03.2018	Beredskapsvaktordning er innført
3.4	**Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder.**			
3.4.1	Følgje opp satsing på utvalde kulturlandskap Svartdal/Hjartdal og vurdere innlemming av Flatdal	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	Kontinuerleg arbeid. Fmsk.sak 46/18 om innlemming av Flatdal i UKL vart utsett til forvaltingsplanen er utarbeidd og handsama i styret for UKL.
3.4.2	Sikre god kunnskap om GIS og kartkompetanse i administrasjonen	K-sjef PO4/5	Kontinuerleg	
3.4.3	Vurdere områdekartlegging i samband med SMIL-ordninga og i samarbeid med grunneigarar i Flatdal	K-sjef PO4/5	31.12.2018	Administrasjonen har ikkje kome i mål med vurdering av områdekartlegging i samband med SMIL-ordninga. Områdekartlegging er tatt opp i møte med faglaga i kommune og i enkelte SMIL-søknader. T.d er områdekartlegging tatt opp som viktig moment i saker knytt til hydrotekniske anlegg ved Flatdøla. Viktige moment som må jobbast meir med for å få til ein områdeplan er gode grunneigaravtaler og å hente inn fagkompetanse. Administrasjonen vil jobbe vidare med saka og innhente erfaring med områdeplanar frå dei andre kommunane i Telemark.
3.5	**Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd**			
3.5.1	Få utarbeidd og sett i verk eit prosjekt der arrangement og festivalar ser på ulike grøne løysningar for avfallsmengder og avfallshandtering, transport, ivaretaking av kulturlandskapet osb. Dyrsku`n, arrangørane og lokalt nærings- liv og lag- og foreiningar er viktige samarbeidspartar her	K-sjef PO4/5	1.12.2018	

Måloppnåing og utvikling i 2018

Statistikk over arbeidsplassutviklinga i Seljord viser; Dei siste åra er det er ein markant nedgang i både privat og offentleg sektor. Dersom ein målar næringsattraktivitet jamfør mål i samfunnsdel på pluss 20 kvar år så faller det særs dårleg ut. For 2018 var næringsattraktiviteten på - 45.



Figuren over syner korleis ein har måla næringsattraktivitet i Seljord kommune. Det er tilnærma lik nedgang i tal på arbeidsplassar innafor privat og offentleg sektor. Nedgangen i offentleg sektor på 25 arbeidsplassar skil seg ut frå tidligare år, der ein ikkje har hatt særskilt store endringar. Dei fleste av desse kjem frå statleg verksemd.



Tabellen til venstre syner utviklinga på tal av arbeidsplassar i Seljord dei siste 18 åra. Her ser ein at det ikkje har vore store endringar i tal på offentlege arbeidsplassar dei siste 5 åra. Det er fyrst i 2018 ein får ein markert nedgang. For privat sektor syner statistikken ein nedgang i tal på arbeidsplassar sidan 2013, då kommunen hadde god vekst.

Tabellen under syner korleis vekst og nedgang i arbeidsplassar fordeler seg på ulike bransjar. For 2018 ser ein at det er særskilt innanfor bransjar som bygg og anlegg og forretning/tenesteyting som utgjer eit negativt tal på arbeidsplassar i privat sektor.

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Vekst
Anna industri	79	64	56	76	63	58	51	55	61	62	50	57	43	48	43	40	42	30	30	0
Næringsmidler	14	11	14	16	20	18	19	20	23	26	46	49	33	33	34	25	28	29	25	-4
Olje- og gassutvinning	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Prosessindustri	2	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Verkstedindustri	33	38	9	12	13	15	14	16	19	13	6	1	1	1	0	1	0	0	0	0
Fisk	0	0	0	0	1	0	0	0	1	1	1	1	0	0	0	0	1	0	0	0
Gruve	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	3	2	2	2	0	0	0	0	0
Landbruk	64	56	53	50	51	66	80	81	86	87	70	57	67	73	73	60	57	64	56	-8
Olje- og gasstjenester	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Teknisk/vitenskap	29	30	63	31	31	34	36	37	37	41	41	42	45	47	51	48	44	46	54	8
Tele og IKT	1	2	3	5	5	4	6	12	14	14	14	14	17	18	19	14	17	19	30	11
Basis	**222**	**202**	**198**	**190**	**184**	**195**	**206**	**221**	**241**	**244**	**229**	**224**	**208**	**222**	**222**	**188**	**189**	**188**	**195**	**7**
Aktivitet	17	20	25	19	29	24	26	30	36	38	45	52	45	47	51	57	62	47	55	8
Handel	230	227	214	241	246	263	299	285	272	274	271	264	258	262	256	271	254	237	240	3
Overnatting	35	31	38	39	41	37	37	28	30	24	38	41	32	29	27	30	36	29	29	0
Servering	45	33	34	32	28	41	36	37	38	34	36	24	32	31	36	24	29	33	26	-7
Besøk	**327**	**311**	**311**	**331**	**344**	**365**	**398**	**380**	**376**	**370**	**390**	**381**	**367**	**369**	**370**	**382**	**381**	**346**	**350**	**4**
Agentur og Engros	14	13	14	11	14	11	14	14	17	24	20	20	19	18	23	21	25	17	17	0
Bygg og anlegg	138	145	146	139	162	149	133	154	204	206	194	139	150	162	159	174	155	172	131	-41
Diverse	55	51	50	60	62	66	76	79	89	84	89	87	98	97	79	67	57	57	66	9
Finans, eiendom, utleie	33	36	38	35	35	35	40	41	40	33	35	32	32	28	24	19	19	20	18	-2
Forr tjenesteyting	32	37	34	65	68	66	135	45	51	59	60	63	61	63	59	62	66	71	57	-14
Transport	114	121	129	128	134	155	157	140	136	142	127	121	144	170	167	110	118	116	108	-8
Utleie av arbeidskraft	0	1	0	0	2	1	1	1	0	0	0	0	2	2	2	1	1	2	1	-1
Regional	**386**	**404**	**411**	**438**	**477**	**483**	**556**	**474**	**537**	**548**	**525**	**462**	**506**	**540**	**513**	**454**	**441**	**455**	**398**	**-57**
Lokale næringer	44	41	30	5	6	7	7	7	7	8	13	13	9	11	13	15	12	14	28	14
Privat	**979**	**958**	**950**	**964**	**1 011**	**1 050**	**1 167**	**1 082**	**1 161**	**1 170**	**1 157**	**1 080**	**1 090**	**1 142**	**1 118**	**1 039**	**1 023**	**1 003**	**971**	**-32**
Kommune	288	299	293	296	302	319	320	336	345	336	352	351	367	354	361	368	381	381	377	-4
Stat	36	37	106	93	98	89	93	100	101	96	94	93	91	93	88	74	69	66	47	-19
Fylke	112	96	25	4	5	4	9	11	11	12	13	13	36	35	33	33	28	25	23	-2
Offentlig	**436**	**432**	**424**	**393**	**405**	**412**	**422**	**447**	**457**	**444**	**459**	**457**	**494**	**482**	**482**	**475**	**478**	**472**	**447**	**-25**
Total	1 415	1 390	1 374	1 357	1 416	1 462	1 589	1 529	1 618	1 614	1 616	1 537	1 584	1 624	1 600	1 514	1 501	1 475	1 418	-57



I figuren til venstre ser ein kor dei sysselsette i Seljord arbeidar.

Kommunen utgjer, saman med andre lokal offentlege etatar, den største sektoren. Utpendlinga har vore stabil over fleire år, med ein liten auke i 2018.



Seljord kommune har dei siste 10 åra hatt høgare innpendling enn utpendling. I 2018 snudde denne trenden og ein fekk ei nettoutpendling der differansen er på – 7 personar. Dei blå søylene i grafen til venstre syner netto utpendling.

Ser ein på målsetting om bustadattraktivitet er bildet litt annleis. Sjølv om kommunen har negativ befolkningsvekst og ein negativ nettoinnflytting, er bustadattraktiviteten ikkje dårleg. For 2018 blei resultatet + 5 personar. Jamfør figur under.



I planperioden har ein lagt opp til at kommunen skal ha vekst i tal på innbyggarar og på arbeidsplassar. Utviklinga syner noko anna. Det gir også eit endra bilete på framtidsscenario.





Figuren over til venstre syner befolkningsframskriving for ulike attraktivitetsscenario slik den ser ut etter 2018. Den fråviker ein del frå den som låg til grunn for kommunes samfunnsdel i 2017. (Figur til høgre). Det er fleire grunnar til at utsiktene til befolkningsvekst går ned. Nasjonal innvandring, fødselsunderskott og mindre arbeidsinnvandring er noko av årsaka. Det som kanskje påverkar mest er nedgang i arbeidsplassar som har vore dei siste åra. Under til venstre er scenarioet etter den negative arbeidsplassveksten i 2018 innafor privat sektor. Den syner at dersom kommunen ikkje blir meir attraktive for private næringar så vil utviklinga forverre seg utover i perioden. Det skapar store utfordringar for ein liten kommune som Seljord.



Samfunnstryggleik og beredskap

Seljord kommune har ein organisasjon for handtering av beredskapssituasjonar som består av tre hovedelement:

- Beredskapsråd – samarbeidsorgan under leiing av ordførar med deltaking frå kommunale fagorgan, politiet, forsvaret, sivilforsvaret og friviljuge organisasjonar.
  Beredskapsrådet har vore samla ein gong i 2018.

- Beredslapsleiing – tar seg av beredskapssituasjonar og består av ordførar, rådmann, personal- og organisasjonssjef, kommunalsjef skule og oppvekst, kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef samfunnsutvikling og drift, kommuneoverlege, rådgivar media og kommunikasjon, loggførar, beredskapskoordinator og evnt tiltreande interne og/eller eksterne resursar. Beredskapskoordinator dekker funksjonen operasjon i beredskapsleiing og står for beredskapsarbeidet utanom beredskapshandsaming.

- Psykososialt kriseteam – gjev omsorg og støtte ved alvorlege hendingar i Seljord kommune.

I 2018 ble det vedtatt nye overordna beredskapsplanar og bruk av proaktiv stabsmetodikk som arbeidsverktøy i beredskapshendingar i Seljord kommune. Alle nye tematiske beredskapsplanar i Seljord skal fylgje malen for oppbygging som dei overordna beredskapsplanane. Ein administrativ del (Blå plan) som skildrar hovudtrekka for korleis ein fører beredskapen. Denne skal vera open for offentligheita. Del to er ein operativ del (raud plan) som i detalj beskriv korleis ein utøver beredskap, prosedyrar, aksjonskort for einskilde hendingar. Denne delen skal unntas offentligheita for å minimere risikoen at menneskjer med tilsikta onde hensikter skal kunne ramme handsaminga av beredskapssituasjonen.

Det har ikkje vore hendingar i 2018 som har krevd mobilisering av beredskapsleiinga
Medlemmar av beredskapsleiinga har delteke på Fylkesmannens CIM-øvingar i løpet av året.

Ytre påverknad av miljø

All menneskeleg aktivitet påverkar miljøet. Seljord kommune og alle andre kommunar påverkar det ytre miljø på ulike måtar. Vi har ikkje direkte måleindikatorer som seier noko om på kva måte og korleis vi skal reduserer påverknaden til det ytre miljø. Dette er noko ein må arbeide med slik at kommunen greier å redusere energiforbruket sitt og utsleppa sine frå dei kommunale einingane både når det gjeld innkjøp, reising, energi og avfall.



Miljødirektoratet har utarbeidd statistikk over utslepp av CO_2-ekvivalenter frå ulike område for kvar kommune. For Seljord sin del syner statistikken ein positiv utvikling på dei aller fleste områda. Det er kun innafor landbruk at ein ser ei svakt negativ utviklinga.

Kommunen si økonomiske stilling

Situasjon

Frå og med budsjettet for 2013 har kommunen stilt opp nokre måltal for økonomisk styring.

Indikator	Anbefalt nivå	Rekneskap 2018	Måltal/ Handlingsregel
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	1,75 %	÷ 0,1 %	1,75 %
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	5 % - 10 %	3,3 %	5 %
Netto rente- og avdragsutgifter i % av sum driftsinntekter	2 % - 3 %	2,4 %	3 %
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	50 % - 60 %	74,2 %	50 % - 60 %

"Anbefalt nivå" kjem frå ein rapport Telemarksforsking utarbeidde på oppdrag frå kommunane i Telemark i 2012. "Måltal/Handlingsregel" er kommunestyret sitt val om kvar dei vil ligge i høve til "anbefalt nivå". Eit netto driftsresultat på 1,75 % er tilrådd av "Det tekniske beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi", eit utval oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Sum driftsinntekter (ekskl. renteinntekter og utbyte og mottekne avdrag på utlån) var i 2018 **kr 310.205.000**. Netto rente- og avdragsutgifter er renteutgifter og avdrag på lån, fråtrekt renteinntekter og utbyte og mottekne avdrag på utlån. Netto lånegjeld er langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktningar), fråtrekt utlån og unytta lånemidlar.

Indikator	Måltal (i kr)	Rekneskap (i kr)	Avvik (i kr)	Avvik (i %)
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	5.429.000	÷ 464.000	÷ 5.893.000	÷ 108,5 %
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	15.510.000	10.384.000	÷ 5.126.000	÷ 33,0 %
Netto rente- og avdragsutgifter i % av sum driftsinntekter	9.306.000	7.397.000	+ 1.909.000	+ 20,5 %
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	170.613.000	230.234.000	÷ 59.621.000	÷ 34,9 %

Når det gjeld netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter er det lagt til grunn eit måltal på 55 %.

Netto rente- og avdragsutgifter er etter måten låge. Dette skuldast både lågt rentenivå, låge avdragsutgifter og ganske høgt utbyte frå VTK. Her er det vert å merkje seg at mesteparten av lånegjelda (96,9 %) er med flytande rente og avdragsutgiftene ligg på kommunelovas absolutte minimumsnivå. **Skulle vi brukt den andre modellen for utrekning av minimumsavdraget, den som skal brukast frå og med 2020, måtte vi ha betalt/utgiftsført kr 3,355 mill. meir i avdrag.** I tillegg har vi utbyte frå Vest-Telemark kraftlag (VTK) og renteinntekter frå VTK på eit ansvarleg lån på kr 28,5 mill. Dette er midlar som i 2007 vart tekne ut som ekstraordinært utbyte og deretter lånt ut att til VTK. Renteinntektene i 2018 på dette lånet til VTK var kr 582.000. Utbytet frå VTK i 2018 var kr 4,18 mill. (Seljord kommune sin del, 19 %, av eit samla utbyte på kr 22 mill.).

Brutto lånegjeld er kr 282.275.000, men fråtrekt utlån på kr 36.114.000 og unytta lånemidlar på kr 15.927.000, vert netto lånegjeld kr 230.233.000.

Det største utlånet er det ansvarlege lånet til VTK på kr 28,5 mill. Dei andre utlåna er Startlån kr 7.437.000, sosiallån kr 174.000 og eit obligasjonsinnskot i VTK på kr 3.000.

Det er viktig å merke seg at kommunen har ei høg lånegjeld i høve til driftsinntektene. Investeringsbudsjettet bør difor ligge lågt i framtida med fokus på investeringar som er naudsynte for å gjennomføre lovpålagt tenesteproduksjon.

Eit anna problem som har vist seg å få monaleg negativ verknad er pensjon og handsaming av pensjonskostnader. Ordninga har ført til at kommunen utgiftsfører lågare pensjonskostnader enn det som faktisk har blitt betala inn til pensjonskassene. Betalt, men enno ikkje utgiftsført pensjonspremie er no kr 14,6 mill. (inkl. arbeidsgjevaravgift), akkumulert i åra 2004-2018. Dette er ein høgding på kr 0,6 mill. frå 2017.

Oppdrag

I handlingsprogrammet har kommunestyret vedteke slik "handlingsregel": ***"Det er ei målsetjing at netto driftsresultat over tid skal vere om lag 1,75 %"*** .

I opphavleg budsjett 2018 var netto driftsresultat ÷ 2,12 % og justert budsjett ÷ 1,37 %. Resultatet vart ÷ 0,15 %.

Oversyn 2013 til 2018 over måltal for økonomisk styring (2013 var første rekneskapsåret etter at kommunestyret stilte opp måltala):

Måltal	Minimum 1,75 %	Minimum 5 %	Maksimum 3 %	Maksimum 55 %
År	**Netto driftsresultat**	**Disposisjons-fond**	**Netto rente- og avdragsutgifter**	**Netto lånegjeld**
2013	0,5 %	0,8 %	3,6 %	70,5 %
2014	2,5 %	2,3 %	2,9 %	66,7 %
2015	2,2 %	3,6 %	3,2 %	72,3 %
2016	1,6 %	5,5 %	3,3 %	74,2 %
2017	÷ 1,7 %	5,1 %	2,9 %	75,8 %
2018	÷ 0,1 %	3,3 %	2,4 %	74,2 %
Snitt 2013-2018	**0,8 %**	**3,4 %**	**3,1 %**	**72,3 %**

Markeringar med gusjegrønt er der måltala er oppnådd.

Investeringar

Det har vore 31 ulike investeringsprosjekt i gang i 2018 med ein samla brutto kostnad på kr 43.417.000, jf. line 1 "Investeringar i anleggsmidlar" i Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen. Desse er:

Prosj.	Prosjektnman	Oppstart	Tidlegare	2018	Totalt
122	Elektronisk fakturabehandling	2017	304 000	34 000	338 000
123	Fiberkabel til skulane i sentrum	2018	0	201 000	201 000
124	IT-lisensar (Citrix og Microsoft)	2018	0	1 162 000	1 162 000
127	Elektroniske reiserekningar/Reisemodul	2018	0	57 000	57 000
233	Seljord barneskule, oppgradering av uteområde	2015	306 000	97 000	403 000
244	Bil flyktningetenesta (og EMF)	2018	0	117 000	117 000
319	Bukollektiv/Dagsenter/Tilbygg demens/Garasje	2015	11 952 000	32 202 000	44 154 000
321	Steinmoen. Omgjering av ei leiligheit til to	2018	0	358 000	358 000
401	Lakshøl	2001	176 000	1 000	177 000
421	Inventar og interiørarkitekt til nytt bibliotek	2017	795 000	521 000	1 316 000
425	Grøntanlegg/Parkering (rive gamle bibliotektet)	2018	0	360 000	360 000
525	Trafikktryggleikstiltak	2001	9 269 000	967 000	10 236 000
530	Bustadomr. Tømmeråsen (salsomk./annonser)	2011	6 548 000	21 000	6 569 000
537	Bustadomr. Sundbøhaugen (salsomk.)	2018	0	2 000	2 000
571	Nytt vassverk i Seljord	2007	50 366 000	212 000	50 578 000
574	Avlaupsanlegg på Bjørgesida og Vallar	2017	312 000	598 000	910 000
585	Århus industriområde, vatn og avlaup	2013	2 237 000	9 000	2 246 000
589	Slamcontainer på Seljord renseanlegg	2017	22 000	565 000	587 000
591	Rehabilitering av Bygdaråi bru	2016	2 234 000	436 000	2 670 000
593	Nytt FKB-kartleggingsprosjekt – komm. bidrag	2017	150 000	200 000	350 000
595	Nytt overvakingssystem ytre anlegg (avløp)	2017	174 000	422 000	596 000
597	Ledningsnett Vekan	2018	0	4 604 000	4 604 000
598	Kompressor pusteluft røykdykkarar	2018	0	134 000	134 000
599	Båt til brannvesenet	2018	0	114 000	114 000
602	Stormoen gnr. 125/10	2018	0	23 000	23 000
				43 417 000	

Økonomi og resultat for programområda

Økonomisk oversyn 2018, samanlikna med justert budsjett 2018 og rekneskap 2017

Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
100 Folkevalde	2 615	2 215	2 459	11 %
101 Kontrollorgan mm.	861	891	797	11 %
110 Rådmannskontor og fellestenester	15 369	7 940	8 852	11 %
111 Økonomiavdeling	4 537	4 385	4 790	9 %
112 IT	5 085	6 071	5 655	7 %
113 Telefon	387	307	464	51 %
114 Forsikringar	874	895	933	4 %
116 Personal- og merkantilavdeling	5 166	4 993	5 278	6 %
125 NAV kommune	6 496	5 995	6 988	17 %
130 Kyrkjelege føremål	4 137	4 219	4 279	1 %
150 Tilleggsløyvingar	0	10	0	-
180 Skattar og rammetilskot mm.	2 168	2 116	1 941	8 %
190 Renter og avdrag	12 763	13 107	12 701	3 %
199 Avskrivingar	12 323	12 325	13 080	6 %
999 Rekn. meirforbruk/mindreforbruk	4 756	0	2 124	-
Sum	**77 537**	**65 469**	**70 341**	**7 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
100 Folkevalde	59	4	24	500 %
101 Kontrollorgan mm.	17	16	16	0 %
110 Rådmannskontor og fellestenester	1 243	572	560	2 %
111 Økonomiavdelinga	259	203	571	181 %
112 IT	1 516	1 408	1 027	27 %
113 Telefon	75	60	77	28 %
114 Forsikringar	0	0	0	0 %
116 Personal- og merkantilavdeling	614	438	764	74 %
125 NAV kommune	1 431	678	1 598	136 %
180 Skattar og rammetilskot mm.	210 122	215 565	217 122	1 %
190 Renter og avdrag	4 366	6 048	5 567	8 %
199 Avskrivingar	12 323	12 325	13 080	6 %
999 Rekn. meirforbruk/mindreforbruk	9 499	4 672	4 672	0 %
Sum	**241 523**	**241 989**	**245 078**	**1 %**
Samandrag (kr 1.000)	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	77 537	65 469	70 341	7 %
Drifts- og finansinntekter	241 523	241 989	245 078	1 %
Netto drifts- og finansinntekter	**163 986**	**176 520**	**174 737**	**1 %**

Kommentarar til rekneskap PO 1

På ansvar 180 "Skattar og rammetilskot" vart summen av skatt, naturressursskatt og inntektsutjamning kr 85.987.000, som var kr 303.000 meir enn justert budsjett. Sal av konsesjonskraft kom på kr 6.310.000, som heile kr 2.339.000 meir enn budsjettert. «Utgifta» på ansvar 999 er bokføring av mindreforbruket (overskotet) i 2018 på kr 2.124.000.

Programområde 2 Skule og oppvekst

I 2018 kom det signal om at Seljord ikkje lå an til å få nye flyktningar etter 2018. Tenesta tok difor mål av seg til å gjennomføre ein sterk reduksjon, for på sikt å avviklast. På tampen av 2018 kom det likevel ein oppmoding til Seljord kommune om å busette fleire flyktningar.

Driftsnivået ved skulane er høgt ved utgangen av 2018. Det har vore kraftig elevtalsauke ved sentrumsskulane i perioden 2010-2018. Vi har no dei høgaste barnetala nokon gang. Det er venta gradvis reduksjon framover, og reduksjon i inntekter.

Skulane peikar særleg på arbeidet med framandspråklege elevar som ikkje får eit godt nok tilpassa opplegg som utfordrande. Vi har og eit høgt volum på spesialundervisning og økte kostnader til vikarbruk.

Kulturskulen i Seljord har eit godt musikktilbod, men utover det er det berre teater som tilbys som ordinært tilbod. To kortare periodar med danseundervisning, til saman 16 veker.

I 2018 starta den digitale satsinga, med bruk av digitale læremidler og læringsbrett (Ipad). Dette kravde både investering i infrastruktur, kompetanseauking, læremiddelløysingar og maskinvare. Læringsbretta er i hovudsak anskaffa via leigeavtale.

I 2018 kom og initiativ til deltaking i dei store statlige satsingane som «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» og desentralisert kompetanseutvikling, i tillegg til det fylkeskommunale prosjektet «Liv og røre» og eit regionalt «Prosjekt spesialundervisning». Det vart gjort vedtak om å innføre 5-dagars skuleveke, og omorganiseringsprosessen for PO2 blei utsatt med eitt år.

I 2018 fekk Flatdal skule, Seljord ungdomsskule og flyktningtenesta nye leiarar i tillegg til ny kommunalsjef for PO2.

Elevtal grunnskulen

Skule/år	2013	2018	Auke
Flatdal	66	64 (39 gut/25 jente)	-2
Seljord bsk	166	192 (79 gut/113 jente)	+26
Seljord usk	103	120 (63 gut/57 jente)	+17
	335	376	+41 elevar

Om lag 12% positiv elevtalsauke i perioden.

Elevtal kulturskulen

Tilbod/kjønn	Gut	Jente	Totalt
Grunnskulealder	28	69	97
Over grunnskulealder	7	11	18
Sum elevar			115

Tilbod/plassar	Elevplassar	Venteliste
Musikkundervisning	128	19
Visuelle kunstfag	0	0
Teater	7	2
Dans	16	0
Andre kunstuttrykk	0	0

Barnetal barnehage

Barn under 3 år	Barn over 3 år	Sum
38	78	116
Barn med anna morsmål enn norsk, samisk, dansk, svensk og engelsk		17

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar		Rekneskap 2017	Budsjett 2018 (justert)	Rekneskap 2018	Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)
200	Fellestenester PO 2	8 259	4 884	5 895	21 %
205	Bustad EMF (einslege mindreårige flyktningar)	8 558	15 800	15 002	5 %
210	Seljord barneskule	20 550	20 465	22 569	10 %
211	Seljord ungdomsskule	15 500	15 641	16 887	8 %
212	Flatdal skule	10 587	10 135	10 771	6 %
213	Åmotsdal skule	143	0	0	-
220	Heddeli barnehage	8 692	8 685	8 856	2 %
221	Tussejuv barnehage	10 993	10 511	10 113	4 %
222	Flatdal barnehage	3 424	3 534	4 024	14 %
223	Åmotsdal barnehage	3 691	3 721	3 511	6 %
230	Kulturskulen	4 483	4 376	4 535	4 %
Sum		**94 880**	**97 752**	**102 163**	**5 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar		**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
200	Fellestenester PO 2	4 802	194	1 077	455 %
205	Bustad EMF (einslege mindreårige flyktningar)	6 915	8 275	10 442	26 %
210	Seljord barneskule	3 008	2 470	3 957	60 %
211	Seljord ungdomsskule	2 027	1 327	2 300	73 %
212	Flatdal skule	1 615	943	1 756	86 %
213	Åmotsdal skule	105	0	0	0 %
220	Heddeli barnehage	1 573	1 429	1 754	23 %
221	Tussejuv barnehage	2 911	1 795	2 224	24 %
222	Flatdal barnehage	703	650	987	52 %
223	Åmotsdal barnehage	525	485	548	13 %
230	Kulturskulen	1 176	1 150	1 110	3 %
Sum		**25 360**	**18 718**	**26 155**	**40 %**

Samandrag (kr 1.000)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 (justert)	Rekneskap 2018	Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)
Drifts- og finansutgifter	94 880	97 752	102 163	5 %
Drifts- og finansinntekter	25 360	18 718	26 155	40 %
Netto drifts- og finansutgifter	**69 520**	**79 034**	**76 008**	**4 %**

Kommentarar til rekneskap PO 2

PO2 iverksatte hausten 2018 eit sterkt fokus på å redusere utgiftene. I første omgang for å dempe eit tidlegare varsla meirforbruk. Flyktningtenesta hadde i 2018 eit sterkt redusert driftsnivå, mens tilskot og andre inntekter ble oppretthaldt. Denne situasjonen medførte eit stort mindreforbruk. Om lag 2,5 mill av mindreforbruket i PO2 kan adresserast til flyktningtenesta. Dei resterande 0,5 mill i mindreforbruk for skule og barnehage skyldast eit svært restriktivt forbruk siste del av 2018 på trass av ei økonomisk ramme som i utgangspunktet er beskjeden.

I skulen har det høge talet på barn sprengt rammene både i forhold til det høge nivået i seg sjølv men også i forhold til auke i talet på flyktningar, behov for spesialundervisning og oppfølging i form av assistentressursar. Dette gjør seg særlig gjeldande på Seljord barneskule. Det er også meldt inn at det har vært auke i vikarbehov.

Skule og barnehage har ingen buffer når det gjeld å rigge ekstra tilrettelegging og innsats når behov oppstår i løpet av skuleåret. Dette gjør seg spesielt gjeldande når det kjem nye flyktningar. Seljord har eit stort volum på oppfølging og spesialundervisning etter vedtak enn andre kommunar.

I barnehage er det det og merka ein auke i behov for styrking og tilrettelegging. Dette kan være både assistentar, spesialpedagog og logoped men også tenester ein må hente inn eksternt. Kommunens spesialpedagog og logoped er utnytta fullt ut, og reduserer bruk av eksterne i oppfølgingsarbeidet. Behova variera mellom barnehagane, og det er og flytta folk i mellom, for å optimalisere bruk av eige ressursar.

Kulturskulen har redusert sal av tenester til andre kommunar, og har såleis ein mindreinntekt som ikkje har blitt ivaretatt rent budsjettmessig.

Programområde 3 Helse og omsorg

I 2018 har tenestene i Helse og omsorg hatt stor fokus på omorganisering. Leiarsjiktet har gått frå 10 avdelingar til 4 eingar, og frå 10 avdelingsleiarar til 4 einingsleiarar og 1 avdelingsleiar. Dei nye einingane er: Open omsorg, Institusjon, Helseavdelinga og Tenester til funksjonshemma. Under Open omsorg ligg heimetenester, Nestunet bukollektiv og dagsenter, Steinmoen bu- og servicesenter, og hjelpemiddelsentralen. Under Helseavdelinga ligg legetenester/legekontor, legevakt, helsestasjons- og skulehelseteneste, psykisk helse og rus, og fysioterapitenesta. Det er utfordrande for einingane å få på plass ny organisering samtidig med full drift. Arbeidet fortsett i 2019.

Samhandlingsreforma har gitt mange nye arbeidsoppgåver, og har ført til eit større press på tenestene og har auka kravet om kompetansen i kommunen. I 2018 har det vore eit stort behov for å leige korttidsplassar i institusjon i annan kommune, men det har vore ein nedgang frå 2017. I 2017 vart kommunen fakturert for 434 døgn (1.085.000 kr) mot 340 døgn (860.850 kr) i 2018, noko som gav ein kostnadsreduksjon på ca. 220.000 kroner i 2018. Kommunen leiger primært plassar i

Kviteseid, men det har også vore naudsynt å leige i Nissedal. Kvaliteten på dei tenestene vi leiger er god og forsvarleg, men kommunen har mottatt klager på at vi ikkje har kapasitet til å tilby tenestene i eigen kommune.

Alle tenestene merkar det auka presset, og det er særleg merkbart i heimetenestene. I 2018 hadde heimesjukepleie 112 brukerar og mellom 90 – 100 planlagde brukaroppdrag pr. døgn. I tillegg kom akuttoppdrag. Til eksempel har 3 tilsette på dagvakt på helg ca. 44 oppdrag, dvs 14,6 faste oppdrag pr tilsett i løpet av ei vakt på 7,5 timar. I tillegg kjem køyring, rapportering akutte oppdrag og matpause.

Samhandlingsreforma gjev ikkje berre travlare kvardag i tenestene, men krev også ein annan kompetanse. Pasientane er ofte i aktiv behandling når dei kjem frå sjukehuset til heimen, noko som krev sjukepleiarkompetanse og ekstra opplæring. Det kan til eksempel vere intravenøs behandling med legemiddel, KOLS oppfylging og andre meir avanserte sjukepleiaroppgåver.

Ei anna utfordring det har vore jobba med i 2018 er velferdsteknologi. Seljord har sett saman ei ressursgruppe som har fokus på velferdsteknologi, men deltakarar frå heimetenester, tenestekontor, leiinga og teknisk etat. Kommunen har deltatt i forprosjekt for velferdsteknologi i Vest-Telemark, og vil fortsette i hovudprosjektet i 2019. Det er innført mobil omsorg i heimetenestene og tenesta er svært fornøgd med resultatet.

Helseavdelinga ved legekontoret starta i 2018 opp med prosjektet; Primærhelseteam. Dette er eit prosjekt som varar til våren 2021, og er i regi av Helsedirektoratet. Prosjektet tar sikte på å gje særskilt oppfølging av nokre pasientgrupper; skrøpelige eldre, kronisk sjuke pasientar, personar med utviklingshemming samt psykisk helse og rus. Primærhelseteamet består av helsesekretær, sjukepleiar og lege. Gjennom prosjektet får kommunen ei alternativ finansiering med driftstilskot basert på listepasientar per lege.

Frå 2020 er det krav om at kommunen har tilsett psykolog. Seljord samarbeider med Kviteseid og Nissedal om å tilsette psykolog i eit interkommunalt samarbeid. Kviteseid står for arbeidet med annonsering og tilsetting i samarbeid med samhandlingskoordinatoren.

I 2018 har kommunen hatt stor fokus på rehabilitering og habilitering. Det er sett saman eit rehabiliteringsteam med tverrfaglege ressursar som samarbeider om rehabiliteringsløpa i kommunen. I heimetenester har kommunen eit kvardagsrehabiliteringsteam, men i institusjon har det mangla eit tilsvarande tilbod. Hausten 2018 vart det sett saman eit rehabiliteringsteam i institusjon, og det vert jobba vidare med tiltaket i 2019.

Det har og vore fokus på ernæring i tenestene i 2018. Måltida i institusjon vart flytta og det er jobba med kartlegging. I tillegg er det sett saman eit ernæringsteam som har fokus på særskilte utfordringar for bebuarar i eigen heim eller i nokre av kommunens butilbod.

I november 2018 flytta bebuarane ved Heddeli bu- og servicesenter til nye Nestunet bukollektiv. Overgangen førte til ein reduksjon av plassar med heildøgns pleie og omsorg i kommunen. Som ein del av ombyggingsprosessen vart det bygd på 2 nye plassar ved avdeling for demente ved institusjonen, samt at ein stor bustad ved Steinmoen vart delt i to. Frå og med desember 2018 har kommunen 18 plassar ved dei to butilboda med heildøgns pleie og omsorg (9 på kvar), samt 32

plassar ved institusjonen. I tillegg har kommunen butilbod med heildøgns pleie og omsorg ved Heddelitunet. Dette tilbodet er særskilt tilrettelagt for personer med psykisk utviklingshemming.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 (justert)	Rekneskap 2018	Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)
300 Fellestenester kommunalsjef	21	142	1 062	648 %
310 Legetenester	14 549	9 162	10 373	13 %
311 Fysioterapitenester	1 678	1 680	1 752	4 %
312 Helsestasjon	2 598	2 706	2 687	1 %
313 Drift helsesenter	590	590	653	11 %
315 Legevakt	0	5 768	6 489	13 %
321 Barnevern	6 102	6 317	7 383	17 %
330 Tenestekontor	2 763	2 715	2 806	3 %
331 Heimetenester	14 772	14 896	14 594	2 %
332 Psykisk helse og rus	6 025	6 249	6 289	1 %
333 Nesbukti pleie- og omsorgssenter	33 520	30 969	33 978	10 %
334 Heddeli bu- og servicesenter	6 749	6 131	6 730	10 %
335 Steinmoen bu- og servicesenter	4 414	4 226	4 128	2 %
336 Omsorgsbustader	316	295	307	4 %
337 Teneste for funksjonshemma	11 071	10 064	11 462	14 %
338 Produksjonskjøken	0	2 190	2 647	21 %
Sum	**105 168**	**104 100**	**113 340**	**9 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
300 Fellestenester kommunalsjef	0	0	911	-
310 Legetenester	9 003	5 432	8 338	53 %
311 Fysioterapitenester	718	622	728	17 %
312 Helsestasjon	733	545	749	37 %
313 Drift helsesenter	144	153	148	3 %
315 Legevakt	0	3 368	3 967	18 %
321 Barnevern	0	0	0	0 %
330 Tenestekontor	168	108	106	2 %
331 Heimetenester	1 832	1 109	1 279	15 %
332 Psykisk helse og rus	814	504	776	54 %
333 Nesbukti pleie- og omsorgssenter	8 137	7 085	9 359	32 %
334 Heddeli bu- og servicesenter	1 652	1 618	1 854	15 %
335 Steinmoen bu- og servicesenter	896	874	865	1 %
336 Omsorgsbustader	1 296	1 439	1 316	9 %
337 Teneste for funksjonshemma	2 812	1 887	2 884	53 %
338 Produksjonskjøken	0	0	286	-
Sum	**28 205**	**24 744**	**33 566**	**36 %**

Samandrag (kr 1.000)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 (justert)	Rekneskap 2018	Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)
Drifts- og finansutgifter	105 168	104 100	113 340	9 %
Drifts- og finansinntekter	28 205	24 744	33 566	36 %
Netto drifts- og finansutgifter	**76 963**	**79 356**	**79 774**	**1 %**

Kommentarar til rekneskap PO 3

Helse -og omsorgstenesta er ein stor sektor som forvaltar ein betydelig del av kommunens samla driftsmidlar. Netto drifts- og finansutgifter i 2018 syner eit meirforbruk/mindreinntekt på

kr 418.000 (0,53 %). Det er mange større og mindre avvik i positive og negative retning, men det er nokre budsjettpostar som bør nemnast særskilt. Det er refusjon frå staten (under ordninga om tilskot til "særleg ressurskrevjande helse –og omsorgstenester") som vart 268.000 kroner høgare enn budsjettert og kjøp av sjukeheimsplassar i andre kommunar som kom på 265.000 kroner meir enn budsjettert.

I tillegg bør barnevernet nemnast. Barnevernet har nytta store ressursar i Seljord kommune i 2018, og det har vore plasserigar av born og unge både i kommunale tiltak og i statlige tiltak. Dette har vore kostbart og tenesta hadde eit meirforbruk kr 1.066.000.

Gjennom Primærhelseteam får kommunen finansiering av legekontoret gjennom driftstilskot med månedlige overføringar. I tillegg får kommunen prosjekttilskot som vart nytta til finansiering av 10 % av stillinga til kommuneoverlegen og einingsleiar ved Helseavdeling. Primærhelseteam gjev kommunen ei meirinntekt på kr 2.300.000 i heilårsdrift.

Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift

Plan

Seljord kommune starta opp med rullering av kommuneplanens arealdel. Det er vedteke ein framdriftsplan på arbeidet som syner endeleg vedtak sommaren 2020. Det blei varsla oppstart av fleire private reguleringsplanar. Det gjeld særskilt for Dyrskuområdet og Sinnesodden. Innafor samferdsel så fekk ein endra reguleringsplanen for parsell Bukti på Rv 36 frå tunnel til veg i dagen. Det blei og varsla oppstart av reguleringsplan på E 134 ved Satajuvet.

Kultur

23. januar 2018 opna Seljord bibliotek dørene til nye og tidsmessige lokale på Granvin kulturhus. Folk har tatt godt imot tilbodet, og det har ført til at både besøk og utlån har gått opp. Publikum kan nå også inngå avtale om «meirope bibliotek», dvs. tilgang til biblioteket utanom betent opningstid.

Kommunen har markert 170 års-jubileet for Viggo Ullmann (1848-1910) på Granvin kulturhus 10.november 2018. Tilskipinga var eit samarbeid med Seljord folkehøgskule der første delen av jubileet fann stad med eit «mini-seminar» om folkehøgskulen. Festkvelden på Granvin vart ein fin og interessant kveld med song, musikk, lysbilde, helsingar og taler. Venstremannen Jan Kløvstad heldt festtale. Det vart lagt ned krans ved Ullmann-støtta i sentrum, og det vart skrive artiklar om Ullmann i lokale- og regionale aviser.

Det blei delt ut over kr 550.000 i økonomisk stønad til drift og administrasjon av lag og foreiningar, til løypekøyring, til 17. mai-komitear og prosjekt i 2018. Dette er omlag kr 100.000 meir enn tidlegare år – grunna ekstratildeling av kommunestyre. Seljord seniordans, Seljord songlag og Seljord og Kviteseid leikarring fekk støtte til lokalleige på Granvin kulturhus, jamfør Lov om vaksenopplæring.

Det blei gjeve sponsorstøtte til langrennssatsinga "Team TeVe" (Thomas Øverland) og til fotballsatsing Prosjekt Vest-Telemark. Det blei gjeve støtte til Hallovenn, Zululand (Lan-party/aktivitetshelg for alle unge i Vest-Telemark i Kviteseid), Nasjonalt Landstadsenter, Lysvandring i Hanakamjuvet, Telemark messingensemble, for å nemne noko.

Saman med Sparebankstiftinga Seljord blei det delt ut kulturpris til Gunnar Gundersen og kulturstipend til Svanhild Telnes Amdal.

Kommunen gjev faste tilskot til Granvin kulturhus, Seljord kunstforeining og Seljord frivilligsentral, samt 8 servituttavtalar med brøyting og vedlikehald av P-plassar og stell av badeplassar.
Kommunen fekk nokon midlar (omlag kr 15.000,-) til den Kulturelle spaserstokken som er bruka til å stimulere til gode kulturopplevingar for eldre, dette i samarbeid med Seljord mållag og vennelaget på Nesbukti.

Handlingsplan for idrett og friluftsliv blei rullert i januar, saman med idrettsrådet, og det blei handsama 3 søknadar om spelemidlar til ordnære anlegg. Dette var Seljord idrettslag sine søknadar om midlar til å renovere klubbhuset, til renovering av treningsbanen på Eventyrøy og til garasje for løypemaskina på Raudkleiv.

Ungdomsklubben var aktiv på Granvin kulturhus, med aktiviteter og kveldsarrangement. I 2018 blei ordninga med ein fast ettermiddag starta. Klubben er bra besøkt og er eit godt tilbod til dei unge i kommunen. Symjehallen var open i perioden oktober – mars. Symjehallen fungerer greitt og er svært mykje bruka, men den trenger ein større opprusting/ investering for å ein kan vere trygg på å ha god symjehall som fungerer.

Seljord økologiske hage er støtta med kr 200.000,- for å utvikle felleshagen på jordet ved vidaregåande skule. Dei er komet godt i gang med anlegget og både store og små arbeider i hagen med grønsaker og blomar.

Næring

Bergene Holm har avvikla sin produksjon i Nordbygdi og nytter området berre som lager/ plass for omlasting av materiale i eigen regi, ved sida av utleige av område til Vest-Telemark Godsliner As og arrangement på Dyrskuplassen. Bergene-Holm har vist interesse for eit samarbeidsprosjekt for å løfte område til ein attraktiv næringspark, med nye vegar, VVS, flaumførebygging og direkte tilknyting til E134.

Århus næringspark AS er selt til eit lokalt selskap som er eigd av Sondre Øverbø og Tore Mæland. Sparebanken Din og Seljord kommune overtok før denne transaksjonen Århus næringspark sin aksjepost på 48% i Vest-Telemark Teknologipark (VTTP), så kommunen har nå fått direkte eigarskap (24%) av i VTTP. VTTP AS er nå blitt eit eigedomselskap med nær 42 mål opparbeida næringsareal på Århusmoen.

Det har vore gjennomført bedriftsbesøk med representantar frå fylkeskommunen (4) og bedriftsbesøk av ordførar og næringssjef, der rådmann også ofte deltek. Seljord Næringshage fekk utviklingstønad på 400.000,- ved sida av det faste årlege oppdraget med å bistå kommunen med å hjelpe verksemder i startfasen. Seljord kommune fekk av Telemark fylkeskommune midlar til kommunalt næringsfond/regionale utviklingsmidlar på kr 127.000,- Desse blei nytta til den årleg støtte for kontor/ fellesområdeleige og næringsutviklingsarbeid i Seljord Næringshage.

Det er av det kommunal næringsfond/ kraftfond gitt støtte til fotograf Dag Jensen sin deltaking på arkitektutstillinga i Venezia (med Sjøormtårnbilete), til gapahuk for gullgravere i Dyrlandsdalen, til vidareføring av VandreTelemark og til Dyrsku`n arrangement AS sitt forprosjekt for utvikling av Vårmarknaden, til Bjørn Lognvik for eit forprosjekt om å utvikle ein felles bookingsystem for festivalar og Dyrsku`n. Hovstø Gjæstgiveri fekk etablerertilskot på kr 25.000,-.

Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim der Seljord kommune og Hjartdal kommune er prosjekteigarar, skal saman med Telemark fylkeskommune og Statens Vegvesen utvikle og legge til rette for vegen/området mellom Gvammen og Århus slik at denne strekninga blir ei oppleving for besøkande

og syklistar. Prosjektet kan syne til mykje godt arbeid i 2018 og mellom anna er turvegprosjekt i Svartdal, Hjartdal og Flatdal ferdig prosjektert.

Prosjekt «Tilrettelegging for Vest-Telemark teknologipark» som var eit prosjekt for å støtte og sikre etablering av teknologiparken på Århusmoen blei avslutta i 2018. Det er nå konkludert at det ikkje er grunnlag for å etablere ein teknologipark på Århusmoen.

Hegna Landhandel AS og Åmotsdal Daglegvare AS fekk kommunal støtte for å delta i eit Mercur-program for butikkar i distrikta.

Natur og miljø

Utvalt kulturlandskap for Hjartdal og Svartdal har hatt stor aktivitet i 2018. Det var godt oppmøte på foto- og kulturlandskapskveld på Granvin kulturhus der Oskar Puschmann frå NIBIO viste gamle og nye bilde frå kulturlandskapet i regionen. Våren 2018 opna vi opp for første søknadsomgang. Det vart delt ut ca. kr 320.000 i tilskot til tiltak i området. Vi arrangerte vandringar i kulturlandskapet i Svartdal og Hjartdal, med godt oppmøte. Det har vore arbeidd med områdefilmen som skal vere ferdig våren 2019. Hausten 2018 vart forvaltingsplanen for området sendt på høyring med frist i januar 2019. I august deltok representantar frå administrasjonen, styret og grunneigarar på nettverksamling i Bodø.

Seljord kommune deltek både i arbeidsgruppa og styringsgruppa i Midtre Telemark vassområde som tilhøyrar Vest-Viken vassregion. Arbeidet skal sikre at vatnet i vassområdet skal få betre miljøkvalitet i åra framover og arbeidet følgjer vedteken handlingsplan.

Det vart gjeve 28 nye dispensasjonar for motorferdsel i utmark (snøscooter) etter § 5 i forskrifta i 2018. I tillegg er det gjeve 3 dispensasjonar etter § 6 i forskrifta. Det er pr. i dag 26 transportløyve/løyve til leigekøyring i kommunen (§ 5a) i forskrifta).

Flaumsikringstiltaket i Bygdaråi, ved Rui og ved Bergene Holm, vart ferdig i desember 2018. NVE gav 80 % tilskot til dette tiltaket.
Seljord kommune fekk ikkje tilskot til sikringstiltak i Grunnåi/Vallaråi. Det vert gjort sikring med eigne kommunale midlar.

I 2018 vart det felt 31 hjortar og 70 elgar i kommunen. Noko som tilsvarer ein fellingprosent på 48 for hjort og 74 for elg. Alle opplysningar og statistikkar ligg opne for alle på www.hjorteviltregisteret.no.
I 2018 vart det påkøyrt 5 elgar, 2 hjortar og 16 rådyr. Den harde vinteren i 2018 gjorde innhogg i bestanden av vilt. Det er innført forbod mot å legge ut fôr og slikkesteinar til ville hjortevilt. Det er eit tiltak for å avgrense spreiinga av CWD (Chronic Wasting Disease). Mattilsynet mottok nokre søknader og gav dispensasjonar om løyve til å fôre hjortevilt i 2018.
Seljord er ei av 100 kommunar i Noreg der det skulle takast CWD-prøve av alle vaksne felte elgar og hjortar hausten 2018. Vi arrangerte eit informasjonsmøte saman med Mattilsynet primo september med ca 90 deltakarar frå Seljord og Tokke.
Seljord kommune har hatt ny beverforskrift på høyring og innførte denne frå desember 2018. Vi engasjerte USN (Universitetet i Sør-Aust Noreg) og masterstudentar til å utføre ei enkel taksering før høyringa.

Seljord kommune ved administrasjonen deltek i eit villreinprosjekt i Brattefjell-Vindeggen der målet er å GPS-merke nokre dyr for m.a. å skaffe ny kunnskap om reinens beiteforhold med særleg fokus på bruken av barmarksbeite under skoggrensa. Merkinga vart utsett til 2019.

Administrasjonen og politikarar har delteke på seminar og regionmøte i regi av LVK (Landssamanslutninga av vassdragskommunar).

Seljord kommune fekk overlevert Skredfarekartlegging i Seljord og Vinje kommunar, rapport nr 49 i 2018. Det er Skred AS på vegne av NVE som har utført kartleggingsarbeidet.

Landbruk og skogbruk

2018 har vore prega av ekstremtørke for jordbruket i Seljord. Administrasjonen blei allereie i juni kontakta av bønder som frykta at tørka skulle fortsette, noko den og gjorde. Administrasjonen har gjort sitt ytterste for å hjelpe dei tørkeramma bøndene i Seljord og var nok av dei raskaste ut i fylket med å handsame forskotssøknader for erstatning på avlingssvikt. Seljord var og raskt ute med å ferdighandsame alle søknader medio oktober 2018.
Diverre har det tatt noko tid for Fylkesmannen i Vestfold og Telemark å fylgje opp kommunens attestering. Det er diverre enno nokon som ikkje har fått sluttutbetaling i slutten av februar 2019. I perioden 17.08 – 01.03.2019 har Fylkesmannen utbetalt 2,2 millionar kroner i forskot til 20 bønder i Seljord. Samla sett har dei 40 som søkte og som hadde mindre enn 70 % av normalavling fått utbetalt 5 943 810 kr i erstatning for avlingssvikt etter tørkesommaren 2018.

Tilskotsstatistikk:

Produksjonstilskot	13.000.000 kr.
RMP	690.000 kr.
SMIL	300.000 kr.

Alt i alt har administrasjonen attestert på utbetalingar av ca. 20 millionar statlege kroner til jordbruksnæringa i Seljord kommune for 2018.

I 2018 blei 5 landbrukssøknader om investeringstilskot innvilga av Innovasjon Norge med eit samla støttegrunnlag på over 10 millionar og løyvd tilskot på 2,8 millionar. Søknadene gjaldt nytt ammekufjøs, nytt gardsmeieri med utsal, ny innreiing hønsehus, nytt sauefjøs og nytt kalvefjøs. Kommunen har tilrådd saka om nytt ammekufjøs som deretter blei godkjent av Innovasjon Norge, mens dei andre sakane er pågåande. Grafane under syner fordelinga av midlar for Telemark dei siste åre. Seljord kommune fekk god utteljing på omlag 11% av midlane i 2018.



Administrasjonen har godkjent og utbetalt 3600 kroner i tilskot frå rentemiddelbudsjettet i 2018 til AT-Skog. Tilskotet har gått til oppsøkjande verksemd mot skogeigarar i Seljord for å få til meir skogkultur.
Seljord kommune fekk tildelt 104.531 kroner i 2018 til Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).
Dei 104 531 kronene blei fordelt slik:

	2018			2017			2016		
	Stk.	Tilskot		Stk.	Tilskot		Stk.	Tilskot	
Planter og planting	63600	99683	95 %	16310	35933	42 %	31400	30800	77 %
Mekanisk etterabeid	0	0	0 %	5	1000	1 %	10	2000	6 %
Avstandsregulering	20	4800	5 %	296	49055	57 %	0	0	0 %
Markbredning			0 %	0	0	0%	116	7200	18 %
SUM pott midlar brukt		104531	100 %		85988	100 %		40000	100 %

Kommunen gjekk tom for NMSK-midlar på haustparten, det ligg inne 3 søknader om tilskot til avstandsregulering over 64 daa som ikkje ligg inne i statistikken over.
For å få opp aktiviteten på ungskogpleie/avstandsregulering har skogbruksjefen planlagt å løyve 20.000 kroner frå rentemiddelbudsjettet til faghjelp skogkultur til AT-Skog i 2019.
I 2018 fekk 152 skogeigarar som hadde bestilt og motteke ny skogbruksplan utbetalt kr. 1.107.494 i tilskot frå staten. Noko som utgjorde 55% tilskot av kostnaden med skogbruksplanen.
Avverkingsstatistikk for Seljord kommune:

MND/ÅR	**2018**	2017	2016
SUM m ^{3}	**23337**	20454	10155

2018 har vore eit godt skogbruksår i Seljord med omsyn til hogst, men ein kunne ynskja seg meir aktivitet innan ungskogpleie.
I 2018 blei alle kommunale vegar som har betyding for skogbruk skreve opp slik at dei blir lovlege for moderne tømmerbilar. Dvs vegar som tilfredsstiller bruksklasse 10, 24 meters vogntog med maksvekt 60 tonn. Fylkesmannen i Telemark har hatt forvaltningskontroll av Seljord kommune sin handsaming av tilskott til skogkultur (NMSK). Resultatet av kontrollen var svært positiv for Seljord kommune med 0 avvik, 0 merknadar og 0 tilbakemeldingar.

Kommunalt næringsfond/ Kraftfond er konsesjonsavgift og renter. Den delen av fondet som ikkje er disponert i budsjett er fordela slik for 2018:

Generelle løyvingar kr

Fotograf Dag Jensen fotoutstilling med sjøormtårn	15 000
Hovstø Gjestgiveri, etableringsstøtte	25 000
Tilretteleggingsprosjekt VTTP	75 000
VandreTelemark 2018	25 000
Prosjekt Sykkelkart Seljord- Kviteseid	25 000
Dyrsku`n Arrangement AS, forprosjekt Vårmarknaden	25 000
Bjørn Lognvik, Utvikling av bookingsystem ved festival	15 000
Sum	**205 000**

Landbruksføremål kr 200.000

Tilskot til ombygging av driftsbygning storfe i Flatdal	90 000
Tilskot sauefjøs i Flatdal	45 000
Tilskot til ombygging av hønsehus	55 000
Nytt gardsmeieri med utsal	10 000
Sum	**200 000**

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	Rekneskap 2017	Budsjett 2018 (justert)	Rekneskap 2018	Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)
410 Plan og utvikling	893	667	651	2 %
411 Landbruk	1 870	2 145	2 696	26 %
440 Kultur og næring	13 315	8 459	11 452	35 %
Sum	**16 078**	**11 271**	**14 799**	**31 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
410 Plan og utvikling	229	169	245	45 %
411 Landbruk	569	392	1 122	186 %
440 Kultur og næring	7 026	2 286	5 095	123 %
Sum	**7 824**	**2 847**	**6 462**	**127 %**
Samandrag (kr 1.000)	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18 / B 18 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	16 078	11 271	14 799	31 %
Drifts- og finansinntekter	7 824	2 847	6 462	127 %
Netto drifts- og finansutgifter	**8 254**	**8 424**	**8 337**	**1 %**

Kommentarar til rekneskap PO 4 – Kultur, næring, natur, miljø og landbruk.

Programområde 4 gjekk med eit mindreforbruk på kr 87.000 i 2018.
Det har vore litt mindreforbruk på plan, landbruk og miljø og eit meirforbruk på næring og kultur. Det har vore bevisst å halde att midlar slik at programområde 4 skulle ende opp tilnærma lik null.

Plan, oppmåling og byggesak

Matrikkellova vart endra med lov av 20. april 2018. Det var knytt stor usikkerhet til om kommunane skulle få oppretthalde sitt kommunale monopol på arbeid etter lova, men resultatet vart at gjeldande monopolordning vart overført til ny lov. Det vart i 2018 registrert 41 nye oppmålingssaker.

Byggeløyver hamna totalt på 126 (4 ramme, 33 1-trinn, 36 u/ansvarsrett, 6 IG, 3 meldingar om ferdig tiltak som ikkje er søknadspliktige, 2 mellombels bruksløyve, 17 ferdigattestar, 4 dispensasjon frå byggesak, 11 dispensasjon frå plan, 3 bruksendringar, 2 løyver til riving av hus/hytter, 5 endringar av tidlegare gitt løyve,) 2 utsleppløyve til bustad og 14 til hytter.

Gjennomsnittleg tid til handsaming av byggesøknadar var 9 dagar. Det er oppretta ei tilsyn med ei byggesak. Tilsynet er ikkje avslutta. I klage er sendt til Fylkesmannen – nabomerknad i byggesak

Seljord Brannvesen

Seljord Brannvesen (SBV) hadde totalt 66 utrykkingar i 2018. Sommaren 2018 var ekstrem tørr og det gav store utfordringar/belastningar for utstyr og mannskap. Seljord Kommune var likevel ein av dei "heldige" kommunane som ikkje hadde større hendingar i eigen kommune denne sommaren. SBV hadde ein mindre brann i Flatdal. SBV sendte også ut mannskap som assisterte Kviteseid, Tokke og Nissedal på brannar som dei hadde.
SBV vart også kalla ut til å sløkkje ein del bål / grillar etter at det vart innført totalforbod mot bruk av open eld. Info om forbodet vart lagt ut på heimesidene til kommunen, SBV var ute og informera på campingplassar og i butikkar. I tillegg hadde ein oppslag ute i terreng på populære utfartsplassar i kommunen.

For å illustrere korleis ei helg denne sommaren var for SBV, vil ein syne til loggført oppdrag. SBV var med og assisterte Kviteseid Brannvesen på 2 brannar som hadde potensiale til å bli store, ein ved Heivatn og ein i Brunkeberg. På hendinga i Brunkeberg vart SBV ståande åleine, då Kviteseid måtte dra på andre oppdrag. SBV hadde denne dagen også mannskap i Fjågesund på ein mindre brann, samt at SBV assistera Notodden brannvesen etter lynnedslag i bustadhus i Hjartdal. Denne dagen hadde SBV også 2 brannar til, ein på Mælefjell og ein på Lifjell som ein fekk hjelp av skogbrannhelikopter til å sløkkje / få kontroll på. Dette var same helga som Countryfestivalen i Seljord vart arrangera. Mannskap frå Seljord Rødekors og Sivilforsvaret var til stor hjelp i ettersløkningsarbeidet. Den samla innsatsen frå frivillige, godt naboskap og samarbeid mellom brannvesena og mannskap frå Røde kors og Sivilforsvaret syner kor viktig det er med god beredskap i kommunen.

Kommunale vegar

Vallarbrua blei ferdig rehabilitera m.o.t. bæresystemet. Brua har blitt sandblåst, prima og måla på nytt. Under rehabiliteringa vart det utført noko meir betongarbeide under brua, og ei vurdering av opplagringa vart gjennomført i samband med rehabiliteringa. Muren som opplagringa ligg på har på sentrum sida flytta seg litt, det er usikkert når dette har skjedd. Muren er under overvaking. Nytt dekke/overbygning blir gjennomført i 2019.

Ein snørik vinter førte til store kostnadar på vintervedlikehald av kommunale vegar. Naudsynt rep/vedlikehald av vegljos, og flaumskade på Svartdalsvegen saman med store budsjettsprekkar på grunn av vintervedlikehaldet førte til mindre midlar til sommarvedlikehald. Sommarvedlikehaldet blei redusera til feiing og naudsynte tiltak. Kantslått, asfaltering og grøfting vart difor ikkje utført som planlagt. Erosjonssikringa rundt Bygdaråi bro vart ferdigstilt.

Infrastruktur på Vekan vart etablera. Dette omfattar kommunal veg, gs-veg, fortau, overvassledningar, vatn og avløp. Denne vart noko dyrare enn budsjett pga. dårlege grunnforhold. For liknande utbyggingsområder der kommunen er byggherre, bør ein unngå å ha fysisk etablering av næringsbygg, samstundes som infrastruktur vert etablera. På Vekan så blei bygginga av eit nytt næringsbygg utført samstundes som infrastruktur vart lagt ned. Dette medførte ein del tilpassingar, som tilførte prosjektet unødige kostnadar.

Gamle Seljord bibliotek vart riven. Her skal ein etablere parkeringsplass, noko som det er stor mangel på i samband med aktivitet på kommunehuset.

Vatn og avløp

Etter krav frå fylkesmannen vart det montera overvakingssystem på alle avløpspumpestasjonane. Kommunen blir no varsla dersom det oppstår feil på stasjonane. Dette gir oss betre beredskap og ein minskar risiko for uønskt hendingar som unødige utslepp.
Kommunen har no eit samla system der nyoppretta beredskapsvakt for teknisk drift får sms varsling dersom det blir driftsavbrot eller andre hendingar på anlegga våre.

7 bustadhus på Vallar vart tilknytt det kommunale avløpsanlegget. Dette er delar av det prosjektera VA-anlegget på Bjørge-Vallar, ut frå ei vurdering av dei private avløpsløysingane så vart det beslutta å framskynde tilkoplinga av dei 7 bustadhusa.
VA anlegg Bjørge-Vallar vart sendt ut på anbod i desember. Anbodsfristen er i 2019.

Kommunale bygg

Det er gjennomført eit større oppussingsarbeid på omsorgsbustad ved Heddeli (480 000,-), og ein utleigebustad i Bringsås. Desse større tiltaka blir likevel små når ein ser på kor store utfordringar kommunen har knytt til vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg, kommunale bustader og kommunale vegar. Det er stort behov for auka midlar for å kome ajour med etterslepet. I 2018 blei

dette ikkje prioritert i budsjetthandsaminga. Økonomiplanperioden syner heller ikkje auke for å få meir midlar å betre vegvedlikehaldet eller auke ressursane til teknisk eining. Dei siste åra har utfordringa også vore at det ikkje har vore ein god «turnover» på kommunale bustader. Det gir tap av inntekter til kommunen og kjem tydlege fram av regnskapstala som syner raude tal. Frå administrasjonen er det varsla om for små økonomiske rammer for å løyse oppgåvene over tid.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18/B 18 (justert)**
500 Avdelingskontor teknisk	1 343	1 348	1 360	1 %
510 Vedlikehaldsavdeling	7 433	6 775	8 179	21 %
520 Oppmåling og bygningskontroll	1 724	1 886	1 945	3 %
530 Vegar og grøntanlegg	4 623	5 440	6 652	22 %
540 Brann og feiarvesen	3 759	3 632	4 435	22 %
550 Vatn	2 592	3 404	2 998	12 %
551 Avløp	4 383	5 339	5 238	2 %
552 Renovasjon	4 144	4 411	4 294	3 %
560 Utleigebustader	1 674	1 587	1 920	21 %
Sum	**31 675**	**33 822**	**37 021**	**9 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18/B 18 (justert)**
500 Avdelingskontor teknisk	48	57	159	179 %
510 Vedlikehaldsavdeling	787	420	875	108 %
520 Oppmåling og bygningskontroll	1 119	1 262	1 480	17 %
530 Vegar og grøntanlegg	874	547	1 831	235 %
540 Brann og feiarvesen	1 293	821	989	20 %
550 Vatn	6 226	6 936	7 024	1 %
551 Avløp	5 834	7 283	7 588	4 %
552 Renovasjon	4 403	4 668	4 530	3 %
560 Utleigebustader	1 843	2 122	1 927	9 %
Sum	**22 427**	**24 116**	**26 403**	**9 %**

Samandrag	**Rekneskap 2017**	**Budsjett 2018 (justert)**	**Rekneskap 2018**	**Avvik (%) R 18/B 18 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	31 675	33 822	37 021	9 %
Drifts- og finansinntekter	22 427	24 116	26 403	9 %
Netto drifts- og finansutgifter	**9 248**	**9 706**	**10 618**	**9 %**

Kommentarar til rekneskap PO 4 Teknisk drift

Hovudårsaka til overskridingane innanfor teknisk knytt til ansvarsområdet 500, avdelingskontor 510, vedlikehald, 540, Brann og 560, utleigebustader. Utgifter til brann og redning blei mykje høgare ein venta grunna tørkesommaren og fleire uttrykningar.
Ein fekk større utgifter på naudsynt vedlikehald av bygg, der vedlikehald av omsorgsbustad ved Heddeli blei kostbar (må takast når husværa er ledige).
Straumutgifter på alle kommunale bygg blei også høgare ein budsjettera. (500).
Ein ser og at tap av inntekter grunna tomme husvære og auka straumutgifter knytt til desse gir store raude tal.

Sjølvkostområdet syner fylgjande resultat for 2018.

Gebyr	Utgifter	Inntekter	Dekning, kr	Dekning, %
Vatn	7 610 223	7 043 099	-567 124	92,5 %
Avløp	5 318 918	5 561 228	242 310	104,6 %
Renovasjon	4 569 123	4 342 042	-227 081	95,0 %
Slamtøming	1 905 095	2 030 229	125 134	106,6 %
Feiing	1 053 521	668 624	-384 897	63,5 %
Sum VARF	**20 456 880**	**19 645 222**	**-811 658**	**96,0 %**
Private planar	13 066	0	-13 066	0,0 %
Byggjesaker	1 031 431	759 422	-272 009	73,6 %
Oppmåling	765 723	665 540	-100 183	86,9 %
Sum PBL	**1 810 220**	**1 424 962**	**-385 258**	**78,7 %**

Pr. 31.12.2018 står det ingen ting på sjølvkostfond (altså at kommunen er skuldig abonnentane), men det er bokført eit framførbart underskot (altså at kommunen har til gode hjå abonnentane) på kr 3.053.652, fordelt slik på dei ulike gebyr:

Framførbart underskot	
Vatn	1 195 086
Avløp	884 424
Renovasjon	39 615
Slamtøming	567 551
Feiing	366 976
Sum	**3 053 652**

Figuren under syner sjølvkostfondet til kommunen frå 2014 til og med 2021.



Saker til handsaming i kommunestyret i 2018

Utv.nr	Sakstittel
Møte 1 – 01.02.2018	
PS 1/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 2/18	Etablering av felles NAV-kontor - 2.gangs behandling
PS 3/18	Kommunal eigendel til Aktivitetslabyrint på Eventyrøy
PS 4/18	Ny vurdering - Tomtepris Tømmeråsen felt 3
PS 5/18	Renovest IKS - Kommunal føresegn for innsamling og handsaming av husavfall og tøming av slam
PS 6/18	Fastsetting av ny selskapsavtale for Telemark kommunerevisjon IKS
PS 7/18	Tilsettingsvilkår rådmannen
Møte 2 – 08.03.2018	
PS 8/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 9/18	Etablering av felles NAV-kontor 3.gangs behandling versjon 2
PS 10/18	Ekspropriasjon av grunn og rettigheitar til gjennomføring av delar av reguleringsplan areal ved Nesbukti
PS 11/18	Høyringsvar frå Seljord kommune - Forslag til handlingprogram 2019-2022 for Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark)
PS 12/18	Eigarstrategi Vest-Telemark kraftlag
PS 13/18	Sluttrapport for utviklingsprosjekt 2017 - Seljord Næringshage AS
PS 14/18	IKA Kongsberg - Selskapsavtale 2018
PS 15/18	Frittrak frå politiske verv
PS 16/18	Vurderinga av framtidig bruk av Heddeli bu -og servicesenter
PS 17/18	Seljord kommune overordna beredskapsplan - Administrativ del
PS 18/18	Forslag til Arbeidsprogram 2018
Møte 3 – 12.04.2018	
PS 19/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 20/18	Innføring av fem dagar skule for 1.-4.klasse 2018-19
PS 21/18	Rapport om offentlege anskaffingar for Seljord kommune frå Telemark kommunerevisjon IKS
PS 22/18	Høyringssvar frå Seljord kommune på ekspertutval som har vurdera nye oppgåver fra staten til fylkeskommunane
PS 23/18	Samarbeidsavtale med Den økologiske hagen – økonomisk ramme for samarbeid med skulane og barnehagane
PS 24/18	Selskapskontroll på brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark og forvaltingsrevisjon på sjølvkost på feietenester i Seljord kommune

PS 25/18	Sak frå administrasjonsutval vedrørande ordføraren sine fullmakter til å forhandle tilsettingsvilkår med ny rådmann
Møte 4 – 24.05.2018	
PS 26/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 27/18	Justert bemanningsplan for barnehagane i Seljord kommune
PS 28/18	Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2018 per 15.05.2018
PS 29/18	Førebuing til kommunestyres strategidag 14. juni 2018
PS 30/18	Opningstider for barnehagane i Seljord kommune
PS 31/18	Vest-Telemarkrådet - Årsmelding, årsregnskap og revisjonsberetning for 2017
PS 32/18	Omgjering av vedtak kommunestyresak 10/18 – Ekspropiasjon av grunn og rettigheitar til gjnenomføring av delar av reguleringsplan for areal ved Nesbukti
PS 33/18	Søknad om fritak frå politiske verv
PS 34/18	Lokal forskrift om tilsyn med bygningar, m.m i Seljord kommune
PS 35/18	Fastsetting av dato for kommune- og fylkestingsval 2019
PS 36/18	Arbeidstilsynet - tilsyn - opprusting brannstasjonen.
PS 37/18	Årsmelding 2017 Seljord kontrollutvalg
PS 38/18	Søknad frå Granvin kulturhus AS om å slå saman kommunale lånegarantiar og utviding av garantien
Møte 5 –14.06.2018	
PS 39/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 40/18	Digital strategi for undervisningssektoren i Seljord kommune
PS 41/18	Årsregnskap for Seljord kommune 2017
PS 42/18	Årsmelding Seljord kommune 2017
PS 43/18	Endringsprosess for Seljord kommune 2018
PS 44/18	Deltaking i 110 nødalarmsentral for region Sør-Øst
PS 45/18	Innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark
PS 46/18	Digitalisering i Vest-Telemark
PS 47/18	Kjøp av Microsoft lisenser
PS 48/18	Rapportering arbeidsprogram 2018, fyrste halvår
PS 49/18	Rammeplan for Kulturskulen i Seljord kommune
PS 50/18	Rebudsjettering av investeringsprosjekt i 2018
PS 51/18	Kommunestyrets strategidag 2018
Møte 6 – 06.09.2018	
PS 52/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 53/18	Veglaget Tresland - Haugan - Kommunal veg

PS 54/18	Revisjon av overordna samarbeidsavtale mellom Sykehuset Telemark HF og kommunane i Telemark
PS 55/18	Endring av selskapsavtale - RENOVEST IKS
PS 56/18	Selskapsavtale for Sør - Øst 110 IKS
PS 57/18	Orientering om planprosess og drøfting av planprogram rullering av kommuneplanens arealdel
PS 58/18	Vurdering av utvida løyve til prosjekt Aktivitetslabyrinten på Eventyrøy
PS 59/18	Eigerstrategi Vest-Telemarkkraftlag
PS 60/18	Oppfølging av kommunestyres strategidag 140618
Møte 7 – 08.11.2018	
PS 61/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 62/18	Samarbeidet om felles NAV-kontor for Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke - § 28 vertskommuneavtale
PS 63/18	Oppfygjing av vedtak i sak 36/18 - Lokale til brannstasjon og teknisk drift
PS 64/18	Rapportering Arbeidsprogram 3. kvartal
PS 65/18	Endring i storleiken i talet på kommunerepresentantar for perioden 2019-2022
PS 66/18	Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2018 per 15.09.2018
PS 67/18	Finansforvaltning - Rapportering, kontroll og risikovurderingar
PS 68/18	Praktisering av gratisprinsippet i grunnskulen Seljord kommune
PS 69/18	Rullering kommuneplanens handlingsprogram 2019 -2022
Møte 8 – 13.12.2018	
PS 70/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS 71/18	Praktisering av gratisprinsippet i grunnskulen Seljord kommune
PS 72/18	Utbytepolitikk Sparebankstiftinga Seljord
PS 73/18	Høyring av forslag til regional klimaplan for Telemark 2019-2026
PS 74/18	Møtekalender i Seljord kommune 2019
PS 75/18	Rv. 36 Bø - Seljord. Omregulering/ mindre endring av reguleringsplan parsell Bukti
PS 76/18	Endring av politisk organisering for perioden 2019-2023
PS 77/18	Gnr. 92/bnr 47 - Forslag til avtale mellom Statens vegvesen og Seljord kommune
PS 78/18	Vidareføring av vegsatsing i Vest -Telemark
PS 79/18	Oppdatert saksframlegg - Responssenterløsning for velferdsteknologi
PS 80/18	Renovest IKS
PS 81/18	Investeringsbudsjettet 2018 - Nedbudsjetteringar, rebudsjetteringar og tilleggsløyvingar
PS 82/18	Finansforvaltning - Rapportering, kontroll og risikovurderingar
PS 83/18	Kommuneplan med handlingsprogram - Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 for Seljord kommune

Seljord kommune 2018
2018 Årsrekneskap
Totusen 2018 ogatten



Seljord kommune 2018 Årsrekneskap

Seljord kommune

Årsrekneskap

2018

Meirforbruk/Mindreforbruk

Seljord kommune som "kommunekasse", ikkje "konsern"



Meirforbruk/Mindreforbruk i 2018 er kr 2.123.635,28

Gjennomsnittleg mindreforbruk pr. år i perioden 1991-2018 er kr 1.379.000

Meirforbruk/Mindreforbruk er avviket mellom rekneskap og justert budsjett

Innhald

Revisjonsmelding for 2018	Side 3-4

Økonomisjefens 2018 årsrapport	Side 5-20

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen	Side 21
Rekneskapsskjema 1B - Driftsrekneskapen	Side 21
Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen	Side 22
Rekneskapsskjema 2B - Investeringsrekneskapen	Side 23-24
Økonomisk oversyn - Drift	Side 25
Økonomisk oversyn - Investering	Side 26
Balanserekneskapen	Side 27
Innleiande note. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar	Side 29-30
Note 1 Endring i arbeidskapital	Side 31
Note 2 Ytingar til leiande personar	Side 31
Note 3 Godtgjering til revisor	Side 31
Note 4 Pensjon	Side 32-33
Note 5 Garantiansvar	Side 34
Note 6 Fordringar og gjeld til kommunale føretak og interkommunale samarbeid, jf. kommunelova § 27 og kap. 11	Side 34
Note 7 Aksjar og andelar i varig eige	Side 34
Note 8 Avsetjing til fond og bruk av fond	Side 35
Note 9 Kapitalkonto	Side 36
Note 10 Sal av finansielle anleggsmiddel	Side 37
Note 11 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27	Side 37
Note 12 Sjølvkostområder	Side 38

Diverse diagram, tabellar og kommentarar:

Meirforbruk/Mindreforbruk (Diagram)	Første omslagsside
Netto resultatgrad (Diagram)	Side 2
Langsiktig lånegjeld pr. innbyggjar. (Diagram)	Side 28
Langsiktig lånegjeld i prosent av drifts- og finansinnt. (Diagram)	Side 28
Disposisjonsfond. Balansekonto 25650001 (Tabell)	Siste omslagsside

Netto resultatgrad

Netto driftsresultat rekna ut i prosent av sum driftsinntekter

Seljord kommune som "kommunekasse", ikkje "konsern"



I 2018 var netto resultatgrad ÷ 0,15 %

Netto driftsresultat ÷ kr 463.674,01 i prosent av sum driftsinntekter kr 310.205.370,01.

Til og med 2013 var "tommelfingerregelen" at netto driftsresultat bør vere minst **3 %** (over tid)

Frå og med 2014 har "Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi" gjort ei ny vurdering av tilrådd nivå for netto driftsresultat. Den nye vurderinga er eit tilrådd netto driftsresultat på **1,75 %**

Gjennomsnittleg resultatgrad i perioden 1991 - 2018 har vore **0,9 %**

Netto driftsresultat er driftsinntekter (inkl. ordinære rente- og avdragsinntekter) ÷ driftsutgifter (inkl. ordinære rente- og avdragsutgifter). ***Netto driftsresultat*** vert òg kalla "overskot disponibelt til eigenkapital på investeringar og avsetjingar (sparing)". Dette resultatomgrepet kan samanliknast med "Resultat før årsoppgjersdisposisjonar" i eit privat (resultatorientert) rekneskap, sjølv om det ikkje er heilt same omgrepet.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Fylkeshuset, 3706 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
Fax: 35 91 70 59
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00
Fax: 35 95 02 15

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Til
Kommunestyret i Seljord kommune

Vår ref.: 19/890/hva
Deres ref.:
Arkivkode: 828200

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Seljord kommune som viser kr 206 032 518 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 123 635. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhaldt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding ut over dei lovmessige krava i KL § 48, 5. ledd, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjeve revisjonsmelding datert 12. april 2019, som vart gitt ved utløpet av forskriftas frist for å avgje revisjonsmelding. Fullstendig årsmelding/årsrekneskap var på dette tidspunkt ikkje avgitt av kommunens administrasjon.

Bø, 7. mai 2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Ottar Kleppe
oppdragsansvarleg revisor/
registrert revisor

Hilde Vatnar
oppdragsrevisor/statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen/rådmann

ØKONOMISJEFENS 2018 ÅRSRAPPORT

Økonomisjefens årsrapport for 2018 vil i hovudsak innehalde reine ***økonomiske*** vurderingar og oppstillingar, med fokus på **avvik**, **nykjeltal** og **historiske utviklingstrekk**. Når det gjeld vurdering av drifta, måloppnåing og andre vurderingar om korleis Seljord kommune har gjort det i 2018, vert det vist til årsmeldinga.

I denne årsrapporten vert alle tal runda av til næraste heile kr 1.000.

Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk (overskot) på **kr 2.124.000** og *investeringsrekneskapen* er gjort opp i balanse.

Driftsrekneskapen - Avviksoversyn

Rekneskap samanlikna med justert budsjett

I siste budsjettkontroll (kommunestyresak 66/18, 08.11.2018 *"Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2018 per 15.09.2018*", jf. sak 57/18, 27.09.2018 i formannskap/økonomiutval, tok kommunestyret til vitande at såg ut til å bli eit meirforbruk (underskot) på kr 1 mill. Rekneskapsresultatet vart altså kr 3.124.000 betre enn budsjettrapporteringa pr. 15. september. Langt på veg skuldast dette at programområde 2 «Skule og oppvekst» vart kr 3.778.000 betre enn rapportert (frå minus kr 750.000 til pluss kr 3.028.000). Mesteparten av dette igjen (kr 2.965.000) kjem frå ansvar 205 «Avdeling frå integrering og vaksenopplæring», som har hatt både lågare utgifter og høgare inntekter enn budsjettert.

Grøne tal i kursiv med kreditteikn ("minus") framom er inntekter eller positivt resultat (overskot).
Svarte tal er utgifter. Raude tal er negativt resultat (mindreinntekt/meirutgift/underskot).

1	REKNESKAPSSKJEMA 1A	Rekneskap	Just. budsjett	Avvik
2	Skatt på inntekt og formue	*-74 391 000*	*-75 432 000*	1 041 000
3	Ordinært rammetilskot	*-108 246 000*	*-107 566 000*	*-680 000*
4	Skatt på eigedom	*-7 800 000*	*-7 801 000*	1 000
5	Andre direkte eller indirekte skattar 1)	*-6 572 000*	*-6 266 000*	*-306 000*
6	Andre generelle statstilskot 2)	*-13 803 000*	*-14 629 000*	826 000
7	**Sum frie disponible inntekter**	***-210 812 000***	***-211 694 000***	882 000
8	Renteinntekter og utbyte	*-5 357 000*	*-5 836 000*	479 000
9	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 296 000	4 674 000	*-378 000*
10	Avdrag på lån	8 428 000	8 428 000	0
11	**Netto finansinntekter/-utgifter**	**7 367 000**	**7 266 000**	101 000
12	Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0
13	Til bundne avsetjingar	4 987 000	2 442 000	2 545 000
14	Til ubundne avsetjingar	110 000	77 000	33 000
15	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	*0*	*0*	0
16	Bruk av ubundne avsetjingar	*-4 816 000*	*-4 772 000*	*-44 000*
17	Bruk av bundne avsetjingar	*-3 495 000*	*-2 287 000*	*-1 208 000*
18	**Netto avsetjingar**	***-3 214 000***	***-4 540 000***	1 326 000
19	Overført til investeringsbudsjettet	627 000	626 000	1 000
20	**Til fordeling drift**	***-206 032 000***	***-208 342 000***	2 310 000
21	**Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)**	**203 908 000**	**208 342 000**	***-4 434 000***
22	**Rekneskapsmessig *mindreforbruk (-)***	***-2 124 000***	**0**	***-2 124 000***
23	REKNESKAPSSKJEMA 1B	Rekneskap	Just. budsjett	Avvik
24	**Til fordeling (frå budsjettskjema 1A). Fordelt slik ↓**	***-206 032 000***	***-208 342 000***	2 310 000
25	PO 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter	29 281 000	30 362 000	*-1 081 000*
26	PO 2 Skule og oppvekst	74 956 000	79 032 000	*-4 076 000*
27	PO 3 Helse og omsorg	79 268 000	79 279 000	*-11 000*
28	PO 4 Kultur, næring og utvikling	10 163 000	10 294 000	*-131 000*
29	PO Teknisk	10 240 000	9 375 000	865 000
30	**Sum fordelt. Netto programområde 1-5**	**203 908 000**	**208 342 000**	***-4 434 000***

Ovanståande avviksoversyn er sett opp slik Rekneskapsskjema 1A og 1B er vedtekne i både opphavleg og justert budsjett. Desse skjema er sett opp slik dei er definert i det nye budsjettverktøyet Arena (som vart teke i bruk frå og budsjett 2017). Dette oppsettet er ikkje heilt i samsvar med Seljord kommune sitt delegasjonsreglement og innarbeidd budsjettpraksis. I gjeldane Arenaoppsett er alle finanstransaksjonane (fond og renter) ført opp i Rekneskapsskjema 1A. Etter delegasjonsreglement og innarbeidd budsjett- og rekneskapspraksis i Seljord kommune vert i stor grad bundne driftsfond disponert av programområda (Rekneskapsskjema 1B). Dette gjeld både pliktige fondsavsetjingar og bruk av avsetjingane. Det same gjeld for nokre mindre disposisjonsfond som programområda har. Det "store" disposisjonsfondet (balansekonto 25650001) er det berre kommunestyret som kan bruke (Rekneskapsskjema 1A). Det er spesielt programområde 2 og 3 som har hatt netto avsetjing til fond (og litt netto renteutgifter); PO 2 «Skule og oppvekst» kr 1.048.000 og PO 3 «Helse og omsorg» kr 432.000. **Korrigerer vi for desse finanstransaksjonane vert avviksoversynet slik (og dette oversynet gjev det rettaste biletet):**

1	REKNESKAPSSKJEMA 1A	Rekneskap	Just. budsjett	Avvik
2	Skatt på inntekt og formue	-74 391 000	-75 432 000	1 041 000
3	Ordinært rammetilskot	-108 246 000	-107 566 000	-680 000
4	Skatt på eigedom	-7 800 000	-7 801 000	1 000
5	Andre direkte eller indirekte skattar 1)	-6 572 000	-6 266 000	-306 000
6	Andre generelle statstilskot 2)	-13 803 000	-14 354 000	551 000
7	**Sum frie disponible inntekter**	**-210 812 000**	**-211 419 000**	**607 000**
8	Renteinntekter og utbyte	-5 354 000	-5 836 000	482 000
9	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 271 000	4 674 000	-403 000
10	Avdrag på lån	8 428 000	8 428 000	0
11	**Netto finansinntekter/-utgifter**	**7 345 000**	**7 266 000**	**79 000**
12	Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0
13	Til bundne avsetjingar	1 942 000	1 946 000	-4 000
14	Til ubundne avsetjingar	0	0	0
15	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	0	0	0
16	Bruk av ubundne avsetjingar	-4 672 000	-4 672 000	0
17	Bruk av bundne avsetjingar	-212 000	-212 000	0
18	**Netto avsetjingar**	**-2 942 000**	**-2 938 000**	**-4 000**
19	Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
20	**Til fordeling drift**	**-206 409 000**	**-207 091 000**	**682 000**
21	**Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)**	**204 285 000**	**207 091 000**	**-2 806 000**
22	**Rekneskapsmessig *mindreforbruk (-)***	**-2 124 000**	**0**	**-2 124 000**
23	**REKNESKAPSSKJEMA 1B**	**Rekneskap**	**Just. budsjett**	**Avvik**
24	**Til fordeling (frå budsjettskjema 1A). Fordelt slik ↓**	**-206 409 000**	**-207 091 000**	**682 000**
25	PO 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter	29 548 000	30 571 000	-1 023 000
26	PO 2 Skule og oppvekst	76 006 000	79 034 000	-3 028 000
27	PO 3 Helse og omsorg	79 777 000	79 356 000	421 000
28	PO 4 Kultur, næring og utvikling	8 336 000	8 424 000	-88 000
29	PO Teknisk	10 618 000	9 706 000	912 000
30	**Sum fordelt. Netto programområde 1-5**	**204 285 000**	**207 091 000**	**-2 806 000**

1) Konsesjonsavgifter og naturressursskatt.
2) Rente- og investeringskompensasjon og integreringstilskot (og i den ikkje-korrigerte varianten òg tilskot til etablering frå Husbanken).

Større positive avvik (samanlikna med justert budsjett) er sal av konsesjonskraft med kr 2,34 mill. og kr 1,81 mill. frå den nye finansieringsordninga i prosjektet «primærhelseteam». Større negative avvik er straum med 1,24 mill. og barnevern med kr 1,07 mill.

Investeringsrekneskapen – Avviksoversyn

Rekneskap samanlikna med justert budsjett

Investeringar i anleggsmidlar. Rekneskapsskjema 2B

Grøne tal med kreditteikn "minus" framom er mindregift. Raude tal er meirutgift.
Avrunda til næraste heile kr 1.000

Prosj	Prosjektnamn	Rekneskap	Just.budsjett	Avvik	Sluttføring
122	Elektronisk fakturabehandling (fakturaflyt)	34 000	46 000	*-12 000*	Ferdig 2018
123	Fiberkabel til skulane i sentrum	201 000	236 000	*-35 000*	2019
124	IT-lisensar (Citrix og Microsoft)	1 162 000	1 162 000	0	Ferdig 2018
127	Elektroniske reiserekningar/Reisemodul	57 000	0	57 000	Årsbudsjett 2019
233	Seljord barneskule, oppgradering av uteområde	97 000	98 000	*-1 000*	2019
240	Vent.anlegg/oppgr. av sløydsal m/målerom u-sk.	0	1 000	*-1 000*	Ferdig 2018
244	Bil flyktningtenesta (og EMF)	117 000	117 000	0	Ferdig 2018
319	Bukollektiv/Dagaktivitetssenter/Tilbygg demens.	32 202 000	33 548 000	*-1 346 000*	2019
321	Steinmoen. Omgjering leiligheit til to bu-einingar	358 000	313 000	45 000	Ferdig 2018
401	Lakshøl	1 000	0	1 000	*
421	Inventar Seljord bibliotek	521 000	522 000	*-1 000*	Ferdig 2018
424	Meirope og sjølvbetjent bibliotek	0	1 000	*-1 000*	Ferdig 2018
425	Grøntanlegg/Parkering (rive gamle bibliotektet)	360 000	500 000	*-140 000*	2019
525	Trafikktryggleikstiltak	967 000	971 000	*-4 000*	Øk.plan 2019-2022
530	Bustadområde Tømmeråsen	21 000	4 000	17 000	Salsomk. 2018
537	Bustadområde Sundbøhaugen	2 000	0	2 000	Salsomk. 2018
571	Nytt vassverk i Seljord	212 000	212 000	0	Årsbudsjett 2019
574	Avløpsanlegg på Bjørgesida	598 000	300 000	298 000	Årsbudsjett 2019
585	Århus industriområde, vatn og avlaup	9 000	9 000	0	Årsbudsjett 2019
589	Slamcontainer på Seljord renseanlegg	565 000	565 000	0	Ferdig 2018
591	Rehabilitering av Bygdaråi bru	436 000	416 000	20 000	Ferdig 2018
593	FKP-kartleggingsprosjekt	200 000	200 000	0	Årsbudsjett 2019
595	Overvakingssystem ytre anlegg (avløp)	422 000	422 000	0	Ferdig 2018
597	Ledningsnett Vekan	4 604 000	4 451 000	153 000	2019
598	Kompressor pusteluft røykdykkarar	134 000	134 000	0	Ferdig 2018
599	Båt til brannvesenet	114 000	114 000	0	2019
602	Stormoen gnr. 125/10	23 000	23 000	0	Ferdig 2018
603	Vaskemaskin brannstasjon	0	205 000	*-205 000*	2019
Sum	**Investeringar i anleggsmidlar**	**43 417 000**	**44 570 000**	***-1 153 000***	

- Prosjekt 401 «Lakshøl» varer så lenge som det er midlar på bunde investeringsfond (med tillegg av renter). Pr. 31.12.2018 er fondet på kr 53.000 og har sitt opphav i 1995 då Sundsbarm kraftverk, i anledning av 25-års jubileet sitt, gav Lakshøl v/Seljord kommune ei gåve på kr 200.000.

Investeringsrekneskapen – Finansiering

Samla finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er kr 46.638.000 (jf. "Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen"), fordelt med kr 43.417.000 i "reine" investeringsutgifter i anleggsmiddel og kr 3.221.000 i såkalla finansieringstransaksjonar (jf. skjemaet "Økonomisk oversyn – Investering").

	Sum totalt	%
Finansieringsbehov	**46 638 000**	
Ordinære lån	15 215 000	36,6 %
Startlån	650 000	1,4 %
Sum lån	**15 865 000**	**34,0 %**

Sal av aksjar, driftsmidlar og fast eigedom	1 804 000	3,9 %
Eigenkapital (ubunde invest.fond og disp.fond)	1 249 000	2,7 %
Sum "fri" eigenkapital	**3 053 000**	**6,6 %**
Tilskot og refusjonar	19 263 000	41,3 %
Mva.kompensasjon	7 777 000	16,7 %
Mottekne avdrag på utlån	679 000	1,5 %
Bundne fond	0	0,0 %
Renteinntekter (til bunde fond)	1 000	0,0 %
Sum anna finansiering	**27 720 000**	**59,4 %**
Sum finansiering	**32 083 000**	**100,0 %**

Eigenkapitalen på kr 3.053.000 er denne:

Overført frå driftsrekneskapen, frå PO 1, ansvar 112 IT	509 000
Overført frå driftsrekneskapen, frå PO 1, ansvar 190 Renter og avdrag	1 000
Overført frå driftsrekneskapen, frå PO 2, ansvar 200 Fellestenester kommunalsjef	117 000
Ubunde investeringsfond	1 248 000
Sal av aksjane i Seljord Personal AS	100 000
Sal av tilleggsareal i Sundbøhaugen (inkl. omkostningar)	58 000
Sal av tilleggsareal i Bringsås	6 000
Sal av to tomter (til ein bustad) i Tømmeråsen (Furutoppen) (inkl. omkostningar)	552 000
Sal av Stormoen i Åmotsdal (inkl. omkostningar)	462 000
Sum "fri" eigenkapital	**3 053 000**

Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk

Tal med minus (÷) framom er meirforbruk

1991	1 184 000
1992	0
1993	1 619 000
1994	45 000
1995	÷ 199 000
1996	0
1997	206 000
1998	÷ 228 000
1999	1 836 000
2000	46 000
2001	÷ 2 601 000
2002	÷ 524 000
2003	945 000
2004	175 000
2005	2 350 000
2006	3 288 000
2007	1 463 000
2008	758 000

2009	1 393 000
2010	3 281 000
2011	331 000
2012	1 963 000
2013	2 428 000
2014	4 304 000
2015	7 625 000
2016	4 812 000
2017 **1)**	0
2018	2 124 000
Gjennomsnitt	1 379 000

1) I 2017 måtte det gjerast ei såkalla "pliktig stryking" på kr 2.625.000 av budsjettert avsetjing til disposisjonsfond for å få rekneskapen i balanse.

"Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk" (årets rekneskapsmessige resultat) er avviket frå justert budsjett, derav omgrepet meirforbruk/mindreforbruk.

Netto driftsresultat

Tal med minus (÷) framom er negativt netto driftsresultat

1991	143 000
1992	÷ 1 159 000
1993	1 634 000
1994	2 509 000
1995	÷ 2 044 000
1996	435 000
1997	1 815 000
1998	÷ 984 000
1999	3 536 000
2000	6 214 000
2001	÷ 5 484 000
2002	÷ 3 065 000
2003	1 065 000
2004	÷ 17 000
2005	3 614 000
2006	3 995 000
2007	8 861 000
2008	1 824 000
2009	÷ 689 000
2010	3 028 000
2011	676 000
2012	2 914 000
2013	1 343 000
2014	6 460 000
2015	5 811 000

2016	4 509 000
2017	÷ 5 123 000
2018	÷ 464 000
Gjennomsnitt	1 477 000

Netto driftsresultat er **driftsinntekter** (inkludert ordinære rente- og avdragsinntekter) ÷ **driftsutgifter** (inkludert ordinære rente- og avdragsutgifter), dvs. eit reint **driftsomgrep**.

Dette resultatomgrepet kan samanliknast med "*Resultat før årsoppgjersdisposisjonar*" i eit privat (resultatorientert) rekneskap, sjølv om det ikkje er heilt same omgrepet. Ei privat verksemd må ha eit positivt driftsresultat for å kunne eksistere i marknaden. Dette må òg vere målet for ein kommune om han ikkje skal miste den økonomiske handlefridomen.

2018 er andre år på rad med negativt netto driftsresultat. Netto driftsresultat på ÷ kr 464.000 er dårleg, men likevel ei klår betring frå ÷ kr 5.123.000 i 2017. 2017 var det dårlegaste netto driftsresultat "i moderne tid", berre "kriseåret" 2001 var litt dårlegare (nominelt).

Eit lite historisk tilbakeblikk på dei "spesielle" rekneskapsåra 2000-2003, der 2000 var ekstraordinært godt og 2001 til 2003 tilsvarande dårlege, spesielt 2001 og 2002: Representantskapen i Vest-Telemark kraftlag vedtok 28.11.2000 å betale utbyte til eigarkommunane (som då ikkje omfatte Nissedal), for VTK sitt rekneskapsår 1999. Seljord kommune sin del (inkl. renter) var **kr 7.804.000** som i 2000 vart sett av til fire ulike disposisjonsfond. I løpet av tre år (2001-2003) var pengane brukt opp: Kr 2 mill. i utbyggingstilskot til Granvin kulturhus (2001), kr 95.000 til kulturtiltak (2001 og 2002), kr 23.000 til reguleringsplan Seljord sentrum (2001) og resten, **kr 5.686.000 til generell saldering av driftsbudsjetta** (2001, 2002 og 2003). Salderinga på kr 2.905.000 i 2003 var naudsynt for ikkje å kome på ROBEK, då 2003 var siste frist for å dekkje inn meirforbruket i 2001 på kr 2.601.000. Siste inndekningsvedtak av underskotet for 2001 vart gjort i kommunestyret 18.12.2003, slik sett kan det seiast at Seljord kommune var 19 dagar unna å kome på ROBEK! Av utbytet frå VTK skulle eigentleg kr 5 mill. brukast til næringsutvikling (disposisjonsfond til næringsutvikling).

Arbeidskapital

(korrigert for netto premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift)

	I 1000 KR	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Kasse og bankinnskot	22.575	26.411	44.492	60.133	44.519	35.188	25.063
+	Kortsiktige krav	19.136	17.492	16.342	16.086	16.938	20.996	40.168
÷	Kortsiktig gjeld	35.349	37.941	41.210	42.266	38.856	44.424	46.748
=	**KORRIGERT ARBEIDSKAPITAL**	**6.362**	**5.963**	**19.624**	**33.953**	**22.601**	**11.760**	**18.483**

Likviditet

	I 1000 KR	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Arbeidskapital (ikkje korrigert)	19.665	19.231	36.172	47.594	36.612	25.608	33.063
÷	Netto premieavvik inkl. arb.avg.	13.303	13.268	16.548	13.641	14.011	13.878	14.580
=	**KORRIGERT ARBEIDSKAPITAL**	**6.362**	**5.963**	**19.624**	**33.953**	**22.601**	**11.730**	**18.483**
÷	Bundne drifts- og investeringsfond	6.900	5.329	5.489	4.406	4.780	4.907	6.411
÷	Ubundne investeringsfond	3.719	4.569	4.164	3.477	1.702	2.617	2.015
÷	Ubrukte lånemidlar	5.601	8.598	20.014	26.362	14.403	6.792	15.927
=	**KORRIGERT LIKVIDITET**	**÷ 9.858**	**÷ 12.533**	**÷ 10.043**	**÷ 292**	**1.716**	**÷ 2.586**	**÷ 5.870**

Arbeidskapital = Omløpsmidlar ÷ Kortsiktig gjeld.
Omlaupsmidlar = Kortsiktige krav, premieavvik (aktiva) og kasse, postgiro og bankinnskot.
Kortsiktig gjeld = Anna kortsiktig gjeld og premieavvik (passiva).

I utgangspunktet er omløpsmidlane (kasse, bankinnskot og kortsiktige krav) kr 18.483.000 større enn den kortsiktige gjelda (jf. korrigert arbeidskapital). Det som er "haken" er at i denne korrigerte arbeidskapitalen ligg både bundne drift- og investeringsfond (kr 6.412.000) og ubunde investeringsfond (kr 2.015.000), i tillegg til unytta lånemidlar (kr 15.927.000). Måtte heile dette "buet" gjerast opp pr. 31.12.2018 ville det vore ein "manko" på kr 5.870.000. Den korrigerte likviditeten har forverra seg med kr 3.284.000 frå 2017 til 2018 (men betra seg med kr 6.663.000 frå 2013 til 2018).

Den korrigerte likviditeten på ÷ kr 5.870.000 kan òg setjast opp slik: Disposisjonsfond kr 10.384.000 + rekneskapsmessig mindreforbruk i 2018 kr 2.124.000 ÷ netto premieavvik kr 14.580.000 ÷ endring i rekneskapsprinsipp påverkar arbeidskapitalen (drift) kr 3.798.000 = ÷ kr 5.870.000.

Lånegjeld

	LÅNEGJELD I 1000 KR	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Lån pr. 01.01	209.554	219.270	231.237	254.720	260.779	266.722
+	Opptak av nye lån	16.433	19.463	31.214	15.030	14.964	25.000
÷	Betalte avdrag	6.717	7.496	7.731	8.971	9.021	9.447
=	Høgding av lånegjelda	9.716	11.967	23.483	6.059	5.943	15.553
=	**Lån pr. 31.12.**	**219.270**	**231.237**	**254.720**	**260.779**	**266.722**	**282.275**
	Innbyggjarar pr. 01.01	2.945	2.989	3.002	2.991	2.979	2.959
	Lånegjeld pr. innbyggjar	kr 74.455	kr 77.363	kr 84.850	kr 87.188	Kr 89.534	Kr 95.395

Som ein "kuriositet": I 1991 var lånegjelda kr 26.096.000 som utgjorde kr 8.324 pr. innbyggjar (rekna etter innbyggjartalet pr. 31.12.1989 på 3.135).

Brutto lånegjeld er kr 282.275.000, men delar av lånegjelda har òg ei inntektsside. Kr 9.159.000 er lånt ut til huskjøparar i Seljord kommune (*Startlån, inkl. unytta Startlånsmidlar*) og kr 13.633.000 gjev grunnlag for *ulike tilskot frå staten (rente- og investeringskompensasjon).* Tilskota frå staten er: Sjukeheim og omsorgsbustader (Nesbukti pleie- og omsorgssenter inkl. sju omsorgsbustader, grunnlag 31.12.2018 kr 8.003.000 og to husvære på Heddelitunet (tidlegare Gravebremsen), grunnlag 31.12.2018 kr 141.000) og div. skuleanlegg (den såkalla "skulepakka", grunnlag 01.01.2018 kr 5.489.000). **"Netto" lånegjeld** vert då kr 259.483.000 (kr 87.693 pr. innbyggjar). Ein del av låna vert òg delvis "betjent" via husleiger (jf. utleige- og omsorgsbustader). I tillegg har Seljord kommune hatt låneopptak i samband med investeringar i vatn- og avløpssektoren. I utrekninga av årsavgiftene for vatn og avløp som abonnentane betalar er det avskrivingar og kalkulatoriske renter på anleggsmidlane som vert lagt til grunn (ikkje rente- og avdragskostnadane på låna). Grunnlag for kalkylerente i sjølvkostutrekningane (vatn og avløp) for 2018 er kr 70.366.000. I Seljord kommune er brorparten av investeringane i vatn og avløp finansiert med låneopptak.

Rentevilkår. Restgjeld og nominell rente pr. 31.12.2018

Kontotekst	Beløp	Rente	Rentevilkår
Husbanken-Startlån 2003	400 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2006	462 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2008	327 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2009	640 000	2,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2010	690 000	2,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2011	720 000	2,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2012	800 000	1,413 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2013	625 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2014	1 700 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2015	1 800 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2016	1 867 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Servicebustader Seljord 1992	193 000	1,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021 1)**
Husbanken-Bustad Åmotsdal 2000/2001	407 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Bustad Moen (Ekre) 2002	396 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Bustad Storgård (Sollia) 2004	864 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Omsorgsbustader 2013	4 019 000	3,273 %	20 års fastrente 01.04.2013-**01.04.2033**
Husbanken-Heddelitunet 2014	6 816 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Bustad Gamle Gullnesv. 2017	1 671 000	1,415 %	Flytande rente
Husbanken-Bustad Brøløsvegen 2017	2 519 000	1,415 %	Flytande rente
Kommunalbanken-Samlelån 2005	12 306 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2006	8 350 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2007	14 471 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Refinans. 2008	68 495 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2009	5 612 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2010	5 555 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2011	4 154 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2012	1 425 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Refinansiering 2013	26 787 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2013	13 377 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2015	26 475 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2017	10 257 000	1,870 %	3 mnd. NIBOR + flytande margin 0,600 %
Kommunalbanken-Samlelån 2018	25 000 000	1,850 %	P.t.-rente (flytande rente)
KLP-Refinansiering/Nes nordre 2008	5 817 000	1,850 %	Flytande rente
KLP-Samlelån 2014	15 062 000	1,850 %	Flytande rente
KLP-Samlelån 2016	12 216 000	1,850 %	Flytande rente
Sum lånegjeld	**282 275 000**	**1,859 %**	**Vekta gjennomsnittsrente**

1) Lånet i Husbanken til Servicebustader Seljord (Gravebremsen/Heddelitunet) er på særvilkår (eitt prosentpoeng under normalrente).

Frå og med 20.02.2019 er p.t-renta i Kommunalbanken **1,950 %** og frå og med 23.04.2019 er ho **2,150 %.** Det lågaste p.t.-renta i Kommunalbanken har vore er 1,500 % i perioden 01.08.2017 til 03.04.2018. Frå og med 07.03.2019 er den flytande renta i KLP **1,950 %** og den flytande renta i Husbanken er frå og med 01.05.2019 **1,584 %.**

Fordeling av lånegjeld på låneinstitusjonane

Husbanken	26 916 000	9,5 %
KLP	33 095 000	11,7 %
Kommunalbanken	222 264 000	78,8 %
Sum lån	**282 275 000**	**100,0 %**

Fordeling av lånegjeld på fast og flytande rente

Fast rente	8 718 000	3,1 %
Flytande rente	273 557 000	96,9 %
Sum lån	**282 274 000**	**100,0 %**

Finansreglementet – Fast og flytande rente – Historikk

I "Finansreglement", kommunestyresak 54/10, den 28. oktober 2010, jf. kommunestyresak 66/12, den 13. desember 2012, står det i punkt 10. Rammer for risiko, a. Lånegjeld og finansieringsavtalar, fjerde kulepunkt: *"Minst 25 % og maksimum 50 % av kommunens lånegjeld skal vere til fast rente. Om fastrentedelen skal vere over 25 % (inntil 50 %) vert avgjort av rådmannen.* I det gamle Finansreglementet (frå 2003) stod det: *"For å redusere renterisikoen skal minst 20 % av kommunens innlån vere til fast rente."*

Finansreglementet – Fast og flytande rente – Gjeldande vedtak

I kommunestyresak 76/15, den 11. juni 2015 "Finansreglement – Fast og flytande rente" vart det gjort slikt vedtak: *Punkt 10 "Rammer for risiko" punkt a "Lånegjeld og finansieringsavtalar", fjerde kulepunkt i finansreglementet vert endra til:* ***Låneopptak skal gjerast med flytande rente*** *(men eksisterande fastrenteavtalar skal gå ut bindingstida si).*

Rentehistorikk

Vekta gjennomsnittsrente (nominell)

Rentetype	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018
Fast (gj.snitt)	4,22 %	3,40 %	4,23 %	3,98 %	3,99 %	3,04 %
Flytande (gj.snitt)	2,25 %	2,25 %	1,68 %	1,78 %	1,53 %	1,82 %
Gj.snitt	**2,53 %**	**2,48 %**	**1,96 %**	**1,92 %**	**1,68 %**	**1,86 %**
3 mnd NIBOR (des.)	1,66 %	1,53 %	1,14 %	1,16 %	0,83 %	1,28 %
Negativ "rentemargin"	0,87 %	0,95 %	0,82 %	0,76 %	0,85 %	0,58 %

I 2018 (desember 2018) var vekta gjennomsnittleg lånerente (nominell) 1,86 %. Referanserenta (3 mnd NIBOR) var 1,28 %. Lånerenta vår var dermed 0,58 % høgare enn 3 mnd NIBOR.

Avdrag/Minste tillatne avdrag

I kommunelova § 50 nr. 7 står det at kommunens samla lånegjeld skal avdragast med like store årlege avdrag og at «gjenstående løpetid for kommunens eller fylkeskommunens samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for kommunens eller fylkeskommunens anleggsmidler ved siste årsskifte».

Det er to ulike berekningsmåtar for å etterkome kommunelovas krav til minste tillatne avdrag; ein forenkla metode/formel og ein med vekting av kvart anleggsmiddel («reknearksmetoden»). Seljord kommune brukar reknearksmetoden, som normalt gir lågare krav til minsteavdrag enn den forenkla metoden.

I 2018 er det utgiftsført (og betalt) i driftsrekneskapen kr 8.428.000 i avdrag, noko som er i samsvar med justert budsjett. Skulle Seljord kommune brukt den andre metoden hadde minste tillatne avdrag blitt kr 11.783.000, dvs. kr 3.355.000 meir. Frå og med 2020 er det i den nye kommunelova bestemt at det berre er den forenkla metoden som kan nyttast. Denne forenkla formelen gir eit minstekrav til avdrag som samsvarar med avskrivingane (kapitalslitet) på lånefinansierte anleggsmiddel.

Likvide midlar

Kommunens likvide midlar er plassert på 19 ulike innskotskonti i Sparebanken DIN Seljord. **Pr. 31.12.2018 var innestående kr 25.050.000**. Innskotsrenta (på alle konti, unnateke ein konto, og frå første krone) er: 3 mnd NIBOR + 0,50 prosentpoeng med regulering den 1. i kvar månad. Innskotsrenta pr. 31.12.2018 (desember 2018) var **1,72 %.** Ein av bankkontiane, med innestående kr 4.676.000, hadde dårlegare vilkår; 1,50 %. Midlane på denne kontoen vart 22.03.2019 overført til kommunens ordinære foliokonto.

Pr. 31.12.2017 (desember 2017) var innskotsrenta 1,26 %. Høgdinga frå desember 2017 til desember 2018 utgjer 0,46 prosentpoeng. Gjennomsnittleg vekta lånerente vart i same periode høgda med 0,18 prosentpoeng (frå 1,68 % til 1,86 %).

I tillegg til bankinnskot har Seljord kommune kr 13.000 i kontantbeholdning fordelt på fem kasser.

Utlån

	UTLÅN I 1000 KR	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Samla utlån pr. 01.01	33.247	33.068	33.119	35.210	35.899	37.145	36.487	36.114
÷	Avdrag på utlån	341	383	250	717	562	1.041	442	740
÷	Avskriving på utlån	0	1.002	75	0	112	44	169	0
+	Opplån (av Startlån)	23	17	11	4	2	2	0	1
+	Nye utlån	139	1.419	2.405	1.402	1.918	425	238	740
=	**Samla utlån pr. 31.12**	**33.068**	**33.119**	**35.210**	**35.899**	**37.145**	**36.487**	**36.114**	**36.115**

Avdrag på utlån er kr 61.000 i avdrag på sosiallån og kr 679.000 er avdrag (og innløysing) på formidlingslån/Startlån. Nye utlån er sosiallån på kr 90.000 og Startlån kr 650.000.

Det største utlånet er eit ansvarleg lån på kr 28,5 mill. frå 2007 (avdragsfritt, med 15 års løpetid) til Vest-Telemark kraftlag AS. Formidlingslån/Startlån utgjer kr 7.437.000, sosiallån kr 175.000 og eit obligasjonsinnskot i Vest-Telemark kraftlag AS kr 3.000.

Fond

	FOND I 1000 KR	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Fond pr. 01.01	16.447	16.841	15.900	12.003	15.652	17.405	21.935	22.615
+	Avsetjing til fond	6.865	5.922	6.972	8.907	7.295	12.756	9.954	5.756
÷	Bruk av fond	6.471	6.863	10.869	5.258	5.542	8.226	9.274	9.560
=	Netto avsetjing	394	÷ 941	÷ 3.897	3.649	1.753	4.530	680	÷ 3.804
=	**Fond pr. 31.12**	**16.841**	**15.900**	**12.003**	**15.652**	**17.405**	**21.935**	**22.615**	**18.811**

Fordeling av fondskapital

FONDSTYPE	PR. 31.12.18
Disposisjonsfond	10 384 000
Bundne driftsfond	5 846 000
Ubundne investeringsfond	2 016 000
Bundne investeringsfond	565 000
SUM	**18 811 000**

Kr 8.427.000 (44,8 %) av den samla fondskapitalen kan berre nyttast til bestemte føremål (øyremerkte driftsføremål og investeringar). Den resterande delen er disposisjonsfonda på kr 10.384.000 (55,2 % av fondskapitalen).

Disposisjonsfond

Alle disposisjonsfond

Disposisjonsfond (det "eigentlege" disposisjonsfondet)	10 063 000
Næringsfond II	63 000
Disposisjonsfond (tidlegare likviditetsreserve)	60 000
Kvalitetsutvikling i barnehagen	40 000
Nynorskprisen	46 000
Seljord ungdomsskule. Dialogkonferanse	10 000
Utstyr augeblikkeleghjelp-seng Nesbukti	30 000
Førebyggjande tiltak (sals- og skjenkeavgifter)	72 000
Sum	**10 384 000**

Disposisjonsfond

Det "eigentlege" disposisjonsfondet. Balansekonto 25650001

Saldo 31.12.2017	**14 735 000**
Generell driftssaldering	2 088 000
Renovering av Vallar bru	950 000
Vintervedlikehald kommunale vegar	850 000
Digital strategi undervisning	300 000
Flaumsikring	200 000
Opplevingsvegen	150 000
Bustad rådmann	84 000
Økologisk hage	50 000
Saldo 31.12.2018	**10 063 000**

Legg vi til grunn at mindreforbruket i 2018 på kr 2.124.000 vert sett av til disposisjonsfondet, kan ein seie at disposisjonsfondet «reelt sett» var kr 12.187.000 pr. 31.12.2018.

Skatt på inntekt og formue

(inkl. naturressursskatt, men ikkje eigedomsskatt)

År	Skatt på inntekt og formue	Nominell vekst i % i høve til året før
1991	**26 427 000**	1,0 %
1992	**28 162 000**	6,6 %
1993	**29 777 000**	5,7 %
1994	**30 612 000**	2,8 %
1995	**29 954 000**	÷ 2,1 %
1996	**30 631 000**	2,3 %
1997	**32 549 000**	6,3 %
1998	**33 192 000**	2,0 %
1999	**35 731 000**	7,7 %
2000	**35 754 000**	0,1 %
2001	**40 895 000**	14,4 %
2002	**44 034 000**	7,7 %

2003	**46 560 000**	5,7 %
2004	**49 381 000**	6,1 %
2005	**49 327 000**	÷ 0,1 %
2006	**53 305 000**	8,1 %
2007	**52 739 000**	÷ 1,1 %
2008	**54 356 000**	3,1 %
2009	**60 231 000**	10,8 %
2010	**60 159 000**	÷ 0,1 %
2011	**58 375 000**	÷ 3,0 %
2012	**61 030 000**	4,5 %
2013	**62 819 000**	2,9 %
2014	**65 047 000**	3,5 %
2015	**68 192 000**	4,8 %
2016	**77 709 000**	14,0 %
2017	**76 975 000**	÷ 0,9 %
2018	**79 023 000**	2,6 %
Gjennomsnitt		4,1 %

For landet samla sett var skatteveksten frå 2017 til 2018 3,8 % og for Telemark 4,1 %. Dei andre fylka varierte frå 5,8 % (Nordland) til 0,5 % (Aust-Agder). Seljord kommune sin skattevekst på 2,6 % var nest dårlegast i Telemark; dårlegast var Notodden med 2,5 %. Størst skattevekst i Telemark hadde Fyresdal med 10,4 %.

Venta skattevekst på landsbasis frå 2017 til 2018

I statsbudsjettet for 2018 (oktober 2017)	1,3 %
Revidert nasjonalbudsjett (RNB) (mai 2018)	1,0 %
Revidert i samband med statsbudsjettet for 2019 (oktober 2018)	2,4 %
Faktisk vekst	3,8 %

NYKJELTAL

Netto resultatgrad

Netto driftsresultat viser kva som er igjen av driftsinntektene (inkl. rente- og avdragsinntekter) når dei ordinære driftsutgiftene inkludert renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat vert òg kalla "*overskot disponibelt til eigenkapital på investeringar og avsetjingar (sparing)*". **Netto resultatgrad er netto driftsresultat rekna ut i prosent av sum driftsinntekter.**

År	Seljord	Landsgj.snitt (ekskl. Oslo)
1991	0,2 %	3,6 %
1992	÷ 1,6 %	3,3 %
1993	2,2 %	3,0 %
1994	3,3 %	5,2 %

1995	÷ 2,6 %	3,1 %
1996	0,5 %	3,2 %
1997	2,0 %	5,1 %
1998	÷ 1,0 %	1,9 %
1999	3,4 %	1,9 %
2000	5,6 %	2,5 %
2001	÷ 4,7 %	1,9 %
2002	÷ 2,5 %	0,1 %
2003	0,8 %	0,7 %
2004	÷ 0,0 %	2,0 %
2005	2,5 %	3,5 %
2006	2,5 %	5,2 %
2007	5,1 %	1,9 %
2008	1,0 %	÷ 0,6 %
2009	÷ 0,3 %	2,7 %
2010	1,5 %	2,1 %
2011	0,3 %	1,8 %
2012	1,2 %	2,6 %
2013	0,5 %	2,4 %
2014	2,5 %	1,0 %
2015	2,2 %	2,7 %
2016	1,6 %	3,9 %
2017	÷ 1,7 %	3,5 %
2018	÷ 0,1 %	2,0 %
Gjennomsnitt	0,9 %	2,6 %

Fram til og med 2013 var tilrådd netto driftsresultat (netto resultatgrad) 3 %.
Frå og med 2014 har "Det tekniske beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi" tilrådd 1,75 % for primærkommunane (og 4 % for fylkeskommunane). Bakgrunnen for denne nedjusteringa er at frå og med 2014 skal all mva.kompensasjonen opptent på investeringar inntektsførast i investeringsrekneskapen og ikkje som tidlegare som "kunstig" inntekt i driftsrekneskapen.

Netto driftsresultat samanlikna med måltal	**Beløp**	**Prosent**
Sum driftsinntekter	310 205 000	
Måltal for netto driftsresultat	5 429 000	1,75 %
Netto driftsresultat i rekneskap 2018	÷ 464 000	÷ 0,15 %
For dårleg netto driftsresultat	**5 893 000**	**1,90 %**

Frå og med budsjett/handlingsprogram for 2014 har Seljord kommune hatt som økonomisk måltal (som eitt av fire økonomiske måltal) at netto driftsresultat skal vere 1,75 %. Dette er identisk med tilrådinga frå «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi». Netto driftsresultat er rekna som det viktigaste resultatomgrepet i kommunale budsjett og rekneskap, og er det som liknar mest på driftsoverskotet i private verksemder.

Eit netto driftsresultat på 1,75 % tyder at av «sum driftsinntekter» så skal ein til årlege driftsføremål (inkl. netto finansutgifter), «la vere å bruke» 1,75 %. Tener ein kr 100,00 skal

ein berre bruke kr 98,25. Kva skal så det overskytande (netto driftsresultat) brukast til? Jau, til driftsbuffer (avsetjing til disposisjonsfond) og/eller til eigenkapital til investeringar.

Netto driftsresultat for Seljord kommune som bedrift («kommunekasse») var ÷ 0,1 (÷ 0,15 %). Netto driftsresultat som «konsern», dvs. inkludert vår andel av KF og IKS som vi har eigardelar i, var 0,3 % (positivt). Ser vi på konsernresultata for kommunane i Telemark, varierte netto driftsresultat frå ÷ 0,5 % (Notodden) og ÷ 0,4 % (Nissedal) til 4,5 % (Tokke). Gjennomsnittet i Telemark var 1,4 %. For KOSTRA-gruppe 2 (som Seljord høyrer til) 1,7 % og for landet (utanom Oslo) 2,1 %.

Likviditetsgrad I

Dette nykjeltalet fortel i kor stor grad kommunen har evne til å finansiere dei kortsiktige forpliktingane sine. Dvs. ***kasse, postgiro og bankinnskot*** i høve til **kortsiktig gjeld** (ekskl. premieavvik). Likviditetsgrad I bør vere større enn 1.

Likviditetsgrad I tek ikkje omsyn til at ein del av ***kasse, postgiro og bankinnskot*** er "bunde opp" i unytta lånemidlar og bunden eigenkapital (bundne driftsfond og investeringsfond), jf. likviditetsoversyn på side 10 og 11 (arbeidskapital og likviditet).

1991	2,9
1992	1,6
1993	1,8
1994	1,8
1995	1,4
1996	2,0
1997	1,1
1998	1,1
1999	1,2
2000	1,3
2001	0,7
2002	3,0
2003	1,1
2004	0,8
2005	1,2
2006	1,3
2007	1,1
2008	1,1
2009	1,2
2010	1,1
2011	0,7
2012	0,6
2013	0,7
2014	1,1
2015	1,4
2016	1,1
2017	0,8
2018	0,5
Gj.sn.	1,3

Pr. 31.12.2018 var kasse, postgiro og bankinnskot kr 25.063.000 og kortsiktig gjeld (ekskl. premieavvik) var kr 46.748.000. Av den kortsiktige gjelda utgjorde opptente feriepengar og arbeidsgjevaravgift av opptente feriepengar kr 19.330.000 (opptent i 2018, skal utbetalast i juni 2019).

Likviditetsgrad II

Nykjeltalet reknar ut tilhøvet mellom ***sum omløpsmidlar*** (ekskl. premieavvik) og **kortsiktig gjeld** (ekskl. premieavvik). Likviditetsgrad II bør vere større enn 2 for å kunne seie at kommunen har god likviditet. Er likviditetsgrad II mindre enn 1, er kommunen insolvent.

Likviditetsgrad II tek ikkje omsyn til at ein del av ***omløpsmidlane*** er "bunde opp" i unytta lånemidlar og bunden eigenkapital (bundne driftsfond og investeringsfond), jf. likviditetsoversyn på side 10 og 11 (arbeidskapital og likviditet).

1991	4,0
1992	2,0
1993	2,3
1994	2,4
1995	1,9
1996	2,6
1997	1,6
1998	1,4
1999	1,7
2000	1,6
2001	1,2
2002	3,3
2003	1,4
2004	1,0
2005	1,6
2006	1,8
2007	1,6
2008	1,6
2009	1,6
2010	1,5
2011	1,3
2012	1,2
2013	1,2
2014	1,5
2015	1,8
2016	1,6
2017	1,3
2018	1,4
Gj.sn.	1,8

Pr. 31.12.2018 er sum omløpsmidlar (kasse, postgiro, bankinnskot og kortsiktige krav (ekskl. premieavvik) kr 65.231.000. Av omløpsmidlane utgjer dei kortsiktige krava kr 40.168.000.

Sluttord

Økonomisk sett vart 2018 «mindre dårleg» enn budsjettert. Netto driftsresultat i justert budsjett var ÷ kr 3.914.000. Resultatet vart ÷ kr 464.000, altså ei betring på kr 3.450.000. Samanlikna med målsetjinga om netto driftsresultat på 1,75 %, var netto driftsresultat i 2018 kr 5.893.000 for dårleg.

Rekneskapsmessig mindreforbruk (etter avsetjingar, bruk av avsetjingar og overføringar til investeringsrekneskapen) vart kr 2.124.000.

Legg ein til grunn at mindreforbruket vert sett av til disposisjonsfond, vart disposisjonsfondet i 2018 redusert med kr 2.548.000. Brutto lånegjeld auka kr 15,6 mill.

Seljord, 3. mai 2019

Halgeir Brekke
Økonomisjef

"Økonomisjefens 2018 årsrapport", som ein del av årsmeldinga, er datert 03.05.2019, men rekneskapen (pliktige oppstillingar, pliktige noter og hovudavstemminga i revisjonsmappa) vart avlagt/levert revisor 01.04.2019, saman med årsmeldinga.

REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNESKAPEN

Grøne tal i *kursiv* med kreditteikn ("minus") framom er inntekter eller positiv resultat.
Svarte tal er utgifter.

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
1	Skatt på inntekt og formue	*-74 391 397,60*	*-75 432 000*	*-75 002 000*	*-72 489 676,04*
2	Ordinært rammetilskot	*-108 246 384,00*	*-107 566 000*	*-107 455 000*	*-106 007 417,97*
3	Skatt på eigedom	*-7 800 467,10*	*-7 801 000*	*-7 801 000*	*-8 468 100,83*
4	Andre direkte eller indirekte skattar (Spesifisering 1)	*-6 571 758,00*	*-6 266 000*	*-6 266 000*	*-6 426 015,00*
5	Andre generelle statstilskot (Spesifisering 2)	*-13 802 735,00*	*-14 629 000*	*-14 629 000*	*-12 843 320,00*
6	**Sum frie disponible inntekter**	***-210 812 741,70***	***-211 694 000***	***-211 153 000***	***-206 234 529,84***
7	Renteinntekter og utbyte	*-5 356 830,07*	*-5 836 000*	*-5 836 000*	*-4 156 160,55*
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 296 352,23	4 674 000	4 204 000	4 640 597,23
9	Avdrag på lån	8 428 010,00	8 428 000	9 268 000	8 127 000,00
10	**Netto finansinntekter/-utgifter**	**7 367 532,16**	**7 266 000**	**7 636 000**	**8 611 436,68**
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0,00	0	0	0,00
12	Til bundne avsetjingar	4 987 263,50	2 442 000	2 441 000	2 941 182,44
13	Til ubundne avsetjingar	110 048,45	77 000	77 000	4 819 730,34
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	*0,00*	*0*	*0*	*-4 812 240,38*
15	Bruk av ubundne avsetjingar	*-4 816 189,45*	*-4 772 000*	*-6 288 000*	*-4 774 646,67*
16	Bruk av bundne avsetjingar	*-3 495 255,79*	*-2 287 000*	*-2 287 000*	*-3 296 886,98*
17	**Netto avsetjingar**	***-3 214 133,29***	***-4 540 000***	***-6 057 000***	***-5 122 861,25***
18	Overført til investeringsbudsjettet	626 824,00	626 000	0	0,00
19	**Til fordeling drift**	***-206 032 518,83***	***-208 342 000,00***	***-209 574 000,00***	***-202 745 954,41***
20	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	203 908 883,55	208 342 000,00	209 574 000,00	202 745 954,41
21	**Rekneskapsmessig *mindreforbruk (-)***	**-2 123 635,28**	**0**	**0**	**0,00**

REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFTSREKNESKAPEN

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
1	**Til fordeling (frå budsjettskjema 1A). Fordelt slik ↓**	***-206 032 518,83***	***-208 342 000***	***-209 574 000***	***-202 745 954,41***
2	**Netto driftsutgifter (netto programområde)**				
3	PO 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter	29 280 945,72	30 362 000	29 483 000	36 697 350,80
4	PO 2 Skule og oppvekst	74 956 549,26	79 032 000	79 073 000	69 388 097,34
5	PO 3 Helse og omsorg	79 268 571,63	79 279 000	80 376 000	76 556 466,49
6	PO 4 Kultur, næring og utvikling	10 163 008,18	10 294 000	12 043 000	10 210 318,00
7	PO Teknisk	10 239 808,76	9 375 000	8 599 000	9 893 721,78
8	**Sum netto programområde**	**203 908 883,55**	**208 342 000,00**	**209 574 000,00**	**202 745 954,41**

REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERINGSREKNESKAPEN

Grøne tal i *kursiv* er inntekter.
Svarte er utgifter.

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
1	Investeringar i anleggsmidlar	43 416 741,39	44 570 000	70 445 000	27 314 915,42
2	Utlån og forskoteringar	650 824,00	1 000 000	1 000 000	165 000,00
3	Kjøp av aksjar og andelar	891 789,00	892 000	818 000	777 006,00
4	Avdrag på lån	1 019 414,97	650 000	650 000	893 865,00
5	Dekning av tidlegare års udekt	0,00	0	0	739 591,47
6	Avsetjingar	659 148,71	646 000	0	2 193 044,26
7	**Årets finansieringsbehov**	**46 637 918,07**	**47 758 000**	**72 913 000**	**32 083 422,15**
8	**Finansiert slik:**				
9	Bruk av lånemidlar	*-15 865 090,18*	*-17 155 000*	*-45 413 000*	*-22 575 573,62*
10	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	*-1 177 660,00*	*-618 000*	*-316 000*	*-1 822 075,00*
11	Tilskot til investeringar	*0,00*	*0*	*0*	*0,00*
12	Mva. kompensasjon	*-7 777 035,52*	*-8 255 000*	*-9 035 000*	*-3 290 173,00*
13	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	*-19 941 485,66*	*-19 856 000*	*-17 331 000*	*-3 056 275,86*
14	Andre inntekter	*-865,11*	*0*	*0*	*-137 240,26*
15	**Sum ekstren finansiering**	***-44 762 136,47***	***-45 884 000***	***-72 095 000***	***-30 881 337,74***
16	Overført frå driftsbudsjettet	*-626 824,00*	*-626 000*	*0*	*0,00*
17	Bruk av avsetjingar	*-1 248 957,60*	*-1 248 000*	*-818 000*	*-1 202 084,41*
18	**Sum finansiering**	***-46 637 918,07***	***-47 758 000***	***-72 913 000***	***-32 083 422,15***
19	**Udisponert/Udekt**	**0,00**	**0**	**0**	**0,00**

20	Lånefinansiering av investeringar (line 9 i prosent av line 1 og 2)	36,00 %	37,65 %	63,56 %	82,15 %

REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERINGSREKNESKAPEN (side 1)

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017	Prosjekt-nr.
1	**Til invest. i anleggsmidlar (line 1 frå budsjettskjema 2A)**	**43 416 741,39**	**44 570 000,00**	**70 445 000,00**	**27 314 915,42**	
2	**Fordelt slik:**					
3	El-bil med salsopsjon	0,00	0	0	12 457,00	116
4	Agresso Milestone 5	0,00	0	0	119 960,40	121
5	Elektronisk fakturabehandling (av inngåande fakturaer)	33 550,00	46 000	0	303 796,83	122
6	Fiberkabel til skulane i sentrum	201 202,60	236 000	313 000	0,00	123
7	IT-lisensar (Citrix og Microsoft)	1 162 027,50	1 162 000	313 000	0,00	124
8	Elektroniske reiserekningar/Reisemodul	57 227,50	0	0	0,00	127
9	Seljord barneskule, oppgradering av uteområde	97 145,50	98 000	188 000	280 641,52	233
10	Flatdal barnehage, sikring av uteområde	0,00	0	0	34 065,00	237
11	Vent.anlegg/oppgr. av sløydsal m/målerom u-skulen	0,00	1 000	0	88 011,07	240
12	IT grunnskulen	0,00	0	0	121 242,50	241
13	IKT i grunnskulen	0,00	0	0	103 606,00	242
14	Skulepakke	0,00	0	1 250 000	0,00	243
15	Bil flyktningetenesta (og EMF)	117 000,00	117 000	0	0,00	244
16	Ny bil m/lift til transport av mat og tøy	0,00	0	0	575 000,00	307
17	Bukollektiv/Dagaktivitetssenter/Tilbygg demensavdeling/Garasjeanlegg	32 201 833,75	33 548 000	31 609 000	11 061 363,27	319
18	Steinmoen. Omgjering av leiligheit til to bu-einingar	357 609,88	313 000	0	0,00	321
19	Lakshøl	1 197,00	0	0	22 605,51	401
20	Turveg og oppfylling ved Nesbukti	0,00	0	3 125 000	0,00	419
21	Industriområde i Nordbygdi, avkøyring og straum	0,00	0	5 000 000	0,00	420
22	Inventar og interiørarkitekt til nytt bibliotek	520 564,96	522 000	200 000	795 427,38	421
23	Grunnerverv ved Nesbukti	0,00	0	4 368 000	76 470,00	422
24	Breiband Manndal-Langlim	0,00	0	813 000	0,00	423
25	Meirope og sjølvbetjent bibliotek	0,00	1 000	138 000	194 956,25	424
26	Grøntanlegg/Parkering (rive gamle bibliotektet)	359 965,20	500 000	625 000	0,00	425
27	Tilrettelegging næringsetablering Nordbygdi	0,00	0	900 000	0,00	426
28	Ny traktor teknisk avdeling	0,00	0	0	781 250,00	513
29	Seljord renseanlegg, transportband slamtøming/sandvaskar	0,00	0	0	505 106,42	520
30	Trafikktryggleikstiltak	967 008,75	971 000	1 000 000	163 287,50	525
31	Bustadområde Tømmeråsen teig 3. Jordmasse/grønt i 2016, annonsering i	20 707,00	4 000	0	14 057,37	530
32	Utleigebustad i Åmotsdal (salsomkostningar)	0,00	0	0	38 025,00	533
33	Bustadområde Sundbøhaugen	1 923,00	0	0	0,00	537
34	Bustaden Gamle Gullnesveg 8. Gnr. 45 bnr. 131	0,00	0	0	600,00	548
35	Bustaden Brøløsvegen 87. Gnr. 1 bnr. 33 og 42	0,00	0	0	4 055 371,00	549
36	Nytt vassverk i Seljord	212 107,75	212 000	560 000	2 157 105,95	571
37	Avlaupsanlegg på Bjørgesida og Vallar	598 397,21	300 000	8 647 000	311 935,20	574
38	Flatdal renseanlegg, oppgradering	0,00	0	0	300 874,65	575

REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERINGSREKNESKAPEN (side 2)

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017	Prosjekt-nr.
39	Århus industriområde, vatn og avlaup	8 800,00	9 000	2 166 000	2 054 960,80	585
40	Slamcontainer på Seljord renseanlegg	565 247,60	565 000	0	22 364,80	589
41	Rehabilitering av Bygdaråi bru	436 134,00	416 000	0	1 884 124,00	591
42	Ny brannpumpe, brannvesenet	0,00	0	0	187 500,00	592
43	Nytt FKB-kartleggingsprosjekt - kommunalt bidrag	200 000,00	200 000	150 000	150 000,00	593
44	Nytt hovudnett/anlegg VA Nordbygdi industriområde	0,00	0	8 500 000	0,00	594
45	Nytt overvakingssystem ytre anlegg (avløp)	422 150,95	422 000	0	173 750,00	595
46	Feiemaskin	0,00	0	0	725 000,00	596
47	Ledningsnett Vekan	4 603 462,50	4 451 000	305 000	0,00	597
48	Kompressor pusteluft røykdykkarar	134 139,44	134 000	125 000	0,00	598
49	Båt til brannvesenet	114 188,50	114 000	150 000	0,00	599
50	Stormoen gnr. 125/10	23 150,80	23 000	0	0,00	602
51	Vaskemaskin brannstasjon	0,00	205 000	0	0,00	603

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT

Svarte tal er utgifter.
Grøne tal er inntekter eller positivt resultat.
Raude tal er negativt resultat.

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
1	Brukarbetalingar	-12 872 943,74	-12 420 000	-12 433 000	-12 198 576,27
2	Andre sals- og leigeinntekter	-34 851 158,26	-32 953 000	-32 953 000	-29 866 436,88
3	Overføringar med krav til motyting **1) 2)**	-50 412 336,31	-29 361 000	-29 421 000	-44 062 476,06
4	Rammetilskot	-108 246 384,00	-107 566 000	-107 455 000	-106 007 417,97
5	Andre statlege overføringar	-13 802 735,00	-14 629 000	-14 629 000	-12 984 095,00
6	Andre overføringar	-1 256 190,00	-48 000	-48 000	-2 727 447,00
7	Inntekts- og formuesskatt	-74 391 397,60	-75 432 000	-75 002 000	-72 489 676,04
8	Eigedomsskatt	-7 800 467,10	-7 801 000	-7 801 000	-8 468 100,83
9	Andre direkte og indirekte skattar	-6 571 758,00	-6 266 000	-6 266 000	-6 426 015,00
10	**Sum driftsinntekter**	**-310 205 370,01**	**-286 476 000**	**-286 008 000**	**-295 230 241,05**
11	Lønsutgifter **1)**	166 840 370,79	160 741 000	157 325 000	160 388 866,98
12	Sosiale utgifter	38 516 677,41	38 370 000	37 500 000	37 285 027,19
13	Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod. **2)**	52 523 589,71	46 450 000	49 050 000	50 126 671,96
14	Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	24 495 530,86	21 991 000	22 141 000	21 699 961,30
15	Overføringar **2)**	21 545 385,02	16 240 000	19 080 000	22 913 840,35
16	Avskrivingar	13 080 160,63	12 325 000	12 325 000	12 322 534,37
17	Fordelte utgifter	-649 066,00	-668 000	-668 000	-739 472,00
18	**Sum driftsutgifter**	**316 352 648,42**	**295 449 000**	**296 753 000**	**303 997 430,15**
19	**Brutto driftsresultat**	**6 147 278,41**	**8 973 000**	**10 745 000**	**8 767 189,10**
20	Renteinntekter og utbyte	-5 356 830,07	-5 836 000	-5 836 000	-4 156 160,55
21	Vinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,00	0	0	0,00
22	Mottekne avdrag på utlån	-61 517,00	-50 000	-50 000	-6 000,00
23	**Sum eksterne finansinntekter**	**-5 418 347,07**	**-5 886 000**	**-5 886 000**	**-4 162 160,55**
24	Renteutgifter og låneomkostningar	4 296 352,23	4 674 000	4 204 000	4 640 597,23
25	Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,00	0	0	0,00
26	Avdrag på lån	8 428 010,00	8 428 000	9 268 000	8 127 000,00
27	Utlån	90 541,07	50 000	50 000	72 769,84
28	**Sum eksterne finansutgifter**	**12 814 903,30**	**13 152 000**	**13 522 000**	**12 840 367,07**
29	**Resultat eksterne finansieringstransaksjonar**	**7 396 556,23**	**7 266 000**	**7 636 000**	**8 678 206,52**
30	Motpost avskrivingar	-13 080 160,63	-12 325 000	-12 325 000	-12 322 534,37
31	**Netto driftsresultat**	**463 674,01**	**3 914 000**	**6 056 000**	**5 122 861,25**
32	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	0,00	0	0	-4 812 240,38
33	Bruk av disposisjonsfond	-4 816 189,45	-4 772 000	-6 288 000	-4 774 646,67
34	Bruk av bundne driftsfond	-3 495 255,79	-2 287 000	-2 287 000	-3 296 886,98
35	**Sum bruk av avsetjingar**	**-8 311 445,24**	**-7 059 000**	**-8 575 000**	**-12 883 774,03**
36	Overført til investeringsrekneskapen	626 824,00	626 000	0	0,00
37	Avsett til dekn. av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	0,00	0	0	0,00
38	Avsett til disposisjonsfond	110 048,45	77 000	77 000	4 819 730,34
39	Avsett til bundne driftsfond	4 987 263,50	2 442 000	2 442 000	2 941 182,44
40	**Sum avsetjingar**	**5 724 135,95**	**3 145 000**	**2 519 000**	**7 760 912,78**
41	**Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk**	**-2 123 635,28**	**0**	**0**	**0,00**
42	**Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter**	**-0,15 %**	**-1,37 %**	**-2,12 %**	**-1,74 %**

1) Inkludert i avviket mellom rekneskap og justert budsjett når det gjeld *"Overføringar med krav til motyting"* og *"Lønsutgifter"* ligg at **refunderte sjuke- og fødselspengar** frå NAV har auka frå kr 1.901.000,00 i justert budsjett til kr 8.866.202,00 i rekneskap, ei høgding på kr 6.965.202,00. Opphavleg budsjett var kr 1.879.000,00.

2) Inkludert i avviket ligg òg at **mva.kompensasjonen** (drift) er blitt kr 8.457.211,80. Dette er kr 2.702.211,80 høgare enn justert budsjett på kr 5.755.000,00 (her er nok budsjettet sett for lågt). Opphavleg budsjett var òg kr 5.755.000. Dette avviket kjem òg att på line 15 "Overføringar". Mva.kompensasjonen vert ført både som inntekt og utgift, og tyder slik sett ikkje noko på "botnlina".

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING

Svarte tal er utgifter.
Grøne tal er inntekter eller finansiering.

		Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
1	Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-1 077 660,00	-518 000	-316 000	-1 812 075,00
2	Andre salsinntekter	0,00	0	0	-23 270,00
3	Overføringar med krav til motyting	-19 262 714,00	-19 522 000	-16 997 000	-2 732 899,00
4	Kompensasjon for meirverdiavgift	-7 777 035,52	-8 255 000	-9 035 000	-3 290 173,00
5	Statlege overføringar	0,00	0	0	0,00
6	Andre overføringar	0,00	0	0	0,00
7	Renteinntekter og utbyte	-865,11	0	0	-1 044,26
8	**Sum inntekter**	**-28 118 274,63**	**-28 295 000**	**-26 348 000**	**-7 859 461,26**
9	Lønsutgifter	0,00	0	0	0,00
10	Sosiale utgifter	0,00	0	0	0,00
11	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunens tenesteprod.	35 062 003,21	36 315 000	61 410 000	23 956 182,11
12	Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	0,00	0	0	2 257,36
13	Overføringar	7 777 035,52	8 255 000	9 035 000	3 290 173,00
14	Renteutgifter og omkostningar	577 702,66	0	0	66 302,95
15	Fordelte utgifter	0,00	0	0	0,00
16	**Sum utgifter**	**43 416 741,39**	**44 570 000**	**70 445 000**	**27 314 915,42**
17	Avdrag på lån	1 019 414,97	650 000	650 000	893 865,00
18	Utlån	650 824,00	1 000 000	1 000 000	165 000,00
19	Kjøp av aksjar og andelar	891 789,00	892 000	818 000	777 006,00
20	Dekning av tidlegare års udekt	0,00	0	0	739 591,47
21	Avsett til ubundne investeringsfond	646 000,00	646 000	0	1 692 000,00
22	Avsett til bundne investeringsfond	13 148,71	0	0	501 044,26
23	**Sum finansieringstransaksjonar**	**3 221 176,68**	**3 188 000**	**2 468 000**	**4 768 506,73**
24	**Finansieringsbehov**	**18 519 643,44**	**19 463 000**	**46 565 000**	**24 223 960,89**
25	Bruk av lån	-15 865 090,18	-17 155 000	-45 413 000	-22 575 573,62
26	Sal av aksjar og andelar	-100 000,00	-100 000	0	-10 000,00
27	Mottekne avdrag på utlån	-678 771,66	-334 000	-334 000	-436 302,86
28	Overført frå driftsrekneskapen	-626 824,00	-626 000	0	0,00
29	Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0	0	0,00
30	Bruk av disposisjonsfond	0,00	0	0	-407 000,00
31	Bruk av bundne driftsfond	0,00	0	0	0,00
32	Bruk av ubundne investeringsfond	-1 248 000,00	-1 248 000	-818 000	-777 000,00
33	Bruk av bundne investeringsfond	-957,60	0	0	-18 084,41
34	**Sum finansiering**	**-18 519 643,44**	**-19 463 000**	**-46 565 000**	**-24 223 960,89**
35	**Udekt/Udisponert**	**0,00**	**0**	**0**	**0,00**

BALANSEREKNESKAPEN

			Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
1	**Eigendelar (A.+B.)**			**825 810 130,19**	**757 577 132,34**
2	**A.**	**Anleggsmidlar:**		**742 992 630,93**	**684 105 081,82**
3		Faste eigedomar og anlegg		315 077 329,62	293 021 635,82
4		Utstyr, maskiner og transportmidlar		12 323 789,63	10 037 041,23
5		Utlån		36 114 773,80	36 113 697,39
6		Aksjar og andelar	7	39 525 986,00	38 734 197,00
7		Pensjonsmidlar		339 950 751,88	306 198 510,38
8	**B.**	**Omløpsmidlar:**		**82 817 499,26**	**73 472 050,52**
9		Kortsiktige krav		40 167 662,14	20 966 426,38
10		Premieavvik		17 586 675,73	17 317 573,13
11		Aksjar og andelar		0,00	0,00
12		Sertifikat		0,00	0,00
13		Obligasjonar		0,00	0,00
14		Kasse, postgiro, bankinnskot		25 063 161,39	35 188 051,01
15	**Eigenkapital og gjeld (C.+D.)**			**-825 810 130,19**	**-757 577 132,34**
16	**C.**	**Eigenkapital:**		**-103 643 886,56**	**-72 262 203,32**
17		Disposisjonsfond	8	-10 384 062,91	-15 090 203,91
18		Bundne driftsfond	8	-5 846 279,54	-4 354 271,83
19		Ubundne investeringsfond	8	-2 015 392,37	-2 617 392,37
20		Bundne investeringsfond	8	-565 270,45	-553 079,34
21		Rekneskapsmessig mindreforbruk (drift)		-2 123 635,28	0,00
22		Rekneskapsmessig meirforbruk (drift)		0,00	0,00
23		Udisponert i investeringsrekneskapen		0,00	0,00
24		Udekt i investeringsrekneskapen		0,00	0,00
25		Kapitalkonto	9	-86 507 692,79	-53 445 702,65
26		Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK * (drift)		3 798 446,78	3 798 446,78
27		Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK * (inv.)		0,00	0,00
28	**D.**	**Gjeld:**		**-722 166 243,63**	**-685 314 929,02**
29		**Langsiktig gjeld:**			
30		Ihendehavarobligasjonslån		0,00	0,00
31		Pensjonsforplikting		-390 136 868,90	-370 728 975,14
32		Sertifikatlån		0,00	0,00
33		Andre lån		-282 274 716,53	-266 722 141,50
34		**Kortsiktig gjeld:**			
35		Kassekredittlån		0,00	0,00
36		Anna kortsiktig gjeld		-46 748 336,79	-44 424 435,04
37		Premieavvik		-3 006 321,41	-3 439 377,34
38	**Memoriakonti:**			**0,00**	**0,00**
39	Ubrukte lånemidlar			15 926 648,39	6 791 738,57
40	Andre memoriakonti			3 826 706,64	3 161 464,64
41	Motkonto for memoriakontiane			-19 753 355,03	-9 953 203,21

* AK = Arbeidskapital (Omløpsmidlar ÷ kortsiktig gjeld)

Langsiktig lånegjeld pr. innbyggjar. Rekneskap 2018

Henta frå SSB sin statistikkbank. Urevidierte KOSTRA-tal. "Konserntal"

Folketal pr. 01.01.2019

"Konserntal" tyder at lånegjelda til KF og IKS er med i samsvar med kvar kommune sin eigardel.



Langsiktig lånegjeld i % av drifts- og finansinntekter. Rekneskap 2018

Henta frå SSB sin statistikkbank. Urevidierte KOSTRA-tal. "Konserntal"

Drifts- og finansinntekter er "Sum driftsinntekter" og "Sum eksterne finansinntekter"

"Konserntal" tyder at lånegjelda til KF og IKS er med i samsvar med kvar kommune sin eigardel.



Brutto lånegjeld har auka "jamnt og trutt" kvart år, men ikkje like mykje som i ein del andre kommunar i Telemark. Frå å vere blant kommunane med høgast brutto lånegjeld, er Seljord no meir "midt på treet".

Det er vert å merkje seg at **97 %** (kr 274 mill.) av brutto lånegjeld (for Seljord kommune som "kommunekasse", ikkje "konsern") har **flytande rente**, og av kommunane i Vestfold og Telemark (27 kommunar), er det berre fire kommunar som har høgare "renteeksponert gjeld" (i prosent av brutto driftsinntekter på "konsernnivå") enn Seljord: Re, Nome, Drangedal og Kragerø (høgast).

Innleiande note. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunens verksemd går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapen blir ikkje gjort.

